



# ØKONOMIPLAN

## 2020-2023



# Innhold

Ansvarleg styring - tid for val .....	4
Kva er viktig framover?.....	5
Framtidsløftet - innovasjon og digitalisering.....	6
Vedtak i kommunestyret sak 103/19 – 12. desember 2019 .....	8
Samfunnsutvikling .....	11
Utviklingstrekk.....	11
Sentrumsplanar .....	13
Klima, miljø og energi.....	14
Folkehelse.....	14
Nærbø sentrum - «Sambrukshuset» .....	16
Rammevilkår.....	18
Økonomiske oversikter .....	19
Drift.....	19
Driftsbudsjett per tenesteområde – netto driftsrammer .....	22
Investering.....	23
Konsolidert budsjett.....	26
Omtale av sektorane .....	28
Sentraladministrasjonen .....	28
Opplæring og kultur .....	38
Helse- og sosialsaker .....	63
Tekniske saker og næring.....	90
Kyrkjer og andre trossamfunn.....	125
Ymse .....	126
Obligatoriske oversikter .....	132

## Vedlegg

- A: Prisar og gebyr
- B: Kommunale handlingsplanar opplæring og kultur
- C: Budsjettforslag frå kyrkja

*Framsidediletet er teken av Snorre Aske  
Alle andre bilete er teken Anne Lise Norheim:*

# Ansvarleg styring - tid for val

Hovudmålet for Hå kommune er at «Det skal være godt å bu, leve og arbeide i Hå». Rådmannen legg derfor fram eit forslag til budsjett ut frå dei politiske føringane gitt av kommunestyret i juni 2019 om at Hå fortsatt skal ha ein sunn økonomi og god økonomistyring. Kommunesektoren opplever samstundes at ramane for å kunne levere lovpålagte tenester vert trongare. Me må ta omsyn til at talet på innbyggjarar med store og samansette behov aukar. Hå kommune må jobbe på ein annan måte for å ha moglegheiter til å oppfylle krav om lovpålagte tenester i dag og tida framover til innbyggjarane. I Hå kommune har vi valt å samla alt arbeidet vi gjer med forenkling, fornying og forbetring i «Framtidsløftet». Ordet Framtidsløftet er knytt til visjonen vår «Me løfter i lag» og samlar alt vi gjer for å effektivisere drifta og vere meir fleksible. Ein viktig del av dette er digitalisering og innovasjon – om korleis nye og digitale løysingar kan gjere tenestene betre og meir tilgjengelege for innbyggjarane.

Hå kommune er ein mellomstor kommune på 258 km<sup>2</sup> med korte avstandar. Det er berre 30 km frå Sirevåg i sør til Høyland og Nærbø i nord, alt saman med godt kollektivsamband langs Jærbanen. Det er ingen fjordkryssingar, fjellovergangar eller øyar det bur folk på i Hå. Det er enkelt å komme seg fram på flate Jæren og i Hå. Nærleiken og identiteten til si bygd eller sin stasjonsby er sterk og god i Hå. Samstundes er det kostnadsdrivande å oppretthalda så mange kommunale tilbod som vi har i dag - på så mange tettstader. Rådmannen har difor i denne økonomiplanen sett på ulike geografiske strukturgrep for å få ned kostnadane utan at tilbod eller kvalitet totalt sett skal bli dårlegare for innbyggjarane. Det er viktigare enn nokon gong at Me løfter i lag.

Rådmannen føreslår å

Tenesteområde for Opplæring og kultur:

- ta omsyn til redusert tilskott til lærarnorm,
  - auka kostnad grunnskuleopplæring for vaksne
  - legge ned Urhei barnehage på Nærbø i 2020
  - flytte barn og tilsette i Askeladden barnehage frå Brusand til Nymansbråtet barnehage på Vigrestad i 2020 og ikkje bygge ny barnehage på Brusand
- Dette vart ikkje godkjent og investeringsbudsjettet er endra slik kommunestyret vedtok.**
- skyve ny skule i Stokklandsmarka ut av økonomiplanperioden
- Dette vart ikkje godkjent og planleggingsmidlar er lagt inn i 2021.**
- ikkje reetablere biblioteket på Vigrestad
- Kommunestyret vedtok:**
- I løpet 2020 vert det laga ei løysing der skulebiblioteket på Vigrestad storskule vert utvida til eit enklare folkebibliotek, med utvida boksamling og opningstider.
  - Det blei lagt til 0,3 mill. kr årleg i heile økonomiplanperioden

Tenesteområde for Helse- og sosialsaker

- auka budsjettet til Blåbærtua og styrke barnevernet, heimetenesten, legar, psykolog og lærlingar,

- bygga avlastningsbustad på Nærbø for barn og unge
- redusera kostnaden på Hå sjukeheim ved å halda 2. etasje i den gamle delen stengt frå 2020
- redusera bemanninga på Olsvoll frå 2020 og legge om bemanninga på Ognå sine heimetenester

**Kommunestyret vedtok:**

- **Det skal oppretthaldast eit godt tilbod på Olsvoll. I starten av 2020 skal det koma ei sak om Olsvoll som skisserer vidare bruk. Der skal styrking av dagtilbodet drøftast, kvaliteten sikrast og organisering av heimetenestane sør skisserast. Vidare drift og utbygging i løpet av denne økonomiplanen må òg vera med. Praksis i kommunen skal vera at bebuarar som treng sjukeheims plass skal vera på sjukeheim.**
- **Det blei lagt til 3 mill. kr årleg i heile økonomiplanperioden**
- legge ned Helsestasjonen for ungdom på Vigrestad

**Kommunestyret vedtok:**

**Utval for helse- og sosialsaker må få ei vurdering av helsetilbodet for ungdom på Vigrestad, lokalisering, tilknytning til helsesjukepleiartenesta, bemanning m.v. før det vert aktuelt å leggja ned denne tenesta.**

Tenesteområde for Tekniske saker og næring

- prioritera klimatiltak gjennom flomsikring, legging av nye vassleidningar og sanering av eldre avløpsanlegg, skyve på og/eller utsette vegprosjekt.
- auka budsjetta til vintervedlikehald og feiing
- følgje opp framdriftsplanen for Sambrukshuset på Nærbø sentrum
- følgje opp satsinga på planarbeid og sentrumsutvikling

## Kva er viktig framover?

Veksten i folketalet var positiv i 2018, og viser ein auke på 0,6 % per 2. kvartal i 2019. Arbeidsløysa er låg, men salet av bustadtomter har enno ikkje tatt seg opp. Skatteinngangen i 2019 har vore om lag som forventa og ut frå statsbudsjettet ser vi, som i tidlegare år, at auken i dei frie inntektene (skatt og rammetilskot) ikkje samsvarer med auka krav til tenesteproduksjon og forventingar frå myndigheiter og innbyggjarar.

Investeringsnivået i planperioden er om lag som i førre økonomiplan. Det er gjort ei streng prioritering for å halda totale investeringar på eit forsvarleg nivå.

Arbeidet med økonomiplanen for 2020-2023 har vore ekstra krevjande på grunn av dei auka behova samstundes som me hadde eit gap (mellom forventa inntekter og utgifter) på 16 mill. kr å dekke inn i 2020. Vi klarte å dekke gapet på 35 mill. kr i 2019 ved konkrete tiltak. Rådmannen meiner det er den rette måten å gjere det på og no er tida komen for strukturelle grep.

Måлтаlet i kommuneplanen er at netto driftsresultat skal vere minst 1,5 prosent av driftsinntektene. I forhold til opphavleg budsjett for 2019 aukar driftsinntektene med 3 prosent til 1 486 mill. kr i løpande kroner. Driftskostnadane aukar med 3,3 prosent er budsjettert til 1 492 mill. kr. Netto finanskostnadar og avskrivningar aukar og budsjettert netto

driftsresultat er på 15,5 mill. kr. Dette er 1,04 prosent av driftsinntektene. Overføring til investering er budsjettet til 21,7 mill. kr i 2020 og 21,4 mill. kr i perioden 2021-2023 og blir redusert frå 2,5 til 2,1 prosent av dei frie inntektene (skatt og rammetilskott). **Dette er oppdatert etter kommunestyret sitt vedtak.**

I økonomiplanperioden 2020 – 2023 er det lagt inn 757 mill. kr i løyvingar på igangsette og nye investeringar, mot 699 mill. kr i økonomiplanperioden 2019 – 2022. Dei store endringane i investeringane er større tilbygg på Varhaug skule, ny avlastningsbustad for barn og ungdom på Nærbø, renovering av Hybelhuset og store investeringar i flomsikring. Detaljregulering og planlegging tar meir tid enn venta slik at midlar til sjølve bygginga av sambrukshuset i Nærbø sentrum blir skjøve ut i tid.

Dei budsjetterte inntektene frå sal av tomter til bustadbygging er redusert også i 2020. Rådmannen rår til at nivået på lånegjeld ikkje skal auke meir enn rekna i økonomiplanen for 2019-2022, og det høgste nivået på lånegjeld per innbyggjar ser vi i 2021 på 65 210 kr per innbyggjar. Rådmannen føreslår også å nytte delar av overskott frå tidlegare år som vart sett på disposisjonsfond, til investeringar.

Det er knytt utryggleik til fleire av postane i budsjettet, spesielt når det gjeld skatteinntekter, stønadar/refusjonar og tomtosal. Det er derfor viktig å ha eit robust budsjett, ha kontroll på prosjektframdrift og lånefinansiering og halde ein del midlar på fond som i dag. Det er viktig at vi vurderer heile drifta i organisasjonen og gjer prioriteringar som gir handlingsrom framover. God økonomistyring, effektiv drift og høg gjennomføringsevne må til for å utvide det økonomiske handlingsrommet.

## *Framtidsløftet - innovasjon og digitalisering*

Framtidsløftet er den strategiske satsinga for å bli betre rusta til å møte utfordringane i framtida. For å koma dit, er innovasjon og digitalisering to nøkkelord.

Innovasjon er å fornya eller laga noko nytt som skaper verdi for verksemd, samfunn eller innbyggjarar. Forma er eksperimenterande, og løysinga er ikkje kjend på førehand.

Hå kommune har lange tradisjonar for innovasjon og er full av menneske med ein eigen teft for entreprenørskap og gründerverksemd. Steinbukken kom til Jæren i 1835, og vart eit viktig innovasjonsverktøy. Han rydda det steinete jærlandskapet, skapte arbeidsplassar og var starten på eit industrieventyr. I dag er Steinbukken det stolte symbolet i kommunevåpenet, og inspirasjon til visjonen Me løfter i lag. Det er eit privilegium å få vera ein del av denne historia. Hå kommune har mange tilsette som ber med seg denne teften for å finna nye, gode løysingar - teften for innovasjon. Steinbukken er bygd for to. Det same gjeld for innovasjonsarbeidet i Hå. Me kjem lengst om me gjer dette saman.

Hausten 2019 vart kommunikasjons- og innovasjonsavdelinga etablert. Avdelinga er, og vil vera, pådrivar for forenkling, fornying og forbetring i heile organisasjonen, og samarbeider tett med digitaliseringssjefen. Avdelinga jobbar aktivt på tvers av tenestoområde for å finna nye, innovative og digitale løysingar til gode for innbyggjarane.

### *Minuttjakta*

Minuttjakta er eit døme på prosjekt som kan oppmuntra organisasjonen til forenkling og forbetring. Det går ut på å stadig stilla spørsmålet «kvifor gjer me det slik?», og samstundes leita etter minutta med rutinearbeid som kanskje kan digitaliserast vekk. «Eitt minutt her, eitt minutt der». Plutseleg vert det frigjort tid som kan brukast til meir verdiskaping og betre kvalitet i tenestene til innbyggjarane.

**Kommunestyret vedtok å legge inn effekt av Framtidsløftet med innsparing på 1,5 mill. kr kvart år.**

# Vedtak i kommunestyret sak 103/19

## – 12. desember 2019

### KS- 103/19 Vedtak:

1. Forslag til økonomiplan 2020 - 2023 jf. «Rådmannen sitt forslag til økonomiplan 2020-2023», blir godkjent med disse merknadene:

FORESLÅTTE ENDRINGAR KrF,Sp,H				
DRIFT	2020	2021	2022	2023
Hå sjukeheim, full effekt i 2020	-600			
Olsvoll	3 000	3 000	3 000	3 000
Barnehagar	700	700	700	700
Skuleskyss Stokkalandsmarka	500	500	500	500
Bibliotek Vigrestad tiltak	300	300	300	300
Garderobeleige Nærbø ungdomsskule		-250	-250	-250
Stiling kart og oppmåling	-350	-350	-350	-350
Framtidsløftet	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500
Formannskapetets disp-konto	-200	-200	-200	-200
Støtte reiselivsorganisasjon		250	250	150
<b>AUKA UTGIFTER</b>	<b>1 850</b>	<b>2 450</b>	<b>2 450</b>	<b>2 350</b>
<b>REDUSERTE UTGIFTER/AUKA INNTEKTER</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
<b>DRIFT SUM</b>	<b>1 850</b>	<b>2 450</b>	<b>2 450</b>	<b>2 350</b>
Sum endringer drift (pluss er økning i kostnad)	1 850	2 450	2 450	2 350

INVESTERING ENDRINGAR	2020	2021	2022	2023	sum i perioden
Barnehage Brusand	10 000	21 000	11 000		42 000
Stokkalandsmarka skule planlegging		2 000			2 000
Garderobar symjehall	500				500
Rehab Nymannsbråtet	-1 100				-1 100
Sprinking Lennessløa	300				300
Trafikksikring Torland-Haugland	-500	-500	-5 000	-5 000	-11 000
Veg Austmarka			11 500		11 500
Servicebygg Sirevåg mellombels løysing i 2020	700				700
Flomsikring Bratlandsåna skyves ut i tid (T406)			-5 000		-5 000
Drenering Varhaug gravplass framskyndes mindre overført fra drift	1 000	-375	-625		-
	<b>2 300</b>	<b>2 600</b>	<b>2 600</b>	<b>2 600</b>	<b>10 100</b>
					-
<b>SUM</b>	<b>13 200</b>	<b>24 725</b>	<b>14 475</b>	<b>-2 400</b>	<b>50 000</b>
MVA	-2 640	-4 945	-2 895	480	-10 000
<b>Netto - låneendring (minus er reduksjon)</b>	<b>10 560</b>	<b>19 780</b>	<b>11 580</b>	<b>-1 920</b>	<b>40 000</b>
totalt renter & avdrag (pluss er økning)	485	1 595	3 162	2 559	7 801
Samla endring driftsresultat i KNOK	2 335	4 045	5 612	4 909	
Netto driftsresultat i % av driftsinntektene					
alternativt forslag	1,04 %	1,18 %	1,21 %	1,16 %	
Rådmannens forslag	1,19 %	1,35 %	1,39 %	1,33 %	
Omstillingsbehov		-1 450	-3 000	-2 300	



Følgande tekstforslag blei vedtatt:

- Olsvoll Det skal oppretthaldast eit godt tilbod på Olsvoll. I starten av 2020 skal det koma ei sak om Olsvoll som skisserer vidare bruk. Der skal styrking av dagtilbodet drøftast, kvaliteten sikrast og organisering av heimetenestane sør skisserast. Vidare drift og utbygging i løpet av denne økonomiplanen må òg vera med. Praksis i kommunen skal vera at bebuarar som treng sjukeheimplass skal vera på sjukeheim.
- Bibliotek I løpet 2020 vert det laga ei løysing der skulebiblioteket på Vigrestad storskule vert utvida til eit enklare folkebibliotek, med utvida boksamling og opningstider.
- Skuleskyss Stokkalandsmarka Tidspunkt for ny skule vert avklart på bakgrunn av ny skulebruksplan hausten 2020. Første halvår 2020 vert det i påvente av ny skule utgreia ei skyssordning for skuleborna i Stokkalandsmarka frå 1. - 4. klassetrinn.
- Kommunal kontantstøtte Den kommunale kontantstøtte vert regulert i henhold til konsumprisindeks.
- Sal kommunale bustadar Det må vurderast om det skal seljast fleire av dei eldre kommunale bustadane.
- Helsestasjon for ungdom Vigrestad Utval for helse- og sossialsaker må få ei vurdering av helsetilbodet for ungdom på Vigrestad, lokalisering, tilknytning til helsesjukepleiartenesta, bemanning m.v. før det vert aktuelt å leggja ned denne tenesta.
- Det vert teke kontakt med Time kommune med tanke på å få realisert gang og sykkelveg med lys på strekningen Torland Haugland til Hognestad.
- Kommunestyret vil at det skal vere heiltidskultur innan alle tenesteområde. Det skal arbeidast strategisk mot at heile stillingar skal vere det normale.

Heiltidskultur skal derfor ha ein sentral plass i arbeidsgivarstrategien til Hå kommune.

- Matsvinn - Det er eit problem for klima og miljø at over 1/3 av maten som blir produsert, blir kasta. Matkommunen Hå bør ta føring for å redusere matsvinn. Kommunestyret ynskjer at rådmannen kjem med ei sak som tek initiativ på ulike område; som haldingsskapande arbeid, reduksjon av matsvinn internt, gå i diaolog med landbruksorganisasjonar, næringsmiddelindustri og matvarebransjen. Dette blir inkludert i klima- og energiplanen.
- Vi ønsker sak vedrørende trygghetsalarmer. Kommunen har et ønske om å holde folk hjemme så lenge som mulig i fremtiden. Trygghet er viktig, det er et grunnleggende behov, men ikke alle har god råd og utsetter kanskje å få installert en slik alarm. Vi foreslår derfor at vi får en utredning med kostnad på offentlig dekking av installasjon av trygghetsalarmer for de med behov.
- Nærbø svømmehall trenger vedlikehold og reovering. Ønsker en sak i 2020 til utvalgene og kommunestyret som belyser dette mer detaljert.

2. Økonomiplanen skal visa korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgast opp. Økonomiplanen og årsbudsjettet skal visa kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei måla og premissane som økonomiplanene og årsbudsjettet bygger på. Jf. § 14 i kommunelova.
3. Forslag til årsbudsjett 2020, drift- og investeringsbudsjett, jf. «Rådmannen sitt forslag til økonomiplan 2020-2023», blir godkjent med dei merknadene som følger av punkt 1.
4. I samsvar med kommunelova § 14-5 er det vedtekne årsbudsjettet for 2020 bindande for kommuneforvaltninga. Utval, styrer, råd og administrasjon må bruka løyvingane i budsjettet i samsvar med kommunestyret sine intensjonar og vedtak, jf. kommunen sitt reglement for delegasjon med omsyn til budsjett. Rådmannen kan gjera nødvendige tekniske justeringar i budsjettet.
5. Kommunen nyttar til ein kvar tid den maksimalsatsen for inntektsskatteøyren som staten fastsett for kommunane, likeeins andre maksimalsatsar fastsett for kommunale tenester.
6. Avgifter, gebyr, prisar og tilskott 2020 blir fastsett som omtalt i vedlegg A «Prisar og gebyr» .
7. Opptak av lån til investeringar på i alt 128,544 mill. kroner til investeringar i 2020, (som endra i pkt 1) kr jf. Investeringsbudsjettet, blir godkjent. Rådmannen får fullmakt til å godkjenne långevarar, fastsetja tidspunkt for opptak av låna og godkjenne rente- og avdragsvilkår innanfor ei maksimal avdragstid på 25 år. Rådmannen får vidare fullmakt til å ta opp lån til vidare utlån (Start-lån) i Husbanken innanfor ei ramme på 5,0 mill kr.
8. For vedtekne investeringsprosjekt som ikkje er fullførte pr. 31.12.2020 kan unytta løyvingar bli overførte til 2021 (innanfor dei krava føresegnene set for slike overføringar). Rådmannen får derfor fullmakt til å setja av til fond eventuelle ubrukte driftsmidlar til investeringsprosjekt pr. 31.12.2020.
9. Revidert handlingsprogram for kommunedelplan for anlegg og områder for idrett og friluftsliv og Trafikktryggleiksplanen blir godkjent, jf. «Rådmannen sitt forslag til økonomiplan 2020-2023» og vedlegg B, «Kommunal handlingsplan for opplæring og kultur».

# Samfunnsutvikling

## Utviklingstrekk

### Folkemengd og befolkningsendringar

Folketalet i Hå nådde 18 814 ved årsskiftet 2018-2019 etter ein oppgang i 2018 på 52 personar. Dette svara til ein svak positiv vekst på 0,3 prosent.

Fram til 2015 opplevde Hå ei svært høg folkevekst, og kommunen runda 18 000 innbyggjarar i 2013. Frå 1. januar 2011 til 31. desember 2014 auka folketalet med 1 706 personar.

Folkeauken svara til om lag 2,4 prosent eller gjennomsnittleg 427 personar i året.

Hovudårsaka til den sterke veksten var stor innvandring frå utlandet, innanlands innflytting og høgt fødselsoverskot.

Veksten dei siste to åra har vore vesentleg lågare. Den låge veksten skuldast hovudsakleg negativ eller låg nettoinnflytting. Sjølv om 2017 viste negative tal, viser utviklinga i 2018 og hittil i år (andre kvartal 2019) ein svak positiv vekst.

### Folkemengd og befolkningsendringar


	2014	2015	2016	2017	2018	2019 (K2)
Folketalet 1. januar	18 115	18 528	18 591	18 800	18 762	18 814
Fødde	286	261	281	280	228	130
Døde	112	98	98	108	110	51
Fødselsoverskot	174	163	183	172	118	79
Innvandring	294	225	365	208	156	60
Utvandring	87	112	173	127	123	32
Innflytting, innanlandsk	781	661	568	540	523	252
Utflytting, innanlandsk	750	869	740	827	624	252
Nettoinnflytting inkl. inn- og utvandring	238	-95	20	-206	-68	28
Folkevekst	413	63	209	-38	52	107
Folketalet ved utgangen av kvartalet	18 528	18 591	18 800	18 762	18 814	18 921
Folkevekst i %	2,3	0,3	1,1	-0,2	0,3	0,6

### Framskriving av folketal

Når vi skal framskriva utviklinga i folketal, bruker vi ein modell for framskriving. Til framskrivingane treng vi ulike føresetnadar om fire demografiske komponentar: framtidig fruktbarheit, dødelegheit, innanlandske flyttingar og inn- og utvandring. Kommunen bruker Statistisk sentralbyrå (SSB) sine framskrivingar for kommunen som heilskap, og KOMPAS modellen for å fordela folke- og barnetall på de ulike kretsane.

Vekst i folketal har vore høgt sidan 2008, men veksten har i dei siste åra vore vesentleg lågare enn dei føregåande åra. Det er sannsynleg at framskrivingane ikkje heilt og fullt fangar den faktiske utviklinga framover, og i så måte er tala usikre. Utryggleiken aukar jo lengre fram i tid vi ser og jo mindre grupper vi framskriver. Noko av utryggleiken er illustrert her ved ei alternativ framskriving (og referanse til tidligare framskrivingar), der me brukar andre føresetnader.

### Framskrivingar av folkemengd (Hå kommune) pr. 31.12.



Desse tre framskrivingane illustrerer tre moglege alternativ for vekst. Saman illustrerer dei ei øvre og nedre grense for venta vekst. Me søkjer å finna utbyggingsløysingar som er robuste, og kan bidra til fleksibilitet og med muligheit for endringar i takt med utviklinga i folketal.

### Målstyrt hovudalternativ (MMMM)

Kommuneplanen 2014-2028 legg opp til ei befolkningsutvikling som tar utgangspunkt i SSB sitt hovudalternativ (MMMM) for framskriving av folkemengd på kommunenivå.

Hovudalternativet, kalla MMMM, legg til grunn middels fruktbarheit, middels levealder, middels innanlandsk mobilitet og middels innvandring.

SSB oppdaterer og omstrukturerer framskrivingane sine anna kvart år. Hovudalternativet (MMMM) som ligg til grunn for kommuneplanen, er SSB-framskrivinga frå 2012. I hovudalternativet (MMMM) frå slutten av juni 2018, har SSB lagt til grunn ei lågare befolkningsvekst enn tidlegare framskrivingar frå 2012, 2014 og 2016. Neste framskriving vil føreligga i slutten av juni 2020.

Framskrivinga viser no at folketalet er venta å auke frå 18 762 1. januar 2018 til 20 755 31. desember 2028. Det tilsvarar ein folkevekst på 1 993 innbyggjarar. Folkeveksten tilsvarar ein gjennomsnittleg vekst på ca. 0,9 prosent eller 181 personar i året. Framskrivninga bygger

på ein føresetnad om at folkeveksten blir geografisk fordelt ut frå kommuneplanen sitt bustadbyggeprogram på 166 bustader i året. Den årlege veksten er venta å auke frå 0,7 prosent frå 2019 til 2020 til 1,2 prosent frå 2022 til 2021.

### Framskriving i aldersgrupper (MMMM 2018)

Dei fleste aldersgruppene vil ha moderat vekst. Det vil samla sett være ein nedgang i gruppene som treng barnehagetilbod, mens det vil vere ein auke i gruppa som treng skuletilbod. Dei gruppene som inneheld flest yrkesaktive (20-66 år), vil auka noko. Den største auka er i aldersgruppene 67-89 år.

#### *Framskriving av folkemengd i aldersgrupper*

31.des	2018	2019	2020	2021	2022	2023	Endring
0 år	232	257	253	251	251	252	20
1-2 år	567	545	521	515	513	512	-55
3-5 år	824	840	832	827	815	796	-28
6-12 år	2 073	2 085	2 081	2 056	2 038	2 035	-38
13-15 år	784	785	807	857	901	904	120
16-19 år	994	1 009	1 020	1 017	1 033	1 073	79
20-44 år	6 379	6 341	6 371	6 395	6 421	6 462	83
45-66 år	4 707	4 706	4 706	4 754	4 824	4 886	179
67-79 år	1 641	1 720	1 813	1 881	1 935	1 981	340
80-89 år	497	531	546	561	600	656	159
90+ år	116	113	119	118	116	117	1
<b>Sum</b>	<b>18 814</b>	<b>18 931</b>	<b>19 070</b>	<b>19 233</b>	<b>19 446</b>	<b>19 674</b>	<b>860</b>

## Sentrumsplanar

### Kommunedelplan for Nærbø sentrum

Kommunedelplanen for Nærbø sentrum vart vedtatt i kommunestyret 15. november 2018 i sak [KS-sak 077/18](#). Plan 1190; Detaljregulering av sambrukshus, bustader og torg, Nærbø sentrum vart varsla 04.10.19. Ut frå framdriftsplanen er det eit mål å få fram reguleringsplanen til endelig vedtak i kommunestyret i juni 2020.

### Kommunedelplan for Varhaug sentrum

Planprogram for kommunedelplan for Varhaug sentrum vart fastsett hausten 2017. Vi tek sikte på å legge fram planforslaget til første gangs behandling sommaren 2020.

### Kommunedelplan for Vigrestad sentrum

Vi tek sikte på å starte planprosessen i løpet av 2021.

# Klima, miljø og energi

Klima- og energiplanen er under utarbeiding og vert utført av kommunen sine egne fagfolk for å gi kompetanse og forankring av planen. Planarbeidet vil resultera i at konkrete tiltak vert føreslått i planen sin handlingsdel.

Planprogrammet er lagt opp med sikte på å dekke krava i den statlege planretningslina om å formulere framtidretta og ambisiøse mål for utsleppsreduksjon. Det går fram av planprogrammet at mål om utsleppsreduksjon vil bli formulert under omsyn til at Hå kommune er ein av landets største landbruk- og husdyrkommunar. Ein viktig føresetnad for planarbeidet er eit tett samarbeid med både næringsliv og landbruksorganisasjonane.

## Nullutsleppskjøretøy

Kommunen bør vere eit godt eksempel og bidra aktivt til å nå politiske mål. Nasjonal transportplan 2018 legg til grunn at nye person- og lette varebilar skal vere nullutsleppskjøretøy i 2025.

Rådmannen har sett ned ei prosjektgruppe som ser på kva som skal til for at Hå skal nå dette målet. Kommunen vil gjennomføre ei systematisk omstilling slik at den kommunale kjøretøyparken om nokre år hovudsakleg består av utsleppsfrie kjøretøy. Dette kan vere både el-bilar og andre kjøretøy med låge/null utslipp. Omlegginga må ikkje svekke utøvinga av dei kommunale tenestene. Det må settast opp tilstrekkeleg tal på ladestasjonar som kan betene dei kommunale el-bilane.

### Kommunestyret vedok i tillegg følgande tekstforslag:

**Matsvinn - Det er eit problem for klima og miljø at over 1/3 av maten som blir produsert, blir kasta. Matkommunen Hå bør ta føring for å redusere matsvinn. Kommunestyret ynskjer at rådmannen kjem med ei sak som tek initiativ på ulike område; som haldingsskapande arbeid, reduksjon av matsvinn internt, gå i diaolog med landbruksorganisasjonar, næringsmiddelindustri og matvarebransjen. Dette blir inkludert i klima- og energiplanen.**

# Folkehelse

Ny folkehelseplan for Hå 2019-2023 vart vedteken våren 2019, [KS sak 038/19](#). Målet med folkehelsearbeid er å redusera sosial ulikskap i helse, sikra gode leveår og gode livsvilkår for innbyggjarar i alle aldrar. Me ynskjer å førebygga i staden for å reparera.

90% av det førebyggjande arbeidet føregår i andre sektorar enn helsesektoren. Det er difor naudsynt å ha særleg fokus på tverrfagleg arbeid og folkehelsefokus i planlegging på alle nivå.

Folkehelseplanen tilrår desse fokusområda:

- Gode levekår som utjamnar ulikskap
- Alle med i fellesskapet gjennom heile livet
- Gode og sunne nærmiljø som legg til rette for fysisk aktivitet og sosialt samspel
- Tilrettelegging for kvardagsaktivitet
- God psykisk helse og trivsel utan rus

- Aktive og deltakande eldre som får bu lenge heime

Bakgrunnen for folkehelseplanen er oppdatert oversiktsdokument over folkehelseparameter i Hå. Det vert arbeidd med å gjera oversikten digital slik at det til ei kvar tid er lett tilgjengeleg kunnskap om variasjon i enkeltindikatorar. Det vil og verta arbeidd med å synleggjera dei ulike førebyggjande tiltaka innan ulike deler av kommunen.

Ein vil særleg fylgja med på utvikling i:

- Befolkningsamansetting
- Sysselsetting og uføregrad
- Trivsel og lesemeistring i barne- og ungdomssteg
- Fråfall i vidaregåande opplæring
- Fysisk aktivitet hjå born og vaksne
- Frivillig arbeid
- Utvikling innan psykisk helse
- Utvikling innan rusrelaterte lidningar

## Beredskap

Det vart gjennomført tilsyn med samfunnstryggleik og beredskap i Hå kommune 5. og 11. juni 2019. Føremålet for tilsynet var å undersøka om kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap var i samsvar med krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Hovudintrykket frå tilsynet var at Hå kommune har hatt ei svært god utvikling i arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap sidan tilsynet i 2015 og står nå på fleire områdar fram som ein føregangskommune. Det vart avdekka eitt avvik.

Tilsynet avdekka at Hå kommune sin overordna beredskapsplan ikkje oppfylte alle krava i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt. Fylkesmannen gav utfyllande kommentarar til avviket. Desse gjekk på at varslingslista i beredskapsplanen mangla nokre telefonnummer, planen inneheldt ikkje ein god nok ressursoversikt, og EPS-planen inneheldt ikkje opplysningar om kven som skal ha ansvar for oppretting av eit EPS-senter. Rådmannen har gjort dei nødvendige endringane og har revidert kommunen sin overordna beredskapsplan for å lukka avviket. «EPS» tyder Evakuerings- og pårørandesenter.

# Nærbø sentrum - «Sambrukshuset»

I budsjettet for 2018 og økonomiplanen for 2018-2021 vedtok kommunestyret å jobbe vidare med eit sambrukshus i Nærbø sentrum for å gje rom til kommunale funksjonar i sentrum og legge til rette for auka aktivitet og attraktivitet i sentrum. I budsjett for 2019 og økonomiplan 2019 – 2022 vedtok kommunestyre fleire detaljer om kva som skal til for å gjennomføre dette. I forslag til budsjett for 2020 og økonomiplan 2020 – 2023 går rådmannen nærare inn på gjennomføring av planane.

## Gjennomføring

Kommunedelplanen for Nærbø sentrum blei vedtatt i kommunestyret 15. november 2018 i KS-sak 077/18. I vedtatt budsjett for 2019 og økonomiplan 2019 – 2022 er det lagt til grunn at Sambrukshuset vil kunne stå klart i løpet av 2025.

### Vidare arbeid vil omfatte:

#### Detaljreguleringsplan

Den 4. oktober 2019 vart detaljregulering for Plan 1190, detaljregulering av sambrukshus, bustader og torg, Nærbø sentrum - varsla. I varselet sto dette: «Planen omfattar i hovudsak delområda 1C og OT1 i sentrumsplanen for Nærbø. Føremålet med planen er å leggja til rette for eit sambrukshus der funksjonar som bibliotek, kulturskule, familiesenter, helsesenter og legesenter inngår. Det blir lagt til rette for bustader og næring i delar av planområdet. Samstundes skal planen ta opp samanhenger mellom offentlege tenester og utvikling av nye bustader, torg og grønnstruktur i tilstøtande arealer. I dette inngår eit nytt offentleg byrom med park, torg og amfi/scene. Planområdet er på ca 22.000 m<sup>2</sup>. Planarbeidet utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslovas § 4-2, jf. Forskrift om konsekvensutgreiing. Arkitektkontoret Vest AS utarbeider planen på oppdrag frå Hå kommune. Frist for innspel og merknader er 04.11.2019».



Ut frå framdriftsplanen er det eit mål å få fram reguleringsplanen til endelig vedtak i kommunestyret juni 2020. Saneringsarbeidet kan da starte opp hausten 2020.

#### Sanering av avløpsanlegg i Nærbø sentrum

I økonomiplanen for 2019 - 2022 vart det sett av 24,5 mill. kr til sanering i samband med ny sentrumsplan på Nærbø i perioden 2019 – 2022. For å kunne få ferdig saneringsarbeidet og



opprusting av torget og Torggata i tråd med ny sentrumsplan, føreslår rådmannen i perioden 2020 – 2023 å sette av 4 mill. kr til dette. Totalt er det sett av 28,5 mill. kr. Under føresetnad om at detaljreguleringsplan vert vedtatt våren 2020, kan anleggsarbeidet starte opp hausten 2020. Prosjektet kan ha ein byggeperiode på ca. 1 - 2 år.

### Prosjektering

Arbeid med prosjektering av sambrukshuset vil kunne starte opp i løpet av 2021 i tråd med sak 014/17 «Instruks for gjennomføring av kommunale bygge- og anleggsprosjekt».

### Moglegheiter og utfordringar

**Jernbane:** Å bygga opp mot jernbanen vil vere både krevjande og utfordrande. Det er mange omsyn å ta, ikkje minst tryggleiksmessig for både jernbanen og ein framtidig byggeplass. I tillegg kjem utfordringane knytt til eit framtidig dobbeltspor.

**Grunnforhold:** Det skal gjerast grunnundersøkingar i løpet av november 2019. Desse vil danna grunnlag for det vidare arbeidet med saneringsarbeid og getoteknisk prosjektering for sambrukshuset. Det har i samband med dette vore avholdt møte med Tine meierier for å sikra vasskjelda på Nærbø som dei nyttar i sin produksjon.

**Økonomi:** Rådmannen vil sjå på kva moglegheiter som ligg i den delen av område 1C, som ikkje skal nyttast av kommunen til sambrukshuset. Området i kjernen av Nærbø sentrum blir vurdert som svært attraktivt for vidare satsing i sentrum. Rådmannen ser på ulike alternativ og vil komme tilbake til dette. Etter ein gjennomgang av mogeleg framdriftsplan for plan og saneringsarbeid, føreslår rådmannen å sette av 60,7 mill.kr i økonomiplanen 2020 – 2023 for å ta omsyn til forventa kostnader i planperioden. Dette er 23,7 mill. kr høgare enn i økonomiplanen for 2019 – 2022.

### Ein mogleg framdriftsplan

Aktivitet	Kommentarar	Økonomiplanperioden							
		2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Kommunedelplan for Nærbø sentrum	Vedtatt i kommunestyret 15.11.18 KS-sak 077/18								
Detaljreguleringsplan	Arbeidet med reg.plan for 1C + OT1 varsla 04.10.19 med høringsfrist 04.11.19.								
Arkitekt- og planarbeid	«prosjekt 1C + OT1». Oppstart hausten 2019.								
Saneringsarbeid	Sanering Torggt. Nærbø ifm tiltak ny Sentrumsplan.								
Prosjektering av Sambrukshuset	Prosjekteringsarbeid jf. KST sak 014/17								
Bygging av Sambrukshus	Byggeperiode 2021/2022 – 2025								

# Rammevilkår

Regionen vår er ute av nedgangen i oljesektoren. Arbeidsløysa i Hå er framleis låg, den var under to prosent i september 2019. Skatteinngangen til Hå er høgare enn i 2018, men på grunn av auka skatteinngang i landet er inntekt per innbyggjar som antatt i budsjettet for 2019. For 2020 er det anslått same auke som for landet.

Dei viktigaste føresetnadane for drifta i kommunen vert gitt gjennom statsbudsjettet. Dette vart lagt fram 7. oktober. I statsbudsjettet har regjeringa lagt inn 14 fleire øyremerka tilskott i rammetilskottet.

Samansettinga av befolkninga i kommunen er avgjerande for kor stort rammetilskottet vert og endringar frå eit år til det neste. Dei ulike sektorane har ulik vekt og saman med ei rekkje kriterier blir kvar kommune sin del av dei totale løyvingane rekna ut. For Hå utgjør dette ein auke frå 2019 til 2020 på 3,7 %.

Dei viktigaste endringane i statsbudsjettet for 2020 er:

- Fleire skuleungar gir mindre trekk i rammetilskottet enn i 2019
- Tilskott til lærarnorma er redusert
- Auka eigendel for refusjon til ressurskrevjande brukarar gjer at kommunen sine netto utgifter for desse aukar meir enn løns- og prisvekst.

Rådmannen legg som tidlegare år, til grunn prognosemodellen frå KS for anslag på skatt og rammetilskott i 2020.

## *Kommuneplanen sine økonomimålsettingar*

Kommuneplanen 2014-2028 har følgjande mål og strategiar for arbeidet med økonomiplanen:

### Målsetjing:

- Hå kommune skal ha økonomisk handlefridom. Ein skal ikkje ha periodar med overforbruk og la etterkomarane måtte vinne igjen handlefridomen.

### Strategiar:

- Kontrollert vekst i driftsutgiftene.
- Driftsoverskot som sikrar tilstrekkelege midlar til nyanlegg og avsetningar. Netto driftsresultat bør ikkje vere lågare enn 1,5 prosent av driftsinntektene.
- Ubundne fondsmidlar som sikrar handlefridom og som tener som reservekapital.
- Låneopptak innanfor forsvarlege rammer. Netto langsiktig gjeld bør vere mindre enn 60% av driftsinntektene.
- Kostnadsorienterte prisar og avgifter på kommunale tenester. Ein skal likevel ta omsyn til om ein skilde har svak evne til å betale. Opererer kommunen i ein marknad, kan marknadsorienterte prisar vurderast.
- Ressursbruk som er mest mogleg effektiv.

# Økonomiske oversikter

Økonomiplanen er basert på føresetnader i gjeldende kommuneplan, tidlegare økonomiplanar, årsrapporten, tertialrapportar, politiske vedtak gjennom året og forventa endring i folketallet.

Statsbudsjettet gir styringssignal som blir lagt til grunn for pris- og lønnsvekst og forventa utvikling i skatteinntekter og rammetilskott. I tillegg kjem signal om nye reformer både i statsbudsjettet og i kommuneproposisjonen.

Økonomiplanen vert lagt fram i faste 2020-prisar.

**Tabellane er justert i høve til kommunestyret sitt vedtak i sak 103/19.**

## Drift

Tabell – driftsresultatet

Millionar kroner	Rekne -	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Økonomiplan		
	skap	2019	regulert	2020	2021	2022	2023
	2018		2019 *)				
Driftsinntekter	-463,3	-405,5	-419,1	-405,4	-407,5	-406,6	-407,3
Skatter	-475,0	-482,4	-482,4	-503,9	-508,2	-512,6	-517,0
Rammetilskott m.v.	-504,2	-526,9	-526,9	-549,9	-554,6	-559,3	-564,1
Vertskommunetilskott	-30,2	-27,1	-31,6	-26,4	-24,9	-23,4	-21,9
Sum driftsinntekter	-1 472,7	-1 441,9	-1 459,9	-1 485,6	-1 495,2	-1 501,9	-1 510,2
Driftsutgifter	1 432,7	1 444,2	1 489,9	1 492,1	1 495,5	1 497,2	1 507,8
Omstillingsbehov	-	-	-	-	-1,5	-3,0	-2,3
Driftsresultat	-40,0	2,3	30,0	6,5	-1,1	-7,7	-4,7
Renteutgifter	23,4	26,5	26,5	32,5	33,6	34,8	34,0
Renteinntekter/utbytte	-36,4	-35,6	-37,7	-38,4	-39,3	-39,8	-39,9
Avdrag, netto	68,6	72,7	71,5	74,3	79,6	84,8	83,4
Netto finanstransaksjoner	55,6	63,6	60,3	68,3	73,8	79,8	77,5
Motpost avskrivninger	-79,1	-82,4	-87,0	-90,3	-90,3	-90,3	-90,3
Netto driftsresultat	-63,5	-16,5	3,3	-15,5	-17,6	-18,2	-17,5
Netto fondsendring/ avsetninger **)	-1,1	-12,7	-28,8	-54,0	-3,8	-3,2	-3,9
Til investeringer	23,3	25,7	25,6	69,5	21,4	21,4	21,4
Meir/mindre forbruk (overskudd)	-41,3	-	0	0	0	0	0
Netto driftsresultat i % av driftsinntektene	4,31 %	1,15 %	-0,22 %	1,04 %	1,18 %	1,21 %	1,16 %

\*) med godkjente endringar

\*\*\*) Inkluderer bruk av disposisjonsfond i investering.

## ***Inntekts- og utgiftsføresetnader***

### **Skatteinntekter og rammetilskott**

Dei frie inntektene er summen av inntektsskatt, formuesskatt og statlege rammeoverføringar. Bruken av midla er ikkje retta inn mot bestemte utgiftsformål. Rådmannen har som tidlegare år, brukt berekningar frå KS sin prognosemodell. Denne baserer seg på forventa løns-, pris- og folkevekst og føringar frå statsbudsjettet med omsyn til nye og reduserte løyvingar. Samla auke frå økonomiplanen 2019-2022 er 4,1 prosent for 2020 som er meir enn løns- og prisveksten.

Det kan kome endringar i rammetilskottet som følgje av Stortinget si handsaming av budsjettet. Om naudsynt, vil rådmannen føreslå budsjettjustering ved behandling av første tertialrapport i 2020 eller i eiga sak.

### **Andre inntekter**

I denne posten inngår brukarbetalingar, sal av tenester, og gebyr. Ulike tilskott og refusjonar i driftsrekneskapan er inkludert her. Vertskommunetilskottet er rekna til å vere om lag som i førre økonomiplan.

Brukarbetalingar aukar i snitt med prisveksten, men talet på brukarar har òg betydning for forventa inntekter samla sett. Refusjonar og tilskott vil ofte ha direkte samband med utgifter vi har. Gebyra for kommunale sjølvkosttenester innanfor tenesteområdet for tekniske saker og næring er auka meir enn prisveksten for å dekke auka kostnader her. Eventuelt overskot/underskot på sjølvkosttenester må førast mot eigne fond.

Ei fullstendig oversikt over alle gebyr og eigenbetalingar er lagt ved i eit eige vedlegg.

### **Finans**

Budsjettet er basert på eit rentenivå på 2,59 prosent i 2020. Dette går ned til 2,50 prosent i 2023.

Om lag 250 mill. kr er plassert i ulike bankar. Ein del av midla er ubundne. Hå kommune har ingen plasseringar i aksjar eller obligasjonar der vi ikkje er ein aktiv eigar, men frå juli 2017 har vi plassert 10 mill. kr i eit pengefond.

Frå 2015 vert låneopptak betalt ned over 25 år. Per 1. september 2019 er 33,7 prosent av låna til ulike faste rente, resten er til flytande renter.

Det er lagt til grunn utbytte frå Lyse i tråd med deira prognose. Det er føresett at utbyttet frå Jæren Everk er seks mill. kr per år.

### **Løns- og prisutvikling**

Årslønnsveksten frå lønnsoppgjera i 2019 er tatt inn i budsjettet. Statsbudsjettet legg opp til ein lønsvekst på 3,6 prosent og ein prisvekst (KPI) på 1,9 prosent i 2020.

### **Pensjonskostnadar**

Pensjonspremien er usikker, og vi ser variasjonar år for år. Vi har brukt budsjetta frå KLP (Kommunale Landspensjonskasse) og SPK (Statens Pensjonskasse) – dette er innarbeidd i lønskostnadane i alle sektorane. KLP sine prognosar for premiebetaling (der vi har størst del av pensjonskostnadane) er om lag som for 2018. Premieavviket er større enn tidlegare.

## Utryggleik

Det er knytt betydeleg utryggleik til fleire av postane i budsjettet. Dersom inntekter, driftsutgifter eller prosjektframdrift ikkje blir som forventa, kan det gi store utslag på resultat og nøkkeltal. Nokre døme på dette er:

- 1 prosent lågare skatteinngang betyr 5 mill. kr mindre i inntekt eller ein reduksjon på 0,33 prosentpoeng på driftsresultatet.
- Seinare sal av tomter til industri og bustader enn føresett, vil gi lågare salsinntekter og behov for å auke låneopptaket eller skyve prosjekter ut i tid. Dette kan gi auka finanskostnadar som igjen påverkar driftsresultatet negativt. På bakgrunn av utviklinga i 2019 er føresetnadene om sal av bustadtomter redusert kvart år i forhold til økonomiplanen 2019-2022. Også investeringsnivået for tomteutvikling er justert ned. Rådmannen føreslår at eventuelle meirinntekter frå tomtosal blir lagt til tomtefondet for bruk til andre tomteutviklingsprosjekt.
- Høgare renter gjer høgare finanskostnadar. Dersom den flytande renta på lån aukar med 0,2 prosentpoeng i 2020, vil det bety ca. 1,7 mill. kr i auka rentebetaling, men også 0,5 mill. kr meir i renteinntekter.
- Auka avdragstid på nye lån vil kunne redusere finanskostnadane med om lag ein mill. kr per år.

## Årsverk

Omlag 68 prosent av kostnadane er knytt til løn. Dei fleste av kommunen sine tilsette møter innbyggjarane kvar dag. Samla oversikt over årsverk i kvart tenesteområde:

Tabell – årsverk

Ressursbruk - rammer	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
		2018	2019	2019 *)	2020	2021	2022
Årsverk							
Administrasjon & eigeendom	103,9	103,5	103,5	104,2	103,8	103,8	103,8
Opplæring og kultur	666,9	633,8	633,1	632,9	634,9	636,9	638,9
Helse og sosial	519,8	544,7	556,9	550,4	556,0	555,5	558,0
Tekniske saker og næring	58,7	57,5	59,1	61,6	61,6	60,4	60,4
SUM	1 349,2	1 342,0	1 352,6	1 349,2	1 356,3	1 356,6	1 361,1

\*) med godkjente endringar

Dette inkluderer 8,9 årsverk som blir belasta investeringsprosjekta, 3,9 i eigedomsavdelinga og 5 årsverk i tenesteområde for Tekniske saker og næring.

# Driftsbudsjett per tenesteområde – netto driftsrammer

Den kommunale tenesteproduksjonen er organisert i tre tenesteområde. Tabellen viser netto ressursfordeling (rammer for drift) for tenesteområda og for administrasjonen. Endring frå opphavleg budsjett i 2019 skuldast vedtak gjort i løpet av 2019 og justering etter lønnsoppgjera. Endringar til 2020 inneheld også prisvekst. Detaljert omtale av alle vesentlege endringar fins i kvart tenesteområde-kapittel.

## Driftsbudsjett per tenesteområde – tabellar

Ressursbruk - rammer Millionar kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2018	2019	2019 *)	2020	2021	2022	2023
Administrasjon & eigedom	146,3	153,4	163,1	161,0	158,2	157,3	158,0
Opplæring og kultur	452,4	451,1	465,7	476,4	477,1	478,5	480,0
Helse og sosialsaker	342,5	376,7	384,0	404,4	408,9	409,2	412,3
Tekniske saker og næring	44,1	45,7	49,9	54,1	48,6	45,7	43,0
Kyrkjer og andre trussamfunn	13,4	14,4	14,4	15,2	14,4	14,4	14,4
<b>Netto driftsrammer</b>	<b>998,7</b>	<b>1 041,4</b>	<b>1 077,1</b>	<b>1 111,1</b>	<b>1 107,2</b>	<b>1 105,0</b>	<b>1 107,7</b>
Sum årsverk (drift)	1 349,2	1 342,0	1 352,59	1 349,2	1 356,3	1 356,6	1 361,1

\*) med godkjente endringar

For å balansere budsjettet i åra 2020-2022 vart det i økonomiplanen for 2019-2022 lagt inn ein føresetnad om at rammene måtte bli redusert med 16 mill. kr i 2020 og 29,4 mill. kr i 2022. Denne reduksjonen er identifisert og lagt inn i dette budsjettet. Det er også lagt til auka utgifter på grunn av auka behov i tenesteområda.

**Kommunestyret vedtok å legge inn effekt av Framtidsløftet med 1,5 mill. kr kvart år. Rådmannen har fordelt dette med 40 % kvar på tenesteområda for opplæring og kultur og helse- og sosialsaker, 5 % på tenesteområdet for tekniske saker og næring og 15 % på sentraladministrasjonen inkludert eigedomsavdelinga.**

# Investering

Nivået på investeringar i denne planperioden er om lag som i førre plan. I økonomiplanperioden 2020 - 2023 er det lagt inn 717 mill. kr. I førre økonomiplan for 2019 – 2022 var det lagt inn 699 mill.kr. Det er tatt omsyn til prosjektframdrift slik at investeringar på Varhaug skule, avlastingsbustaden på Nærbø og Hybelhuset er flytta til det året dei er planlagt gjennomført.

Tabellane viser investeringar per tenesteområde og korleis investeringane blir finansiert.

## Investering per tenesteområde

Investering 1000 kroner	2019	2020	2021	2022	2023
ADM, IT + Kyrkje	21 680	15 239	13 027	13 807	12 555
Sambrukshuset	300	2 000	3 700	5 000	50 000
Opplæring og kultur	28 050	101 650	50 100	17 700	6 700
Helse og sosial	53 490	32 000	40 250	5 250	2 750
Tekniske saker og næring	90 000	108 450	109 150	105 950	61 825
SUM investering	193 520	259 339	216 227	147 707	133 830

*Avvik frå førre plan skuldast at prosjekt som er gjort ferdig er tatt ut av oversikten, og at endra framdrift på prosjekta er tatt omsyn til*

Når det gjeld opprusting/vedlikehald på skule, barnehage og helsebygg er 3 mill. kr per år tatt ut av investeringsbudsjettet og lagt til i driftsbudsjettet. Det er også tatt omsyn til at prosjektleiing innanfor tekniske saker og næring skal dekkast av investeringsprosjekta. Dette utgjør 5 mill. kr per år i planperioden.

## Finansiering av investeringane

Finansiering 1000 kroner	2020	2021	2022	2023
Bruk av fond/salsinntekter *)	55 250	17 850	17 350	11 850
Tilskott	19 850	15 350	12 550	7 550
MVA kompensasjon	33 995	19 657	13 428	12 166
Overført frå drift	21 700	21 400	21 400	21 400
Bruk av lånemidlar **)	128 544	141 970	82 979	80 863
SUM finansiering	259 339	216 227	147 707	133 830

*\*) inkluderer bruk av overskott frå tidlegare år*

*\*\*\*) inkluderer 61,5 mill. kr i låneopptak flytta frå 2018*

For å halda lånegjelda nede føreslår rådmannen å nytta ikkje disponerte overskott frå 2009, 2014 og 2018. Vi har og fått tilsegn om meir tilskott frå NVE som er lagt inn i finansieringsplanen.

Forventa lånegjeld ved utgangen av 2023 er 1 251 mill. kr. Dette er 16 mill. kr høgare enn siste året i førre plan. Det høgaste nivået på lån og lån per innbyggjar er i 2021 med total lånegjeld på 1 254 mill. kr og 65 210 kr per innbyggjar i lån. Dersom salsinntektene blir som budsjettet i perioden, føreslår rådmannen å sette det som ikkje trengs til tomteutvikling av på tomtefondet til seinare bruk.

Eigenkapitaltilskott til KLP er finansiert ved bruk av driftsmidlar (avdrag Lyse).

### Utvikling i egne lån og lånegjeld per innbyggjar

pr. 31.12	2019	2020	2021	2022	2023
Eigne lån mill. kr.	1 140	1 194	1 254	1 252	1 251
Lån i % av driftsinntektene	78,1 %	80,4 %	83,9 %	83,3 %	82,8 %
Lån pr. innbyggjar, kroner	60 240	62 630	65 210	64 370	63 580
førige plan 2019-2022	63 420	65 599	63 774	63 597	-

I rådmannen sitt forslag til økonomiplan er dei store prosjekta innanfor tenesteområde for opplæring og kultur tilbygg på Varhaug skule. Rådmannen føreslår å stanse planlegginga av ny barnehage på Brusand og å ta planlegging av ny skule i Stokkalandsmarka ut av økonomiplanen. Opplæring og kultur har ansvar for 23 prosent av dei totale investeringane.

**Kommunestyret godkjente ikkje desse forslaga og investeringar til barnehagen på Brusand og planlegging av ny skule i Stokkalandsmarka er tatt inn igjen.**

Innanfor tenesteområde for helse og sossialsaker vil dei tre store prosjekta i denne økonomiplanen vere ombygging av Heimtun, bygging av ny barnebustad på Nærbø og renovering av Hybelhuset. Helse og sosial sin del av investeringane i økonomiplanperioden er 11 prosent.

Det er føreslått å sette av 60,7 mill. kr til det føreslåtte sambrukshuset i Nærbø sentrum. Dette er om lag 8 % av dei totale investeringane. Bygget kan stå ferdig i 2025. Det er ikkje lagt inn inntekter frå sal av tomter i denne perioden.

Når det gjeld tenesteområdet for tekniske saker og næring, er forslaget til investeringar i perioden 2020-2023 kraftig auka i 2021, og me ser ein auke kvart år. Dette tenesteområdet har nå ansvar for 51 prosent av dei totale investeringane i planperioden. Største delen av investeringane går til flaumsikring. Ei oversikt over alle investeringane er vist på neste side.

**Kommunestyret vedtok å ta trafikksikring Torland-Haugland ut av økonomiplanen, å legge inn midlar til veg i Austmarka og å skyva flomsikring i Bratlandsåna ut eitt år.**



## Investerings detaljar

Investering 1000 kroner	2019	2020	2021	2022	2023
IT	7 367	7 876	7 377	7 107	7 367
ENØK	4 000	4 000	4 000	4 000	4 000
Diverse eigeendom & sentraladm	2 500	1 800	1 400	1 200	1 000
Den norske kyrkja	7 813	1 563	250	1 500	188
IT, ENØK, kyrkje	21 680	15 239	13 027	13 807	12 555
Sambrukshus Nærbø	300	2 000	3 700	5 000	50 000
Brusand barnehage		10 000	21 000	11 000	
Uteområde barnehage	600	1 000	1 000	1 000	1 000
Rehabilitering/opprusting barnehage	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Rehabilitering/opprusting skule	4 500	3 000	3 000	3 000	3 000
Inventar/uteområde skule	1 400	1 400	1 400	1 400	1 400
Varhaug skule	20 000	75 000	20 400		
Nærbø ungdomsskule - kantine		6 150			
Nærbø ungdomsskule - garderobar symjehall		500			
Stokkalandsmarka skule planlegging			2 000		
Hå Gamle Prestegard (HGP) + nye løa + sprinkling	450	3 200	200	200	200
Lensmannsløa sprinkling		300			
Kulturvern	100	100	100	100	100
Opplæring og kultur	28 050	101 650	50 100	17 700	6 700
Kjøp av bustader/leiligheter	4 000				
Påbygg Hå sjukeheim *)	42 800				
Bilar omsorgstenesta & Blåbærtua	250	1 500	250	250	250
Ombygging Heimtun	100	6 500			
Rehabilitering/opprustning helse og sosial	4 000	4 000	4 000	4 000	4 000
Overført til drift rehabilitering/opprustning		-1 500	-1 500	-1 500	-1 500
Rehabilitering Olsvoll			5 200		
Avlastningsbolig Nærbø - Skjeraberget	500	10 000	23 000	2 000	
Hybelhuset	100	8 000	7 200		
Opprustning Jadarveien 5		1 500	600		
Riving Langaberget 7 & 11, Oгна		1 000			
Riving Viervegen 14 & 16, Nærbø			1 000		
Utskifting av pasientsignalanlegg med velferdsteknologiplattform		1 000	500	500	
Ekstra biler, sykehjemssenger,	1 740				
Helse og sosialsaker	53 490	32 000	40 250	5 250	2 750
Lager, verksted, renovasjon	1 000	2 500	6 000	5 500	
Kart og oppmåling, plan og regulering	400	1 200	1 400	700	1 075
Kommunale vegar, trafikkisikring, gatelys	13 100	9 300	14 200	21 300	6 300
Grønt, nærmiljøanlegg, parkar, friluftsliv	3 600	2 100	2 100	2 100	2 100
Brann bil/utstyr/prosjektering	1 250	3 050	7 250	750	750
Vassverk/ -leidningar	15 000	18 700	19 100	23 500	16 000
Kloakk/reinseanlegg/avløp	49 300	63 050	41 250	34 750	23 750
Bustadområde	3 850	3 850	3 850	3 850	3 850
Næringsområde	500	2 000	11 000	9 500	3 000
Sentrumsutvikling	2 000	2 700	3 000	4 000	5 000
Tekniske saker og næring	90 000	108 450	109 150	105 950	61 825
<b>TOTAL BRUTTO INVESTERING</b>	<b>193 520</b>	<b>259 339</b>	<b>216 227</b>	<b>147 707</b>	<b>133 830</b>

# Konsolidert budsjett

Etter ny kommunelov skal kommunale føretak konsoliderast inn i kommunen sitt budsjett og rekneskap.

Hå kommune har to kommunale føretak, Sirevåg Hamn i Hå KF og Jæren Everk KF.

Forslag til budsjett og økonomiplan for dei to kommunale føretaka vert lagt fram for kommunestyret i egne saker samstundes med budsjettet til kommunen si eiga verksemd.

Det er utarbeidd konsoliderte oversikter over drift og investering som er tatt inn saman med oversiktene til Hå kommune sist i dokumentet. Jæren Everk KF fører rekneskap etter rekneskapslova og utbyttet til Hå kommune er tatt inn som reduksjon av netto driftsresultat.

## Oversikt over Hå kommune sin økonomi med kommunale føretak

Millionar kroner	Hå kommune	Jæren Everk KF	Sirevåg havn KF	Konsolidert
Driftsinntekter	1 485,6	102,3	1,2	1 589,0
Netto driftsresultat	15,5	3,0	-	18,4
Netto driftsresultat i & av driftsinntektene	1,0 %	2,9 %	0,0 %	1,2 %
Investeringar	259,3	57,5	-	316,8
Planlagt låneopptak	128,5	51,0	-	179,5



# Omtale av sektorane

## Sentraladministrasjonen

*Dette området omhandlar politisk sekretariat, administrasjon, økonomi, rekneskap, løn, innkjøp, kommunikasjon og innovasjon, dokumentsender, IKT, eigedomsforvaltning samt personal og organisasjon.*

### Mål

Målet er å ha administrative tenester av høg kvalitet til pris på nivå med nabokommunane (og godt under gjennomsnittet for landet).

### Utfordringar i neste periode

Administrasjonen sitt fokus på å effektivisere og bruke midlane klokt gjev resultat – Hå er nå 14. lågast i landet på administrasjonskostnadar (jf. Kommunebarometeret).

Rådmannen har auka merksemda på kommunikasjon og innovasjon og saman med servicetorget rapporterer dei no direkte til rådmannen.

- Fortsette arbeidet med betre innbyggardialog
- Aktiv deltagar i nettverk og prosjekt rundt digitalisering og effektivisering av prosessar
- Meir samarbeid med andre kommunar på innkjøp
- Oppstart av Leiarutvikling kull 3 med leiarar frå heile verksemda for å styrke kompetansen på endringsleiing
- Auka fokus på innkjøp

### Endringar frå 2019

Dei viktigaste endringar i driftsbudsjettet i forhold til førre økonomiplan er.

- Innsparing i direkte kostnadar på grunn av at kemnerkontor blir sentralisert frå 1. juni 2020.
- Auke i revisjon på grunn av fleire oppgåver etter ny kommunelov.
- Eigedomsavdelinga sitt driftsbudsjett er auka med 3 mill. kr og investering redusert motsvarande. Dette vert gjort fordi mange av prosjekta dei har ansvar for må først i driftsrekneskapen. Den totale ramme til opprusting og vedlikehald er ikkje redusert.
- Innsparing i reinhald og vaktmeistertenester som følgje av forslaget om å legge ned Urhei barnehage og å stenge 2. etasje i bygg A på Hå sjukeheim.

**Effekt av Framtidsløftet er tatt inn med 75 000 kr på sentraladministrasjonen og 150 000 kr i eigedomsavdelinga.**

**Kommunestyret vedtok også følgjande tekstforslag:**

- **Kommunestyret vil at det skal vere heiltidskultur innan alle tenesteområde. Det skal arbeidast strategisk mot at heile stillingar skal vere det normale. Heiltidskultur skal derfor ha ein sentral plass i arbeidsgivarstrategien til Hå kommune.**

# Ressursbruk

## Driftsbudsjett og årsverk

Ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2018	2019	2019 *)	2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter	166 757	175 596	185 242	184 413	181 462	180 232	181 062
Driftsinntekter	-20 435	-21 681	-22 144	-22 955	-23 235	-22 955	-23 083
Bruk av fond			-5 000	-500			
Netto drift	146 320	153 447	163 093	169 580	158 227	157 277	157 979
Årsverk	103,9	103,5	103,5	104,2	103,9	103,9	103,9

\*) med godkjente endringer

I det følgjande er det knytt kommentarar til dei ulike ansvarsområda og tenestene som blir levert.

## Politisk sekretariat

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2018	2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
1000 Kommunestyre/Formannskap	4 534	4 673	4 673	4 839	4 839	4 839	4 839
1003 Andre utval og nemnder	1 242	1 468	1 468	1 730	1 468	1 468	1 468
1005 Val	2	732	732	30	660	30	732
1007 Partistøtte	182	182	182	188	188	188	188
1100 Revisjon/Kontrollutval	953	1 331	1 331	1 356	1 356	1 356	1 356
1209 Politisk sekretariat	1 439	1 135	1 145	1 180	1 180	1 180	1 180
Sum driftsutgifter	8 707	9 995	10 005	9 667	10 135	9 405	10 235
Sum driftsinntekter	-353	-6	-469	-344	-444	-344	-472
Netto drift	8 352	9 521	9 531	9 323	9 691	9 061	9 763
Sum årsverk		1,9	1,5	1,5	1,5	1,5	1,5

\*) med godkjente endringer

### Kommunestyre og formannskap

Utgiftene gjeld løn til ordførar og varaordførar, og godtgjersle til folkevalde. Det er budsjettert med utgifter i samsvar med Reglement for løn og godtgjersle for folkevalde 2019- 2023.

Reglementet blei revidert og godkjent av kommunestyret i KS-sak 053/19.

### Andre utval og nemnder

Dette er godtgjersle til styre, råd og utval utanom kommunestyret og formannskap.

### Val

Det er utgifter til stortingsval i 2021 og kommunestyre- og fylkestingsval i 2023. Stortingsvala er normalt rimelegare enn kommunevala.

### Partistøtte

Hå kommune gir stønad til kommunestyregruppene finansiert gjennom rammetilskottet frå staten. I tillegg har Hå kommune ein lokal stønad til kommunestyregruppene. Forslag til løyving er sett opp for 2020 i samsvar med tidlegare praksis. Den delen av løyvinga som er

finansiert av rammetilskottet, blir justert med antatt prisstigning (3,1 prosent). Det lokale tilskottet på 90 000 kr blir vidareført som nå.

### Revisjon og kontrollutval

Teneste 1000 gjeld godtgjersle til kontrollutvalet og utgifter til kontrollutvalssekretariat og revisjon. Kontrollutvalet har gitt si tilråding til budsjett 2020, jf. Sak 22\_19 i Kontrollutvalet 11.09.2019.

### Politisk sekretariat

Dette er utgifter til stillingane i politisk sekretariat

## Sentraladministrasjonen

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2018	Budsjett			Økonomiplan		
		2019	2019 *)	2020	2021	2022	2023
1200 Administrativ leiging	2 959	2 600	2 587	2 597	2 597	2 597	2 597
1202 Personal/tiltak/lønn	8 189	9 849	9 881	9 774	10 094	9 774	9 774
1203 Økonomi/rekneskap	6 903	5 618	5 663	4 671	5 006	5 006	5 006
1205 IT-Fellesfunksjon	5 935	7 026	7 120	7 886	7 886	7 886	7 886
1206 Kommunikasjon og innovasjon	769	2 290	2 316	2 359	2 359	2 359	2 359
1207 Dokumentsenter	1 480	1 516	1 536	1 616	1 616	1 616	1 616
1905 IT-fellesfunksjonar	-						
Sum driftsutgifter	33 392	38 880	39 084	40 043	40 378	39 878	39 878
Sum driftsinntekter	-7 157	-9 981	-9 981	-10 640	-10 820	-10 640	-10 640
Bruk av fond				-500			
Netto drift	26 235	28 899	29 103	28 903	29 558	29 238	29 238
Sum årsverk	31,1	31,1	31,1	30,1	30,1	30,1	30,1

\*) med godkjente endringar

### Administrativ leiging

Budsjettet for 2020 er i hovudsak sett opp som for 2019.

### Personaladministrasjon, -tiltak, AMU og tillitsvalde

Tenesta arbeider målretta med mellom anna inkluderande arbeidsliv (IA), HMS-arbeid, rekruttering og kompetanseheving, personalsaker, leiarutvikling, organisasjonsutvikling, lønsforhandlingar og anna samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar. I 2019 har fleire digitale verktøy, tenester og skjema blitt fornya.

Kostnadane på tenesta gjeld stillingar innan personal- og lønsarbeid, men òg felles utgifter til kompetanseutvikling, bedriftshelseteneste, gruppe- og ulykkesforsikring. Midlar til å styrke leiarutvikling blei løyvd i 2014. Satsinga held fram med Kull 3 for dei om lag 30 resterande leiarane i 2020, og vert i hovudsak finansiert av fond og OU-midlar frå KS. Programmet er ein del av den heilskaplege organisasjonsutviklinga Hå kommune driv. Felles kursmidlar er sett opp i høve til prioriteringar i den årlege Opplæringsplanen.

Utgifter til bedriftshelsetenesta er budsjettert uendra som i 2019, trass i at kommunen skal ut med nytt anbod for den komande perioden. HMS-arbeidet i verksemda vert styrka med auka frikjøp for hovudverneombudet opp til 0,2 årsverk.

Utgiftene til gruppe- og ulykkesforsikring blir avgjort etter årlege anbudsrundar. Utgiftene har dei siste 5 åra svinga mellom 1,5 og 2,0 mill. kr per år. I 2020 reknar ein med om lag 1,7 mill. kr som er anslaget forsikringsmeklar har gitt.

Dette er ein reduksjon på omlag 0,3 mill. kr frå økonomiplanen 2019-2022.

### *Økonomi/rekneskap/løn*

Budsjetta for 2020 er i hovudsak sett opp som for 2019. 1 årsverk som nyttast til samfunnsanalyse og planarbeid er flytta til tenesteområde for Tekniske saker og næring.

### *Innkjøp*

Nytt regelverk for innkjøp blei innført 01.01.2017. Klare krav blir stilte til offentlege oppdragsgjeverar for å sikra effektiv bruk av samfunnet sine ressursar. I april 2019 kom Stortingsmelding 22 «Smartere innkjøp – effektive og profesjonelle anskaffelser». Stortingsmeldinga peikar på ulike tiltak som kan gjere anskaffelsesområdet meir effektivt, meir profesjonelt og betre styrt.

Me har innført digitalt konkurransegjennomføringsverktøy (KGV) og kontrakts-administrasjonsverktøy (KAV). Me vil nytta desse digitale hjelpemidla til å få betre kontroll og styring på innkjøpa våre. For å sikra gode og effektive innkjøpsprosessar må me sørgja for auka kompetanse hos innkjøparane. Me har stor tru på å løfta i lag også på innkjøpsområdet, saman med dei interne folka våre, med samarbeidskommunane våre og med leverandørmarknaden.

### *IT og IT-fellesutgifter*

Ein av strategiane i Kommuneplanen 2014 - 2028 er å ha godt utbygde løysingar for dei som ønskjer å kommunisere elektronisk med kommunen.

Det er over 5000 PC-brukarar inkludert tilsette og elevar i skulane, som dagleg nyttar IT-tenestar med ulikt tilgangsnivå avhengig av rolle, stilling og arbeidsoppgåver. I tillegg nyttar eit stort tal på personar kommunen sitt opne trådlause nettverk som er bygd ut i og rundt eit stort tal på kommunale bygg med over 500 sendarar. Dette nettet kan nyttast både med eigne PC-ar og smart-telefonar. Det er nå 3 600 PC/datamaskiner i bruk. I tillegg til å skifte ut eldre maskiner anskaffar vi Chromebooks til alle elevar og lærarar. I 2019 er alle lærarar, elevar og andre tilsette i skulane blitt utstyrte med berbare einingar. Alle lærerar og elevar har eigen Chromebook og brukar Google for Education for samhandling i læringa.

Systema våre blir nytta heile døgnet og krev robuste og stabile løysingar. Dette stiller store krav til drift, oppdateringar og vedlikehald av systema. Vi har stort fokus på å styrkja og tryggja datasentralane, nettverka og sentral infrastruktur mot driftsstans, øydeleggingar og åtak. Alle kommunale bygg er kopla saman i eit eige kommunikasjonsnettverk. Vi arbeider med å legge eigne fiberkablur ut til flest mogleg av bygga for å gi auka hastighet og meir stabile samband utan leigekostnad.

På teneste 1905 fører ein fellesutgifter som kommunikasjon, utbygging og drift av fellesutstyr og programvare. Fellesutgiftene blir fordelt på dei aktuelle tenestene. For 2019 ser vi at driftskostnadane aukar på grunn av auka årlege kostnader med nye løysingar som vert anskaffa.

## *Kommunikasjon og innovasjon*

Innbyggerane er hovudpersonane i det kommunen held på med. Det er overordna for kommunikasjonen og for alt som skjer i innbyggarservicen.

I 2019 vart kommunikasjons- og innovasjonsavdelinga etablert. Eit mål er å styrka arbeidet med kommunikasjon og nytenking i heile organisasjonen. Eit satsingsområde er å vera pådrivar for forenkling, fornying og forbetring. Dette inneber blant anna god kommunikasjon med eit klart språk både i sosiale media, nettsider og intranett (Steinbukken), effektive digitale skjema, smarte løysingar og nytt blikk på prosessar. På denne måten vil heile organisasjonen bli betre rusta til å møte utfordringane i framtida. I tillegg kan innbyggerane verta meir engasjerte, velinformerte og fornøgde som følgje av god kommunikasjon.

Servicetorget er tett på innbyggerane og kjenner ofte til behova deira. Avdelinga er dermed ein viktig aktør i innovasjonsarbeidet, og samarbeider mykje på tvers av avdelingar og tenestoområde. Døme på resultat er Vipps-billettsystem til familiebadning, «Vipps søppelet vekk» og digital tømme kalender. Liknande prosjekt vil vera eit satsingsområde framover.

Servicetorget er heile tida oppteken av å gjera det enklare for innbyggerane å ta kontakt. Her kan innbyggerane få informasjon om kommunen og andre offentlege tenester, rettleiing i søknadsprosessar, og hjelp i saker som ikkje krev omfattande behandling. Oppgåver som innbyggerane kan få hjelp til i servicetorget er til dømes rettleiing i byggesaker, opplysningar om kart, leidningsnett, eigedom og reguleringsplanar og til å kjøpa tomt i Stokkalandsmarka. Servicetorget gir innsyn i offentlege dokument, handterer endringar i renovasjonsabonnement, lagar nabolister og meklarpakkar, og behandlar søknader om parkeringskort for forflyttingshemma, redusert barnehagebetaling, kontantstøtte og skjenkeløyve. I tillegg har servicetorget sentralbordet, og ansvaret for utleige av Lensmannsløa.

Kommunikasjons- og innovasjonsavdelinga med servicetorget består av seks tilsette (5,5 årsverk).

## *Dokumentsenter*

Dokumentsenteret skal sørge for at Hå kommune sitt arkiv er i samsvar med gjeldande lovar og reglar, at arbeidsoppgåvene blir utførte på ein rasjonell og effektiv måte, og at det blir gitt nødvendig opplæring og rettleiing til saksbehandlarar og leiarar i kommunen.

Dokumentsenteret skal yte god service til forvaltning og publikum, og sikre at Hå for ettertida kan dokumentere sine vedtak og tiltak.

I 2020 vil dokumentsenteret fortsatt delta aktivt i arbeidet med digitalisering i kommunen, t.d. ved overgang til fullelektroniske arkiv, innføring av elektroniske skjema og ekspedering/mottak via digitale kanalar. Dokumentsenteret vil satsa aktivt på god opplæring og rettleiing i arkiv og dokumentforvaltning ved hjelp av tilpassa kursopplegg og handbøker. I tillegg vil det bli ordna og levert ca. 100-150 hyllemeter eldre arkiv til depotet vårt, IKA Rogaland.

Kostnadane er sett opp som tidlegare år. Utgiftene med unntak av ei stilling blir belasta tenestoområda.



## Tillitsvalde og arbeidsmiljøutvalet (AMU)

I høve til Hovudavtala er totalt 2,53 årsverk sett av til dei hovudtillitsvalde med frikjøp for arbeidstakarorganisasjonane i kommunen. Omfanget av frikjøpa vert bestemt etter reglane i Hovudavtala (KS). I tillegg kjem ei 100 prosent stilling for tillitsvalde budsjettert i skule- og barnehagesektoren.

Midla er avsett til velferds- og fellesarrangement, bedriftsidrett, fellestrim, lokale julearrangement, deltaking i Nordsjørittet og gratis inngang på Hå gamle prestegard og ulike fellestiltak føreslått og fremma av enkelttilsette. AMU disponerer midlane i eiga sak. Unytta midlar vert over fleire år sett på fond av AMU til finansiering av ein ny Kommunedag.

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2018	Budsjett			Økonomiplan		
		2019	2019 *)	2020	2021	2022	2023
1806 Tillitsvalde	1 622	1 544	1 548	1 725	1 725	1 725	1 725
1807 AMU	577	954	954	1 049	1 049	1 049	1 049
Sum driftsutgifter	2 260	2 583	2 587	2 859	2 859	2 859	2 859
Sum driftsinntekter	-61	-85	-85	-85	-85	-85	-85
Netto drift	2 199	2 498	2 502	2 774	2 774	2 774	2 774
Sum årsverk	2,1	2,2	2,2	2,5	2,5	2,5	2,5

## Skatt

Skatteoppkrevjarkontoret krev inn skattar og avgifter for Hå i storleik 2 mrd.kr kvart år.

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2018	Budsjett			Økonomiplan		
		2019	2019 *)	2020	2021	2022	2023
1204 Skatt	1 689	2 036	2 036	1 036			
Netto drift	1 689	2 036	2 036	1 036			
Sum årsverk	9,7	9,5	9,5	9,5	-	-	-

Vi har felles skatteoppkrevjarkontor for Hå, Klepp, Time og Gjesdal. Kontoret er lokalisert på Bryne, og det er inngått vertskommunesamarbeid etter kommunelova § 28b der Time kommune er vertskommune. Kostnadane blir delt etter innbyggjartal i dei fire kommunane.

Jæren kemnerkontor budsjetterer med 9,5 årsverk i 2020, uendra frå 2019. Desse er ikkje del av stillingsramma til Hå kommune. Det er i statsbudsjettet føreslått å sentralisera skatteinnkrevjinga frå 1. juni 2020 og kostnadar for eit halvt år er tatt ut av budsjettet.

## Andre tenester

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2018	Budsjett			Økonomiplan		
		2019	2019 *)	2020	2021	2022	2023
1800 Tilfeldige utgifter/inntekter.	890	924	924	951	951	951	951
2423 Bevilling/skjenkekontroll	-131	-43	-43	-63	-63	-63	-63
3200 Forretningsdrift	-735	-932	-901	-913	-913	-913	-913
3601 Friluftsområde	168	170	170	175	175	175	175
3750 Jærmuseet	-	-	7 500	2 500	-	-	-
Sum driftsutgifter	2 985	3 027	10 558	5 578	3 078	3 078	3 078
Sum driftsinntekter	-2 793	-2 908	-2 908	-2 928	-2 928	-2 928	-2 928
Bruk av fond			-5 000,0				
Netto drift	192	119	2 650	2 650	150	150	150

### *Tilfeldige utgifter og inntekter*

Den største utgifta her er kontingent til Kommunenes Sentralforbund (KS) på 951 400 kr . I tillegg blir kostnader til Landssamanslutning for nynorsk-kommunar, Kommunalt Innkjøpsforum og Forening for Vindkraftkommunar ført her.

### *Forretningsdrift*

Sirevåg Havn KF i Hå står for innkrevjing av avgifter og drift av hamna i Sirevåg. Kommunen står framleis som eigar av kaiinvesteringane frå før 01.01.2007. KF-et betalar leige til kommunen for kaiane. (I tillegg får kommunekassen leigeinntekter av industriareal.) Inntektene har motsatsen sin i kommunale investeringar og finansutgifter for utbygginga. Det er budsjettert med ei overføring frå hamna til kommunen på 0,375 mill. kr i 2020, det same som 2019. 2,35 mill. kr er leigeinntekt frå Felleskjøpet i Sirevåg.

### *Friluftsområde*

Teneste 3601 gjeld årleg tilskott til Rogaland Arboret. Det vart i 2013 ein overeinskomst mellom kommunane om kontingentbeløp basert på innbyggjartal. Utgiftene i 2020 er rekna til 175 000 kr .

## Bygg/eigedomsforvaltning

Ansvar til eigedomsavdelinga er å forvalte og utvikle kommunen si eigedomsmasse og å stå for vedlikehaldet av denne samt byggeleiaroppgåver.

I tillegg har eigedomsavdelinga ansvar for vaktmeistrar og reinhaldarar. Det blei gjort ei endring i 2018 slik at kostnadane til vaktmeistrar, reinhaldarar og vedlikehaldsmidlar som tidlegare var budsjettert i tenesteområda no er samla i eigedomsavdelinga. Tabellen viser omfanget av det som Eigedomsavdelinga har ansvar for. Tala inkluderer avskrivningar på 47 mill. kr.

### *Vedlikehald kommunale bygg*

Dette er eit krevjande område, men kommunen har nå fått ein god oversikt over vedlikehaldsbehovet på dei kommunale bygga. Dette mogleggjer ein målretta og ressurseffektiv innsats.

I forkant av året sitt budsjett la rådmannen også i år fram ei eiga sak om vedlikehald av kommunal bygningsmasse (jf. sak 06/16 i Kontrollutvalet). Den gjer eit godt bilete på dagens situasjon og syner det totale vedlikehaldsetterlepet.

Kommunen nyttar systemet IK bygg som internkontrollsystem for bygg. Dette er eit digitalt system som involverer alle brukarnivå i bygga.

### *Kommunale bustader*

Utleigebustadane blir nytta av kommunalt tilsette. Nokre av bustadene blir nytta til flyktningbustader. Leigesatsane er føresett å auke med 1,9 % i 2020.

### *Forvaltingsutgifter*

Dette omfattar utgifter til eigedomsleiing, administrasjon, forsikringar og pålagde skattar og avgifter knytt til bygg

### *Drift og vedlikehald av administrasjonslokale*

Dette omfattar utgifter til drift og vedlikehald, med tilhøyrande tekniske anlegg og utandørsanlegg.

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2018	Budsjett			Økonomiplan		
		2019	2019 *)	2020	2021	2022	2023
1208-1210 Byggeleiing og forvaltning	3 921	3 688	3 714	4 410	4 410	4 410	4 410
1300-1304 Administrasjonslokale mm.	10 124	10 389	10 569	12 001	12 001	12 001	12 001
2210-2218 Barnehagelokale mm.	15 525	16 003	16 104	16 530	16 312	16 312	16 312
2220-2228 Skulelokale mm.	44 530	45 072	46 138	46 821	46 821	46 821	46 821
2340-2351 Eldresenter	4 803	5 073	4 803	4 803	4 803	4 803	4 803
2412 Legevakt	354	354	356	348	348	348	348
2534 Kjøkken	752	194	194	-	-	-	-
2610-2615 Institusjonslokale mm.	17 014	19 240	19 305	19 416	19 416	19 416	19 416
2650-2655 Kommunale bustader mm.	8 330	8 855	8 817	9 342	9 342	9 342	9 342
3352, 3850-3863 Kulturbygg mm.	2 468	1 676	1 749	2 262	2 262	2 262	2 262
Sum driftsutgifter	117 892	119 245	120 972	125 230	125 012	125 012	125 012
Sum driftsinntekter	-10 071	-8 701	-8 701	-8 958	-8 958	-8 958	-8 958
Netto drift	107 821	110 544	112 271	116 272	116 054	116 054	116 054
Sum årsverk	68,7	68,7	68,7	70,1	69,8	69,8	69,8

Tabellen inneheld rekneskap og budsjett for dei ulike tenestene slik dei er ført i tenestemråda og gjer eit oversyn over omfanget av det som nå er samla i eigedomsavdelinga.

Auken utover prisauke frå budsjett 2019 til 2020 skuldast at 3 mill. kr av midla som er sett av til ulike vedlikehaldsprosjekt må førast i driftsrekneskapen og ikkje som investering. Avskrivningane er auka med 3 mill. kr.

# Investeringar sentraladministrasjonen & kyrkja

## Investering sentraladministrasjon

Investering 1000 kroner	2019	2020	2021	2022	2023
IT	7 367	7 876	7 377	7 107	7 367
ENØK	4 000	4 000	4 000	4 000	4 000
Diverse eigedom & sentraladm	2 500	1 800	1 400	1 200	1 000
Den norske kyrkja	7 813	1 563	250	1 500	188
IT, ENØK, kyrkje	21 680	15 239	13 027	13 807	12 555

I økonomiplanen 2020 – 2023 er det tatt inn ei årleg løyving på 1 mill. kr som skal dekke utføresette kostnader i eigedomsavdelinga, etter godkjenning av rådmannen. Eit døme på slikt er byggsanering. Det er tatt høgde for investering i mobilt sentralbord i åra 2020-2022.

### IT – investering

I samband med digitaliseringa vil stadig fleire tenester verta tilgjengelige for innbyggjarar og andre via internett. Slike løysingar krev investeringar og intern tilpassing av arbeidsprosessar. Samtidig vil eit aukande tal på interne brukarar føre til auka behov for lisensiert programvare og utstyr som må kjøpast. Nettverksutbygging krev også auka investeringar.

Alle IT-investeringane er budsjetterte under teneste 1205 IT-investering. Om lag 3 mill. kr kvart år gjeld felles utstyr og system, mens resterande om lag 4 mill. kr gjeld utstyr/programvare retta mot tenesteområda og stabar.

### ENØK-tiltak

I Klima- og Energiplanen er det ei målsetting å oppnå minst ei innsparing på 10 prosent i energibruken i kommunale bygg. Arbeid med revidering av denne planen pågår.

Kommunen inngjekk i 2017 ein kontrakt med NIRAS AS om energimerking og kartlegging av utvalte formålsbygg. I kommunestyret i mai sak 030/19 blei sluttrapport og forslag til ENØK tiltak handsama. Det blei vedteke at dei 10 anbefalte tiltaka kunne gjennomførast. 5 av desse tiltaka er sett i gang og planlegging av dei øvrige pågår. Innafor ramma av ENØK fondet fekk rådmannen og fullmakt til å gjennomføra andre prioriterte ENØK tiltak.

Det pågår nå eit arbeid kor ein ser på moglegheita av å kunna gjennomføra energimerking og kartlegging på fleire av dei formålsbygga som ikkje vart vurdert i den første runden.

### Startlån

Dette er lån kommunen tar opp i Husbanken for vidareformidling til bustadbyggjarar og bustadkjøparar. Vilkår for tildeling og nedbetaling er vedtatt av kommunestyret. Normalt blir startlån nedbetalt kvartalsvis over 18 år. Dei 3 første åra er avdragsfrie. Kommunen har størsteparten av risikoen ved desse låna. Rådmannen rår derfor til at det blir løyvt 5 mill. kr. per år i denne økonomiplanperioden.

### Jærmuseet

Hå kommune ser det som viktig å få på plass eit magasin og administrasjonsbygg for den vidare utviklinga av Jærmuseet i Hå. I økonomiplanen for 2017-2020 blei det sett av 5 mill. kr i kvart av åra 2017 og 2018 som direkte bidrag til finansieringa av administrasjonsbygget. Hå kommune har betalt 7,5 mill. kr i tilskott i 2019.

Når bygget er ferdig vil dei resterande 2,5 mill. kr bli utbetalt.



# Opplæring og kultur

Tenesteområde for opplæring og kultur har ansvar for barnehage, skule og kultur. Hausten 2019 er det totalt 975 barn i dei kommunale barnehagane, 2627 elevar i den kommunale grunnskulen og 503 elevar i kulturskulen. Totalt var det om lag 633 årsverk i tenesteområdet per 1. januar 2019. Dei største utfordringane i budsjettet for 2020 er at det er innført bemanningsnorm og pedagognorm i barnehage og lærarnorm i skule.

## Mål og strategiar

Kommunen skal gje eit variert, aktivt og stimulerande tilbod som gjer rom for oppleving og utvikling i barnehage, skule og fritid. Barna/elevane skal oppleve barnehagen og skulen som ein naturleg og spennande del av det samla oppvekstmiljøet sitt, der læring og sosial utvikling står i fokus. I samarbeid med heimen vil kommunen arbeida aktivt med å gje barna ein god barndom. Det er eit hovudmål at alle barn/elevar i barnehage og skule i Hå opplever læring og meistring kvar dag. Ved å leggja til rette for eit rikt kulturliv kan kommunen dokumentere og formidla vår felles kulturarv, formidla kunnskap og oppleving og leggja til rette for eigenaktivitet og ulike former for sosiale aktivitetar.

## Utfordringar i neste periode

Innan tenesteområdet er det for tida eitt stort byggeprosjekt som er i gang. Det eldste bygget på Varhaug skule skal rivast, nybygg skal settast opp og skulen skal utvidast. Dette prosjektet går som planlagt.

Rådmannen er opptatt av den faglige kvaliteten i barnehagen. Den er god i Askeladden barnehage, men bygget er dårleg og uteområdet er kategorisert som rødt i *Plan for uteområde barnehage og skule*. Rådmanne føreslår derfor å flytta barnehagedrifta i Askeladden til Nymannsbråtet. Etter planen skulle Brusand barnehage stå klar i 2022. Rådmannen finn ikkje rom for denne investeringa og føreslår å gjenbruka Nymannsbråtet barnehage. Det blir føreslått å gjera oppgraderingar i denne, slik at barn og tilsette frå Askeladden kan flytta til Nymannsbråtet barnehage frå hausten 2020. Deretter kan tomta/bygget der Askeladden barnehage held til, bli lagt ut for sal. **Dette blei ikkje godkjent av kommunestyret.**

Rådmannen føreslår å leggja ned Urhei barnehage frå hausten 2020. Det er ledig kapasitet til desse barna i dei andre barnehagane. Innsparinga vil hovudsakeleg bestå i at me sparar inn styrarstillinga og 20% sekretærstilling. Tomta barnehagen ligg på kan deretter leggest ut for sal.

Det vil vera god kapasitet på Oгна og Vigrestad i åra som kjem. Rådmannen føreslår derfor å ta 2 mill. kr i planleggingsmidlar til Stokkalandsmarka skule ut frå investeringsbudsjettet. Elevantvikling og prognosar gjer at rådmannen rår til at dette vert grundig belyst når skulebruksplanen vert revidert hausten 2020. **Dette blei ikkje godkjent av kommunestyret.**

**I tillegg vedtok kommunestyret å leggja inn 0,5 mill. kr årleg til skuleskyss og følgande tekstforslag:**

- **Tidspunkt for ny skule vert avklart på bakgrunn av ny skulebruksplan hausten 2020. Første halvår 2020 vert det i påvente av ny skule utgreia ei skyssordning for skuleborna i Stokkalandsmarka frå 1. – 4. klassetrinn.**

Rådmannen føreslår å ikkje opne folkebiblioteket på Vigrestad. Dersom Vigrestad filial skal opnast er det behov for ei auke av driftsbudsjett på 620 000 kr årleg. I tillegg synar nye kalkylar at totalkostnadane for å bygga om meieriinternatet vil bli på nærare 7 mill. kr. Etter eit slikt vedtak har Hå kommune framleis tre folkebibliotek, mot eitt i kvar av nabokommunane Klepp og Time. **Kommunestyret vedtok å leggja inn 300 000 kr årleg til tiltak for bibliotek på Vigrestad og følgande tekstforslag:**

- **I løpet 2020 vert det laga ei løysing der skulebiblioteket på Vigrestad storskule vert utvida til eit enklare folkebibliotek, med utvida boksamling og opningstider**

Dette året er det ein nedgang på om lag 10 barnehageplassar. Dette skuldast at talet på små barn går ned. Dei små tel to plassar. Prognosane i barnehagebruksplanen viser at det vert nedgang i talet på barnehagebarn. Dette gjer at me kan spara 1 mill. kr kvart år.

**Kommunestyret vedtok å auka budsjettet med 0,7 mill. kr årleg.**

Dette skuleåret har me hatt ein elevtalsauke på i underkant av 20 elevar i skulane. I gjeldande økonomiplan ligg det inne ein auke på 3,5 lærarstillingar i året for å halda tritt med elevtalsutviklinga. I budsjett for 2020 finn ikkje rådmannen rom for ei slik auke. Dette vil gje ei innsparing på 2,4 mill. kr i 2020. I resten av økonomiplanperioden ser det ut til å verta ei auke på om lag 25-30 elevar kvart år. Rådmannen legg difor inn forslag om å auka med 2 lærarstillingar i året frå 2021 og ut økonomiplanperioden. Dette vil gje ei ytterlegere innsparing på 1 mill. kr kvart år i resten av perioden i forhold til vedteken økonomiplan.

Lærarnorm, saman med høgare fagkompetanse hos lærarane våre, gjer at lønnsutgiftene vert stadig høgare. Me innførte ny ressurstilingsmodell for skulane i 2019 der rektorane får totalansvar for økonomien sin. I førre økonomiplan blei det vedteke ei innsparing på 1,5 mill. kr årleg frå og med 2020. Rådmannen føreslår å auka dette med 1 mill. kr årleg, til totalt 3,5 mill. kr. Med denne innsparinga vil skulane fortsett oppfylla lærarnorma.

Rådmannen føreslår å leggja inn ein pott til å betala lønn på 279 kr per dag til ungdom som har falt ut av vidaregåande skule og er under 18 år, 100 000 kr årleg. Desse ungdommane fell utanfor NAV- systemet som tilbyr same vilkår for dei over 18 år. Ei slik ordning vil vera viktig for å førebygga varig fråfall frå skule og arbeidsliv. Fylkeskommunen si oppfølgingsteneste følgjer opp desse ungdommane, men har ikkje lønnsmidlar.

Til slutt i kapittelet er det ei detaljert oversikt over endringane som er føreslått i budsjettet.

## Driftsbudsjett opplæring og kultur

Tabellen viser driftsrammene for heile tenesteområdet. Dei er oppdatert etter kommunestyret sitt vedtak, det er til saman lagt til 1,5 mill kr årleg og tatt ut 250 000 kr til garderobeleige (frå 2021) i tillegg til 0,6 mill kr årleg som effekt av Framtidsløftet.

### Driftsbudsjett opplæring og kultur

Ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2018	2019	2019 *)	2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter	590 157	551 750	575 138	567 692	568 289	569 714	571 134
Driftsinntekter	-137 764	-100 603	-109 458	-91 308	-91 184	-91 184	-91 184
Netto drift	452 393	451 147	465 680	476 384	477 105	478 530	479 950
Årsverk	666,86	633,8	633,1	632,9	634,9	636,9	638,9

\*) med godkjente endringar

### Driftsbudsjett opplæring og kultur med dei enkelte tenestene

Ressursbruk	2018	2019	2019 *)	2020	2021	2022	2023
Administrasjon	5 947	5 678	5 488	5 846	5 846	5 846	5 846
Skule	240 049	234 314	243 874	248 571	249 571	250 971	252 371
Barnehage	163 509	167 077	171 680	176 831	176 251	176 251	176 251
Kultur	42 888	44 078	44 638	45 136	45 437	45 462	45 482
Netto drift	452 393	451 147	465 680	476 384	477 105	478 530	479 950

### Årsverk

Årsverk	2018	2019	2019 *)	2020	2021	2022	2023
Administrasjon	6,9	5,9	5,9	6,9	6,9	6,9	6,9
Skule	336,8	336,8	336,8	336,8	338,8	340,8	342,8
Barnehage	245,6	245,6	244,9	243,7	243,7	243,7	243,7
Kultur	43,9	45,5	45,5	45,5	45,5	45,5	45,5
SUM	633,2	633,8	633,1	632,9	634,9	636,9	638,9

## Administrasjon

Tenesteområdet har ein felles administrasjon på Rådhuset.

### Driftsbudsjett administrasjon

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2018	2019	2019 *)	2020	2021	2022	2023
1200 Administrativ leiging	3 552	3 395	3 197	3 500	3 500	3 500	3 500
1202 Personaladministrasjon	1 215	1 073	1 076	1 086	1 086	1 086	1 086
1203 Økonomi og rekneskap	1 180	1 210	1 215	1 260	1 260	1 260	1 260
Sum utgifter	6 005	5 713	5 523	5 877	5 877	5 877	5 877
Sum inntekter	-58	-35	-35	-31	-31	-31	-31
Netto drift	5 947	5 678	5 488	5 846	5 846	5 846	5 846
Årsverk	6,9	5,9	5,9	6,9	6,9	6,9	6,9



Auken i årsverk skuldast at 50 % SLT-koordinator-stilling er flytta organisatorisk frå ein av skulane til felles administrasjon på rådhuset. Vidare er ALLEMEDIHÅ prosjektleiarstillinga auka med 50 % etter vedtak i kommunestyret.

## Barnehage

### Mål

- Ivareta barn sitt behov for omsorg og leik, og fremma læring og danning som legg grunnlag for positiv utvikling.
- Barn med spesielle behov skal få tilstrekkeleg hjelp.
- Tilby alle barn under opplæringspliktig alder barnehageplass i barnehagar av høg kvalitet.

### Nøkkel- og utviklingstal

KOSTRA-tala for 2018 viser dette innan barnehagesektoren:

BARNEHAGE tal pr. 31.12	Hå		Klepp		Time		Rogaland	
	2017	2018	2017	2018	2017	2018	2017	2018
0-åringar	285	232	243	225	246	247	5930	5533
1-2 åringar	549	567	518	520	510	510	12372	12142
3-5 åringar	873	824	845	813	841	806	19084	18676
Totalbefolkning	18 762	18 814	19 217	19 354	18 699	18 795	473 256	475 654
Prosentvis andel av befolkninga 1-5 år	9,10 %	8,63 %	8,36 %	8,05 %	8,54 %	8,32 %	7,90 %	7,64 %
Netto driftsutgift pr. innbyggjar	9159	9503	9577	9790	9930	10158	9574	9935
Netto driftsutgift pr. barn 1-5 år brukt på bhg	120 843	128 534	135 023	142 146	137 449	145 074	143 704	152 779
Dekningsgrad 1-5 år	83,5	83,9	92,1	92	89,5	89,7	89,8	90
Dekningsgrad 1-2 år	63,2	65,1	84	81,3	77,8	81,6	79,4	79,7
Dekningsgrad 3-5 år	96,2	96,8	97,2	98,9	96,6	94,9	96,5	96,6
Talet på barn i komm. brhg i forhold til alle barn i bhg. i %	82,5	82,5	67	64,8	52	52,5	50,9	50,6
Talet på minoritets. barn i bhg i forhold til innv.barn 1-5år i %	72,8	78,8	80,4	78,1	75,7	76,8	76,8	78
Talet på minoritets. barn i bhg i forhold til alle barn med bhg-pl. i %	15,8	16,3	16,3	16,3	11,8	12	16,8	17,5
Korr. brutto driftsutg til kom bhg pr korr opphaldstid	60	62	61	66	64	65	67	71
Korrigerede oppht. pr årsverk i komm. bhg	13 307	12 948	12 571	12 492	13 109	12 619	12 999	12 575
Talet på barn. brhg m opphaldstid 33t el meir i kom. Bhg i %	87,8	89,8	95,9	96,3	97,3	98,9	97,3	97,7
Talet på styrarar og ped.leiarar med godkjent bhg-lærarutdanning i %	77,1	69,8	87,6	88,2	86,6	87,3	88,6	83,1
Andel barnehagelærere i % av grunnbemanningen	32	33,2	34,8	40,4	34,6	40	35,2	36,8

### Kommentar til tabellen: 2018

- Hå kommune ligg høgast av Jærkommunane (Time og Klepp) når det gjeld den prosentvise delen av innbyggjarane i alderen 1-5 år.
- Driftsutgifter per barn på 1-5 år brukt på barnehage er lågare i Hå enn i Klepp og Time. Det skuldast mellom anna at Hå har relativt færre barn i barnehage. Ser me på

brutto driftsutgifter per opphaldstime ligg Hå på 62 kr, noko som er lågare enn Klepp og Time (66 og 65 kr). Gjennomsnittet i Rogaland er 71 kr. Høgare bruk av deltidsplassar i Hå kan gjera at driftsutgiftene er høgare enn dei elles ville vore. Dette er mellom anna på grunn av krav til talet på pedagogar per barn.

- Dekningsgraden i Hå har auka gradvis dei siste åra. I 2018 var det prosentvis like mange 3-5 åringar i barnehage som i Time. Når det gjeld barn i alderen 1 -2 år, ser me at også den aukar, men er framleis lågare enn Klepp og Time. Den viktigaste grunnen til dette er tilbodet om kommunal kontantstøtte for to-åringar.
- Samanlikna med nabokommunane og Rogaland hadde Hå for første gang prosentvis lik del minoritetspråklege barn i barnehage. Talet på minoritetspråklege barn i forhold til alle barn med barnehageplass er nå likt med Klepp, over Time og under snittet for Rogaland.
- Det er framleis fleire som nyttar barnehage som eit deltidstilbod i Hå, samanlikna med Klepp, Time og Rogaland.
- Hå kommune ligg framleis bak Klepp, Time og Rogaland når det gjeld den prosentvise delen av styrarar og pedagogiske leiarar som har godkjent barnehagelærarutdanning. Me ser likevel ein positiv og aukande trend i Hå. Det var 19 nyutdanna barnehagelærarar ved oppstart i haust.

### Driftsbudsjett barnehage

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2018	2019	2019 *)	2020	2021	2022	2023
2010 Barnehage ordinær	142 707	144 596	148 898	153 388	152 808	152 808	152 808
2012 Barnehage, open bh	1 108	1 205	1 214	1 197	1 197	1 197	1 197
2019 Kontantstøtte - utgift	4 034	3 839	3 840	3 962	3 962	3 962	3 962
2110 Styrka barnehagetilbod	15 726	16 815	17 394	17 638	17 638	17 638	17 638
2111 Minoritetsbarn/tospråklig	-66	622	334	646	646	646	646
Sum utgifter	212 477	208 471	215 274	218 809	218 229	218 229	218 229
Sum inntekter	-48 968	-41 394	-43 594	-41 978	-41 978	-41 978	-41 978
Netto drift	163 509	167 077	171 680	176 831	176 251	176 251	176 251
Årsverk	245,6	245,6	244,9	243,7	243,7	243,7	243,7

Maksimalsatser for eigenbetaling ligg til grunn for foreldrebetaling i barnehagane.

### Tiltak

- Fortsetta arbeidet med å styrka barnehagane sine leiarteam. Me har eit målretta arbeid frå styrarnivå og ut i kvar barnehage. I tillegg er det leiariprogram for nye barnehagelærarar i kommunen.
- Deltaking i Inkluderande barnehage- og skulemiljø som ei vidareføring for å sikra eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø i kommunen.
- Arbeida vidare for å rekruttera og behalda barnehagelærarar i barnehagane.

## Ivareta barn sitt behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som legg grunnlag for allsidig utvikling

I *Kvalitetsplan for barnehage 2018-2021*, er merksemda retta mot kvalitet og innhald. Fokus på leing i barnehagen er eit kontinuerleg arbeid og er viktig for barn sin trivsel, utvikling og læring. Personalet i barnehagen har ansvar for å leggja til rette for struktur, forutsigbarhet og tydelege rammer. Barn treng å kjenna at den vaksne er tydeleg, men samtidig god. Me erfarer at kompetente og engasjerte leiarar med høg kompetanse legg eit solid grunnlag for kvalitet i den einskilde barnehage.

### *Open barnehage*

Me har ein kommunal open barnehage. Den held til på misjonshuset på Varhaug, men er tilknytt Lensmannsgarden barnehage og arbeider under visjonen: «Varme hjerter – gode øyeblikk». Dette er ein møteplass for barn 0-6 år, i følgje med foreldre, besteforeldre, dagmamma eller andre. I open barnehage får barnet kvalitetstid med omsorgspersonen, leika med andre barn og få venner, læra språk saman med andre, få positive opplevingar og vert førebudd til ordinær barnehage. Open barnehage er eit godt tilbod for barn som ikkje går i ordinær barnehage. Open barnehage vil bli drøfta i revideringa av barnehagebruksplanen i 2020.

### *Trygt og godt barnehagemiljø*

Barnehagar skal arbeida systematisk for trygt og godt barnehagemiljø. Saman med Jærskulen har åtte barnehagar i dei fire Jærkommunane vore med i prosjektet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø». Med bakgrunn i gode erfaringar og lærerikt prosjekt, søkte fire nye barnehagar og skular om å vera med i ny pulje som startar i januar 2020. Prosjektet er ei felles nasjonal satsing på trygt og godt psykososialt barnehage- og skulemiljø.

### *Pedagogdekning*

1. august 2018 fekk me eit skjerpa krav til den pedagogiske bemanninga i barnehagen. Kravet auka frå 33 til 43 prosent. Regjeringa legg vekt på at vaksentetthet saman med kompetanse er av stor betydning for kvaliteten på barnehagetilbodet. Det framtidige målet til regjeringa er 50 prosent barnehagelærarar i alle barnehagar. I Hå har me over fleire år hatt fokus på å rekruttera og utdanna fleire barnehagelærarar og barne- og ungdomsarbeidarar. Arbeidet har gitt gode resultat og pedagogdekninga aukar. Ved oppstart hausten 2019 hadde me 19 nyutdanna barnehagelærarar, og fleire er framleis under utdanning.

### *Kompetanseutvikling*

Gjeldande kompetansestrategi frå kunnskapsdepartementet legg opp til endringar som mellom anna medfører regionale nettverk på tvers av kommunegrenser. Det vil verta regionale samarbeidsfora som skal prioritera og dimensjonera kompetansetiltaka i regionen. Omlegginga har resultert i Regional ordning for kompetanseheving Sør (REKOMP), som medfører eit langt tettare samarbeid mellom kommunane frå Sandes og sørover i Rogaland. For å få tildelt statleg tilskot er det varsla krav om eigenandel på 30 prosent. Kommunen har dei siste åra fått tildelt vel 200 000 kr, noko som vil halda fram om me dekker eigenandelen. Rådmannen føreslår difor å leggja inn 100 00 kr årleg til denne satsinga.

### *Saman om god oppvekst*

Me har sidan 2009 hatt eit foreldrerettleiingsprogram, kalla *Saman om god oppvekst*. Desse åra har det vore gjennomført eit stort antall foreldrekurs på kveldstid. Same program har vore

gjennomført for tilsette i barnehagar. Målsettinga for *Saman om god oppvekst* har vore å trygga foreldrerolla.

Dei siste åra har det vore ei endring i behovet kring foreldrerettleiing. Behovet for individuell rettleiing og trygging i foreldrerolla er aukande. Me vil halde fast på foreldrekveldar og kombinera dette med individuell rettleiing. Rådmannen føreslår difor å auka denne satsinga med 100 000 kr årleg.

### *Barn med spesielle behov skal få tilstrekkeleg hjelp*

Kommunen har plikt til å ta omsyn til kvart enkelt barn og ha individuelle tilpassingar innanfor det ordinære barnehagetilbodet. Tilbodet skal verta tilpassa barnet sitt funksjonsnivå.

Nokre barn vil ha behov for tilpassingar utover det ordinære barnehagetilbodet.

Barnehagelova gir barn med nedsett funksjonsevne rett til individuell tilrettelegging av barnehagetilbodet. Barnehagelova gir også barn rett til spesialpedagogisk hjelp, dersom barnet har særleg behov for det. I nokre tilfelle kan barnet ha behov for både tilrettelegging av barnehagetilbod og spesialpedagogisk hjelp.

Spesialpedagogisk team har for tida fem spesialpedagogar. Teamet skal bidra til naudsynt kompetanse og ivareta arbeidsoppgåver knytt til det einskilde barnet. Arbeidsoppgåvene vil vera direkte knytt mot barn i kommunale og private barnehagar, samt rettleiing av foreldre og personale. Barn utan barnehageplass har rett på spesialpedagogisk hjelp i heimen.

## Tilby alle barn under opplæringspliktig alder barnehageplass i barnehagar av høg kvalitet

I gjeldande barnehagebruksplan er det eit overordna prinsipp at me har tilnærma likeverdige kvalitet og god funksjonalitet i alle barnehagebygg.

Behovet for barnehageplassar har dei to siste åra vore lågare enn prognosane i barnehagebruksplanen. Dersom me bruker opptakstala frå 15. august 2018 saman med folketal for 1. januar 2018, får me ei dekningsgrad på 68,1 prosent for 1-2 åringane. I 2017 hadde me ei dekningsgrad på 63,2 prosent for 1-2 åringar.

	Barnehageopptak	Folkemengd	Dekningsgrad
	15.08.2109	01.01.2019	01.01.2019
1-2 år	353	567	62,3
3-5 år	824	824	100,0
1-5 år	1 177	1 391	84,6

## Bruk av lokal kontantstøtte

Bruk av kontantstøtte i 2019 er tilnærma lik 2018.

Hausten 2019 nyttar om lag halvparten av mottakarane tilbodet om redusert kontantstøtte. Desse mottakarane kombinerer barnehagetilbod og kontantstøtte. Pedagognorma vert rekna ut etter antall barn. Delte plassar fører dermed til fleire pedagogar og ei kostnadsauke for kommunen. Fram til kommunen har full pedagogdekning fører gradert kontantstøtte til fleire dispensasjonar frå utdanningskravet.

## Kommunestyret vedtok følgende tekstforslag:

- **Den kommunale kontantstøtta vert regulert i henhold til konsumprisindeks.**

## Støtte til private barnehagar

Tilskotet til private barnehagar vert rekna ut frå kommunerekneskapan to år før. Desse tala vert indeksregulert og utgjer driftstilskotet saman med kapitaltilskot for bygningsmassen, som vert rekna ut frå byggeår. Med atterhald om godkjent statsbudsjett og eventuelle endringar frå staten, vert driftstilskotet i 2020 til dei private barnehagane 209 178 kr per plass for barn på 1-2 år, og 99 699 kr per plass for barn på 3-5 år.

I tillegg til dei tre ordinære ikkje-kommunale barnehagane, har kommunen ein privat open barnehage, Noas Ark (Nærbø). Budsjettet til Noas Ark er på om lag 0,8 mill. kr i 2020.

## Forslag til innsparingstiltak/auka inntekter barnehage:

### Færre barn

- Hausten 2019 er det om lag ti færre barnehageplasser samanlikna med hausten 2018. Det gir ein reduksjon av kostnaden i barnehagebudsjettet for 2020 på om lag 1,0 mill. kr.

### Legga ned Urhei barnehage frå hausten 2020.

- Dei siste åra har me hatt ein reduksjon i barnetallet i alderen 1-5 år og færre søkarar til barnehageplasser. Det er ledig areal i fleire barnehagar. Rådmannen føreslår å legga ned drifta i Urhei barnehage. Dette vil gje ei innsparing på lønnskostnadar for styrar og sekretær, til saman 420 000 kr i 2020 og 1,0 mill. kr per år i resten av økonomiplanperioden. I tillegg sparer me kostnad til reinhald og vaktmeister med ein heilårsårsverknad på 374 000 kr. Dette er tatt inn i budsjettforslaget til eigedomsavdelinga.

Urhei barnehage er ein av dei to minste barnehagane på Nærbø. Det er registrert at golvdekkinga er utslitt og det er utfordringar knytt til lydtilhøve og støy. Utvendig er det behov for utbetringar knytt til avløp og drenering. Utearealet er lite og treng oppgradering. Barnehagen ligg sentralt i eit bustadfelt, og rådmannen føreslår at tomte blir lagt ut for sal.

## Kommunestyret vedtok å auka budsjettet til barnehagane med 0,7 mill. kr årleg.

## Skule

### Mål

Kommunen sine mål med skulane er i tråd med Kunnskapsløftet (K06), Jærskulen sitt grunnlagsdokument og kommuneplanen 2014 – 2028:

- I samarbeid med heimen vil kommunen arbeida aktivt med å gje barna ein god barndom.
- Alle elevar i skulen i Hå opplever læring og mestring kvar dag.

### Delmål:

- Elevane skal ha ein trygg og inkluderande skule med høgt fagleg nivå.
- Barn og unge med særskilde vanskar skal få tilstrekkeleg hjelp.

## Nøkkeltal og utviklingstrekk

### KOSTRA-tala for 2018 viser dette innan skule

SKULE	Hå		Klepp		Time		Rogaland	
	2017	2018	2017	2018	2017	2018	2017	2018
Antall barn 6-15 år	2 802	2 857	2 780	2 842	2 651	2 689	63 122	63 841
Totalbefolkning	18 762	18 814	19 217	19 354	18 699	18 795	473 256	475 654
Prosentvis andel av befolkninga 6-15 år	14,9 %	15,2 %	14,5 %	14,7 %	14,2 %	14,3 %	13,3 %	13,4 %
Netto driftsutg. grunnskulesektor pr. innbyggjar	14430	15079	14893	15426	13966	14637	13429	14202
Netto driftsutg. til grunnskulesektor pr. innbyggjar 6-15 år	96 621	99 298	102 946	105 048	98 508	102 304	100 744	105 811
Talet på elevar i kom. gr.sk av i % av kom. innbyggjarar 6-15 år	91,3	91,8	97,3	96,8	96,27	95,5	95,2	94,7
Lønnsutgift grunnskule, skulelokalar, skuleskyss pr elev	92 092	93 488	91 124	96 613	84 641	87 895	88 799	92 848
Talet på elevar i grunnskole som får spes.und i %	6,6	6,2	6,4	6,3	6,9	6,6	7,8	8,1
Talet på lærarar med universitets-/høgskuleutdanning og ped. utdanning i %	87,9	76,2	80,8	72,5	84,7	81,3	87,5	78,5
Driftsutgifter til inventar og utstyr pr. elev i grunnsk.	282	302	984	751	977	475	936	959
Driftsutgifter til undervisningsmateriell, pr elev i grunsk	1774	1759	1259	1156	1885	2609	1348	1600

\*Tal ikkje oppgjevne

NB: Alle data er datert 31.12 dersom ikkje annan dato er oppgitt.

#### Kommentarar til tabellen: 2018

- Netto driftsutgifter til grunnskulen per innbyggjar 6-15 år er lågare i Hå enn i Klepp og Time. Dette skuldast mellom anna at fleire frå Hå går i private ungdomsskular. Om ein går ut frå at dei som ikkje går i den kommunale skulen hadde kosta det same som dei som går der, hadde utgiftene til Hå vore rundt 108 000 kr. Det er på same nivå som Klepp og Rogaland, men litt over Time.
- Lønnsutgifter, utgifter til skulelokale og skuleskyss per elev er høgare i Hå enn i Time. Samstundes ligg me lågare enn Klepp. Me har hatt ei forholdsvis mindre auke enn nabokommunane. Det er me glade for. Me har store skyssutgifter. Av den grunn kan det sjå ut som me har forholdsvis mindre lønnsutgifter.
- Talet på elevar som har rett til spesialundervisning går ned, frå 6,6 %, til 6,2 % frå 2017 til 2018. Det er ei gledeleg utvikling. Skulane og PPT har over tid arbeidd grundig for å få til ei best mogleg tilpassa undervisning for alle. Me håper at denne utviklinga fortset. Behovet for spesialpedagogisk hjelp har likevel auka frå 5,5 % til 6,2 % i perioden frå 2013 til 2018. Me ser og at dei elevane som får spesialpedagogisk hjelp, får stadig større behov. Dette gjer at skulen sin fleksibilitet, organisering og tilpassa opplæring vert utfordra når større delar av ressursane og undervisninga vert bundne opp til enkeltelevar. Til samanlikning ligg Hå kommune på linje med Time og Klepp, og noko under Rogaland. Ser ein på driftsutgifter til inventar, utstyr og undervisningsmateriell samla, nyttar Hå kommune noko mindre på desse postane enn nabokommunane. Hå nyttar 2061 kr per elev. Klepp 2862 kr per elev og Time nyttar 3084 kr per elev. Rogaland nyttar i

snitt 2559 kr per elev. Dette viser at Hå kommune nyttar forholdsvis lite på inventar, utstyr og undervisningsmateriell når me samanliknar oss med nabokommunane.

- Kolonna som viser talet på kvalifiserte lærarar (Talet på lærarar med universitets/høgskuleutdanning) har endra seg mykje frå 2017 til 2018. Bare utdanningar som fyller tilsetjingskrava i høve opplæringslova, paragraf 14, reknast nå som pedagogisk utdanning. Av den grunn kan me ikkje samanlikna tala frå 2017 til 2018. Me ser likevel at me ligg over Klepp, men noko under Time og Rogaland. Me er nøgde med at målretta arbeid med rekruttering og kvalifisering over tid ser ut til å gjera at me har ei forholdsvis god lærardekning. Samtidig har me utfordring med å rekruttera lærarar med kompetanse i enkelte fag. Den nasjonale satsinga «kompetanse for kvalitet» vert nytta til å kvalifisere lærarar i kjernefaga (norsk, engelsk og matematikk).

### Driftsbudsjett skule

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2018	2019	2019 *)	2020	2021	2022	2023
1806 Tillitsvalde	915	925	947	1 092	1 092	1 092	1 092
2020 Undervisning, ordinær	151 641	155 302	158 611	161 952	163 202	164 602	166 002
2021 Spesialundervisning	50 877	41 241	45 163	44 405	44 405	44 405	44 405
2024 Undervisning minoritetsspråklege	3 938	3 965	3 625	1 608	1 608	1 608	1 608
2026 Administrasjon skulane	18 067	17 781	17 953	18 129	18 129	18 129	18 129
2027 Kantine skulane	242	68	100	-168	-168	-168	-168
2130 Vaksenopplæring	906	840	840	5 090	5 090	5 090	5 090
2133 Opplæring innvandararar	917	548	3 377	2 726	2 726	2 726	2 726
2136 Opplæring psykisk utvh.	362	730	743	862	862	862	862
2150 Skulefritidstilbod	-	-	134	-	-	-	-
2151 SFO -ekstra tilrettelegging	2 899	3 797	3 264	3 279	3 279	3 279	3 279
2230 Skuleskyss	5 118	5 050	5 050	5 300	5 300	5 300	5 300
2857 Tilskott til private skular	150	-	-	0	-	-	-
Sum utgifter	302 371	280 005	295 915	284 401	285 651	287 051	288 451
Sum inntekter	-66 274	-49 755	-56 108	-40 126	-40 126	-40 126	-40 126
Netto drift	236 097	230 250	239 807	244 275	245 525	246 925	248 325
Årsverk	336,8	336,8	336,8	336,8	338,8	340,8	342,8

### Tiltak

For å sikra og halda fokus på auka læring og på eit betre skulemiljø føreslår rådmannen:

- Halde oppe innsatsen med å rekruttera og kvalifisera lærarar i 2020. Me har om lag 10-15 lærarar kvart år som gjennom den nasjonale satsinga «kompetanse for kvalitet» kvalifiserer seg til undervisning i kjernefaga norsk, engelsk og matematikk. Dette er for lærarar som allereie er i arbeid. I tillegg arbeider me godt saman med Jærskulen for å synleggjera skulane og rekruttera nye lærarar.
- Fortsatt høg innsats på motivasjon i skulen med støtte frå UDIR (Utdanningsdirektoratet), gjennom rettleiarkorpset, ut skuleåret 19/20. Me nyttar også *Kvalitetsplan for skulane i Hå*, samt *Kvalitet og utvikling i Jærskulen*, som reiskap for å betra resultat og læringsmiljø.

## Lærardekning

Elevtalet i Hå kommune er aukande sjølv om auken ikkje er like stor som tidlegare. Etter framskrivingar per 01.01.2019 vil Hå kommune ha 2709 elevar i kommunal grunnskule i 2023, altså ei elevtalsauke på om lag 80 elevar frå 2019.

Forholdet mellom elevar og lærarårsverk utan ekstra lærarstillingar i 2020, og med 2 lærarstillingar ekstra per år resten av økonomiplanperioden:

01.jan Skuleåret	2019 18/19	2020 19/20	2021 20/21	2022 21/22	2023 22/23
Elevar i kom. grunnskule	2 627	2 640	2 658	2 683	2 709
Lærarårsverk ink. adm	243,8	243,8	245,8	247,8	249,8
Elevar pr lærarårsverk	10,8	10,8	10,8	10,8	10,8

*\*Elevtal 20-23 er prognosar pr 1.sep 2019*

*\*Antar 230 elevar frå Hå på priv skular*

Tabellen viser korleis elevtalet per lærar vil utvikla seg utan den vedtekne opptrappinga på 3,5 årsverk i 2020, og ei opptrapping på 2 årsverk frå 2021 og ut perioden. Me ser at elevtalet vil auka med i overkant av 80 elevar frå 2019 til 2023. Med rådmannen sitt forslag vil lærardekninga halda seg om lag på nivå som i 2019.

I 2018 blei det innført ny lærarnorm for skulane i landet. Frå 2019 skal snittet for klassestørrelsen vera 15 elevar per lærar for 1-4 trinn. Frå 5 til 10 trinn skal snittet ikkje overstiga 20 elevar per lærar. Skuleåret 2018/2019 er kommunen totalt sett innafør lærarnorma. Med den elevtalsutviklinga som me nå legg til grunn vil me klara lærarnorma utan den planlagde opptrappinga på 3,5 årsverk i 2020.

Sjølv om me ser ein gledeleg nedgang i talet på elevar med spesielle behov dei siste to åra, ser me at dei som treng spesialpedagogisk hjelp, stadig treng meir hjelp. Av den grunn rapporterer skulane om stort press og vanskelege prioriteringar for å nå krav om lærarnorm, samstundes som dei må gi elevar med særskilte behov den hjelpa som dei har krav på. Auka bruk av spesialpedagogisk hjelp gir lågare lærardekning. Hå kommune har organisert det slik at skulane ikkje vert kompensert når nye elevar får behov for spesialundervisning. Heile ramma er lagt ut, slik at lærarressursane vert brukt for å få til tilpassa undervisning. Behov for spes.ped-ressurs på den enkelte skule går frå totalramma.

Rådmannen føreslår å ta bort den årlege auken på 3,5 stillingar i skulane for 2020. Samstundes føreslår rådmannen ein årleg auke med 2 stillingar frå og med 2021 og ut perioden.

## Innsparing skule

Me innførte ny ressurstilodelingsmodell for skulane i 2019. Kvar rektor har nå fått budsjettansvar både for drift og lønn. Dette er ei tilsvarande ordning som er i Time, Klepp og Gjesdal. Tidlegare har rektorane hatt ansvar for driftsbudsjettet og å styra etter stillingsheimlar. Dei har nå eit større ansvar, men og større moglegheiter til å prioritera innan eige budsjett. Lærarnorm, tilpassa opplæring og spesialpedagogisk hjelp er ein utfordrande balansegang for rektorane våre. Totalramma til skulane er lite fleksibel sidan skulane sine utgifter i all hovudsak går til lønn. Det betyr at ei innsparing i stor grad vil gå ut over stillingar. Rådmannen ser likevel, på grunn av at me er innanfor på lærarnorma, at det vil vera rom for



ei innsparing på skule. I førre økonomiplan blei det vedteke ei innsparing på 1,5 mill. kr årleg i perioden. Rådmannen føreslår å auka dette med 1 mill. kr årleg, til totalt 2,5 mill. kr per år.

## Nedlegging av Hå opplæringsssenter

Hå opplæringsssenter er vedteke nedlagt frå 01.08. 2020. Me er i gang med å laga avtale med Time kommune om å kjøpa tenesta på Bryne kompetansesenter. Fram til nedlegging vil me driva Hå opplæringsssenter på Nærbø.

Kommunen sine kostnader med opplæring av innvandrarar og andre som har krav på grunnskuleopplæring for vaksne, aukar med 6,25 mill. kr i 2020. Dette kjem i stor grad av at det er mange fleire som har rett på opplæring enn det vi får midlar til. Ikkje minst gjeld dette tida opplæringa tar i forhold til kor lenge vi får midlar for.

## DEKOM: Desentralisert ordning.

Utdanningsdirektoratet har lagt om tildelinga av ressursar for kompetanseheving. Store nasjonale satsingar, som UIU (Ungdomstrinn I Utvikling) og VFL (Vurdering For Læring) forsvinn og vert erstatta med lokalt tildelte resursar tildelt etter søknad. Hå kommune er saman med kommunane sør i fylket, frå Sandnes til Lund, om å ha felles satsing på ny læreplan (Fagfornyninga) og Pfdk (Pedagogisk fagleg digital kompetanse). Gjennom DEKOM har me og etablert eit samarbeid med UiS. Dei gir oss fagleg tyngde innanfor Fagfornyninga og Pfdk. Målet med eit slikt samarbeid er at me skal kunna gje skulane meir tilpassa kompetanseutvikling «skreddarsaum». Dette i motsetning til store nasjonale satsingar der «alle får det same». Det følgjer midlar med satsinga.

## Digitalisering

Hå kommune vedtok våren 2017 at alle elevane, i løpet av skuleåret 18/19, skulle få kvar sin Chromebook. Alle elevar og lærarar har nå sin eigen maskin. Chromebook er ein type datamaskin som er utvikla for å kunne gjera ting raskare og enklare. Hovudmålet med fellesløyningane er å sikre gode moglegheiter for samarbeid og deling, samt god arbeidsflyt. Tilbakemeldingar og vurdering er noko av det som gir best effekt på elevens læring, og med desse nye fellesløyningane har lærarane fått sær gode verktøy til dette. Me har fått veldig gode tilbakemeldingar på dei vala som er gjort og ser at verktøyet vert godt nytta ute i einingane.

## Forslag til innsparingstiltak/auka inntekter skule:

### Ikkje auka med 3,5 lærarstilling i 2020

- Auka med 3,5 lærarstillingar i 2020 vert teken bort. Me ser at lærarnorma gir oss opning for å ta denne opptrappinga bort i 2020. Innsparing: 2,4 mill. kr. Deretter vert det, frå 2021, lagt inn ein auke på 2 stillingar årleg i resten av perioden mot 3,5 stillingar i økonomiplan 2019-2022.

### Innsparing skule

- Den nye tildelingsmåten har gitt skulane større fleksibilitet i bruk av ressursar. Kvar skule vil kunne prioritere der det er mest behov. Dette gir opning for ytterlegare innsparing på 1 mill. kr årleg, til totalt 2,5 mill. kr årleg.
- **Kommunestyret vedtok å oppgradera garderobane ved Nærbø ungdomsskule slik at me sparer 250 000 kr i årleg leige frå 2021.**

## Forslag til innsparingstiltak i skule som rådmannen ikkje rår til.

### Legga ned Høyland skule

- Rådmannen har vurdert å føreslå å legga ned Høyland skule frå hausten 2021. I følgje prognosane vil det vera kapasitet på Motland og Bø skule i åra som kjem. Det er rekna med ei innsparing på 3,5 mill. kr i heilårseffekt frå og med 2022. I tillegg kjem innsparingar på drift på om lag 800 000 kr per år.

I IK bygg er det registrert at det ved skulen er utfordringar knytt til vindauge, dører og innvendige overflater. Skulen ber preg av å vera «godt brukt» og har behov for oppgradering både av overflater samt dei tekniske anlegga. Samstundes manglar det spesialrom på skulen. Kunst og handtverksavdelinga tilfredsstillar ikkje dagens krav. Det er heller ikkje eige musikkrom på skulen. Prognosane viser at elevtalet vil gå gradvis nedover i åra som kjem. I dag er det 132 elevar på skulen. Prognosane i gjeldande skulebruksplan viser at elevtalet vil gå ned til om lag 100 elevar i 2025.

Rådmannen rår til at dette vert grundig belyst når skulebruksplanen vert revidert hausten 2020.

## Naudsynte aukingar for skule

### Auka behov for opplæring av vaksne

- På grunn av mindre inntekter og fleire med rett til grunnskuleopplæring vil norskopplæring og grunnskule for vaksne auka kostnadane med 6,25 mill. kr.
- **Kommunestyret vedtok å legga inn 0,5 mill. kr årleg til skuleskyss Stokkalandsmarka**

## Kultur

### *Mål*

- Ta vare på, dokumentera og formidla kulturarven, sentrale fysiske kulturminne og verdifulle kulturhistoriske landskapsområde.
- Barn og unge skal ha gode oppvekstvilkår i trygge og stimulerande nærmiljø.
- Eldre skal ha ein trygg og meningsfull livssituasjon der gode møteplassar, kultur- og fritidsaktivitetar er ein del av kvardagen.
- Alle, uavhengig av funksjonsnivå eller sosial og økonomisk stilling i samfunnet, skal kunne ta del i organisasjonsliv, ulike aktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk i eige nærmiljø.

Kultur og fritidsaktivitetar har ei sentral rolle i å skapa gode oppvekstvilkår og for personleg vekst og læring. Gode fritidsaktivitetar har også ei sentral rolle i rus- og kriminalitetsforebygging blant barn og unge. Samarbeid og samordning av tilbud i lag og organisasjonar, kommunale fritidstilbod, kulturskule og grunnskule er viktig.

Det er høgt tal på ulike arrangement i kommunen, i regi av organisasjonar og dei kommunale avdelingane. Dette gir innbyggjarane mange val, både når det gjeld musikk, litteratur, foredrag, kunst og lokalhistorie.

Idrettslaga i Hå sine nær 8000 medlemmar får eit variert tilbod gjennom mange veldrivne private anlegg i kommunen. Hå kommune gir tilskot til investering på 33% av godkjent kostnadsoverslag til anlegg som kan få spelemidlar og 50% investeringstilskot til andre anlegg. For nye idrettsanlegg er det for tida 5 år ventetid før ein begynner å få utbetalt kommunalt investeringstilskot. I samråd med Idrettsrådet vert det gjort framlegg om at kommunalt investeringstilskot til idrettslag for bygging av ordinære nærmiljøanlegg vert redusert frå 33 % til 20 % av godkjent kostnadsoverslag. Det er ingen reduksjon i budsjettet som følgje av dette. Endringa gjeld nye søknader frå og med 2020. Prioritering av spelemiddelsøknader og fordeling av investeringstilskot vert gjort i samråd med Hå idrettsråd. Fordeling av investeringstilskot er spesifisert i vedlagt tabell.

I kommunen er det også mange kulturbygg eigd og drive av frivillige lag og organisasjonar. Desse gir lokale for meir enn 70 barne- og ungdomsforeiningar, med nær 3000 medlemmar under 20 år. I tillegg kjem aktivitetar for vaksne. Hå kommune gir 50 % investeringstilskot til bygging og rehabilitering av kulturanlegg. Fordeling av investeringstilskot vert gjort i samråd med Kontaktutval for kulturbygg og –anlegg i Hå. For nye søkjarar er det om lag 10 års ventetid før investeringstilskot vert utbetalt. Fordeling av investeringstilskot er spesifisert i vedlagt tabell.

## Fritidsavdelinga

Fritidsavdelinga skal stimulera barn, ungdom, eldre og funksjonshemma til allsidige kulturelle aktivitetar. Særleg skal ein oppsøke ungdom i miljø der dei er og forsøka å rekruttera dei inn i positive aktivitetar.

Dei kommunale klubbane skal tena mange funksjonar: Klubbane er styrte av ungdommen sjølv og har medverknad og demokrati som vesentlige føresetnader. I klubbane finst ikkje eit A- eller B-lag, og ungdommen er i ei trygg ramme med støtte frå vaksne. Klubben som rusfri arena har også ein viktig funksjon. Klubbane er også ein viktig nøkkel til integrering av ungdom med ulik etnisk og kulturell bakgrunn.

Fritidsklubbane i Loen og Lensmannsløa har eit jamt høgt besøk på 60 (Varhaug) og 100 (Loen) i snitt. Det er ei stor utfordring for klubbleiar å ta hand om desse på ein forsvarleg måte, særleg med tanke på psykisk helse. Kontinuitet og kompetanse er avgjerande for desse gode ungdomstilboda. Me har hatt god erfaring med lærlingar og vil prøva å få dette til vidare. Likevel kan ein ikkje basera eit så viktig arbeid på lærlingar, då denne faktoren er for usikker. Det er stort behov for meir kvalifisert personale i dei to klubbane, ein auke på 50 %, delt på begge. Rådmannen har ikkje funne rom for ei auke på 450 000 kr til dette.

Det er også viktig å få med unge med nedsett funksjonsevne i fritidsaktivitetar. Manglande inkludering i barneåra vert vurdert som ein medverkande grunn til at menneske fell utanfor sosialt fellesskap og arbeidsliv i vaksen alder.

Tiltaka Vennegruppa og A-laget har auka oppslutnad, fordi me når ut til fleire som treng slike tilrettelagde tilbod. Då har behovet for tilsette og transport til aktivitetar også auka. Vennegruppene har fått så mange medlemmar, med ulike føresetnader og utfordringar, at gruppa må delast i to, med to tilsette på kvar del, for at tilbodet skal kjennast trygt for deltakarane.

## Driftsbudsjett fritidsavdelinga

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2018	2019	2019 *)	2020	2021	2022	2023
2310 Fritidsklubb	1 677	1 711	1 744	1 827	1 827	1 827	1 827
2312 Ungdomsråd	95	132	132	73	73	73	73
2315 Skulemusikkorps	1 065	1 148	1 159	909	909	909	909
2319 Andre aktivitetstilbod barn/unge	1 578	2 001	2 010	2 080	2 080	2 080	2 080
2343 Aktivitetstilbod funksjonshemma	1 011	1 019	1 034	1 035	1 035	1 035	1 035
2346 Velferdstiltak eldre	291	342	342	312	312	312	312
2348 Frivillighetssentral	390	-	-	-	-	-	-
3835 Kulturskule	5 970	6 135	6 202	5 878	5 878	5 878	5 878
Sum utgifter	15 163	14 200	14 335	13 904	13 904	13 904	13 904
Sum inntekter	-3 086	-1 712	-1 712	-1 790	-1 790	-1 790	-1 790
Netto drift	12 077	12 488	12 623	12 114	12 114	12 114	12 114
Årsverk	17,2	16,2	16,2	16,2	16,2	16,2	16,2

I samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren skal det utviklast gode kultur- og fritidstiltak for å betra opplevd livskvalitet og helse hos eldre. Hå kommune har fått årleg statsstøtte til Den kulturelle spaserstokken. I starten var statsstøtta til Spaserstokken 170 000 kr årleg. Frå og med 2017 er støtta halvert. Me held oppe eit akseptabelt tilbod gjennom bruk av eigne krefter.

Gjennom aktivitetar i Hå kulturskule opplever barn musikk- og skaparglede og lærer samhandling på ulike nivå. Kulturskulen har dei siste åra styrka gruppefaga. Dette er gjort delvis grunna etterspurnad, men også for å kunne skaffe meir inntekter i form av elevpengar. Kulturskulen har dei siste åra hatt god utvikling ved å satsa på større produksjonar som musikal og opera. Som del av innsparingar i 2017-budsjettet har kulturskulen redusert med 45 % stilling skuleåret 2017/2018 og 30 % skuleåret 2018/2019. Per september 2019 er det 503 elevplassar i aktivitet (485 hausten 2018) og 282 på venteliste (124 heilt utan plass).

Sommaren 2019 starta kulturskulen og fritidsavdelinga opp «Ung i juli» som eit forsøk. «Ung i juli» heldt til i Hå kulturtorg og var ope alle kvardagar i juli frå kl. 12 – 15. Bakgrunnen var at dei unge skulle ha ein møtestad med positivt innhald om sommaren. Tilbodet var ein suksess, med 550 deltakande ungdommar frå heile kommunen. Rådmannen føreslår difor å sette av 100 000 kr årleg til «Ung i juli» frå og med 2020.

Gjennom Innbyggarrådet kjem det gode innspel til kommunen sin eldrepolitikk, i tillegg til at menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom også får uttala seg her.

### Tiltak

- Koordinering av ungdomsarbeid gjennom rus- og kriminalitetsførebygging.
- Vidareføra Opplevelseskortet, eit samarbeid med NAV, retta mot barn i familiar med dårleg råd. Kortet gir gratis inngang til eit visst tal kulturarrangement eller besøk i kulturanlegg.
- Støtte til lag og organisasjonar for å dekkja meirutgifter i samband med integrering av menneske med nedsett funksjonsevne.
- 10 større arrangement for ungdom.

- Fokus på psykisk helse i tverrfagleg ungdomsteam.
- Vidareutvikla ungdomsklubbane i Lensmannsløa og Loen og vidareføra arbeidet med UKM, ein arena der ungdom får opptre og syna fram talent i profesjonelle rammer.
- Halde fram med sommartilbod for ungdom – «Ung i juli».
- Sykkeldag og andre natur-/kulturturar i samarbeid med Folkehelsa i Hå, Hå gamle prestegard, Vitengarden og idrettslaga.
- Arbeid med merking og vedlikehald av eksisterande og nye turstiar vert vidareført i samsvar med Plan for turnett i Hå kommune. I 2020 fullføra merking av tursti til Borgåsen, Smøråsen og Grønåsen.
- Starta opp turprosjektet «Telltur» i samarbeid med Jærkommunane og Jæren friluftsråd.
- Satsing på fritidsaktivitetar for barn og unge som treng særleg støtte, A-laget 5-8. trinn, Vennegruppe 9. trinn – 18 år. Ferieklubb for 1 – 7. trinn i samarbeid med Jærmuseet.
- Markera Hå kulturskule sitt 50 – års jubileum våren 2020.
- Halda fram med «Kulturscena i Hå», eit kulturprogram med ulike uttrykk for alle aldrar, «Den kulturelle skulesekken» og «Den kulturelle spaserstokken».
- Kulturskulen skal vera eit ressurscenter for andre einingar i kommunen, som ATO-avdelinga på Bø skule, Tunet brukarstyrte senter og Møllerhaugen.
- Samarbeida med Ognagje Jazz – Festival, med særleg vekt på lokale krefter og barn.
- Ei årleg veke for gjensidig respekt i samband med FN sin minnedag for Holocaustofra.
- Legga til rette for frivillige og kommunale møteplassar for eldre. Kulturtiltak for dei som ikkje bur heime.

## Biblioteka

Hå folkebibliotek har ein desentralisert struktur, med eit hovudbibliotek på Nærbø og kombinasjonsbibliotek på Varhaug, Vigrestad og Ognagje. I tillegg driv me Åna fengselsbibliotek. Filialen på Vigrestad er for tida stengd, grunna oppussing. Rådmannen rår til at Vigrestad filial ikkje vert opna på ny. Då denne filialen vart stengd gjekk stillingsressursane inn som ein del av pålagde nedskjeringar i kulturavdelinga. Dersom filialen skal opnast igjen, er det behov for ei auke i ressursar. Ei omfordeling av eksisterande ressursar har lita meining, då kommunen har svært gode biblioteklokale som i stor grad bør vera opne for publikum, ikkje stå lukka. I tillegg har aktivitetsnivået auka i biblioteket og me treng personale til alle arrangement, lesekampanjar og barneklubb. Til Vigrestad er det ideelt sett behov for ein 50% bibliotekar og 30% fullmektig. Det er også behov for oppgradering av inventar, då mykje måtte kastast etter brannen. Ein auke i personalressurs vil kome på 500 000 kr årleg, i tillegg til drift på 120 000 kr. Nytt inventar vil kosta 380 000 kr. Rådmannen har ikkje funne rom for dette i budsjettet.

Bibliotekstrukturen i Hå kommune er kostbar å drifta. Mange kommunar på same storleik har eitt eller to bibliotek. Tendensen i landet er også at biblioteka aukar opningstidene, ofte ved hjelp av meirope. Meirope bibliotek er ei ordning der lånar inngår ein avtale med biblioteket om bruk av lokalet og deler av tenestene utanom bemanninga opningstid. Det vanlege er då at biblioteket er tilgjengeleg frå kl. 07.00 – 23.00. Me har fått Biblioteksentralen til å berekna kostnad med å innføre meirope i Hå. Dei har kome til at for hovudbiblioteket må ein berekna

om lag 800 000 kr og for ein filial 650 000 kr i investeringar (2018-prisar). Dette er det ikkje rom for i budsjettet.

I Hå låner kvar innbyggjar i gjennomsnitt 6,5 bøker per år. Dette er nesten det doble av landsgjennomsnittet. Besøktala stig også i Hå, med 1,1 % frå 2017 til 2018 sjølv om Vigrestad filial har vore stengd. Dette syner at arbeidet med å styrka biblioteket som møteplass og kulturarena har gitt resultat. Auken i aktivitetar har me fått til ved hjelp av prosjektmidlar, mellom anna frå Nasjonalbiblioteket, Fylkesbiblioteket og Fritt Ord.

Mediebudsjetten har dei siste åra stort sett vore uendra, medan prisane stig. Difor har innkjøp av aviser og tidsskrift gått ned. E-bøker er ein relativt ny utgiftspost på mediebudsjetten. Me ser at E-bøker ikkje erstattar papirbøker, men det kan koma. Strukturen i Hå, med mange avdelingar, fører til at det er vanskeleg å ha nok midlar til å oppretthalde eit godt fagleg og interessant innhald av aktuelle bøker, aviser, tidsskrift og andre medier på alle avdelingane.

Det er eit godt samarbeid mellom folkebibliotek og skulebibliotek i kommunen. Me har felles innkjøpsordning, forfattarbesøk og lesestimuleringsprosjektet «Lesespirå».

### Driftsbudsjett biblioteka

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2018	2019	2019 *)	2020	2021	2022	2023
2028 Skulebibliotek	3 331	3 478	3 527	3 720	3 720	3 720	3 720
3700 Biblioteka	4 900	5 358	5 419	6 123	6 273	6 273	6 273
3705 Bibliotek Åna kretsfengsel	-17	-	12	19	19	19	19
Sum utgifter	9 870	9 953	10 075	10 931	11 081	11 081	11 081
Sum inntekter	-1 656	-1 117	-1 117	-1 069	-1 069	-1 069	-1 069
Netto drift	8 214	8 836	8 958	9 862	10 012	10 012	10 012
Årsverk	13,1	13,1	13,1	13,1	13,1	13,1	13,1

### Tiltak

- Halda fram med å utvikla biblioteka som gode møteplassar med ulike typar aktivitetar som språkdros, lesesirklar, bokkafear, bokbad for barn, Nysgjerrigtimen, Mellomklubben, forfattarsamtalar, debattar, føredrag, teater, Makerspace, syng, teikning, bokchat for barn o.l.
- Sommaren 2018 og 2019 gjennomførte biblioteket lesekampanjen «Sommarles». Om lag 60% av alle skulebarn i Hå var med. Dette held me fram med også i 2020.
- Oppdatera og styrka det digitale tilbodet og auka kompetansen hos dei tilsette for å ha eit relevant tilbod og kunne rettleia publikum.
- Marknadsføra Pressreader som gir publikum eit unikt tilbod om tilgang til 3500 papiraviser og 3600 tidsskrift.
- Organisera møter for gruppa av frivillige som registrerer bildar i fotosamlinga til Hå kommune.

### Kommunestyret vedtok følgjande tekstforslag:

- I løpet 2020 vert det laga ei løysing der skulebiblioteket på Vigrestad storskule vert utvida til eit enklare folkebibliotek, med utvida boksamling og opningstider.

## Kommunale kulturbygg

Aktiviteten ved Hå gamle prestegard og Obrestad fyr er ein positiv ressurs for Hå kommune sine innbyggjarar og gir god omdømebygging. Arbeidet ved anlegga inneber aktiv formidling av kunst, lokalhistorie og kystkultur, samt ivaretaking av freda og verna anlegg i kommunen.

I 2018 var det 35 år sidan Hå gamle prestegard vart opna for publikum. Særleg godt motteke har dei eigenproduserte lokalhistoriske utstillingane vore. Det er dei som har vore prestegarden sin signatur og som har hatt det beste lokale og regionale besøket. Det er også dei som kostar mest. Grunna eit strammare budsjett dei siste åra har den tekniske kvaliteten på desse gått ned, sjølv om me når det gjeld innhald prøver å halda nivået oppe. Dei siste åra har me måtta gå bort frå gode idear grunna kostnader. Me søker ofte eksterne midlar til dei eigenproduserte utstillingane, men det varierer om me får tilsegn. Driftsbudsjettet kunne trenge eit løft på 150.000 kr på denne sida, men rådmannen har ikkje funne rom for dette.

Hå gamle prestegard er sannsynlegvis den einaste institusjonen i landet, på same storleik, som har klarar så høg grad av eige inntening. Me tar også 40% i provisjon av kunstalet for å styrka inntektssida. Me har redusert talet på periodar for kunstutstillingane frå 9 til 7 for å spare. Billettprisar på Hå gamle prestegard (60 kr, barn under 16 gratis) er høgare enn dei fleste galleri og museum i landet som også baserer ein stor del av inntektene på sal. Billetten gjeld også på Obrestad fyr, same dag. Separat billett på fyret er 35 kr.

Inntekter for utleige av Obrestad fyr, om lag 300 000 kr per år, går med til ordinært vedlikehald og faste utgifter ved anlegget.

Det er vedtatt plan for vedlikehald av sjølve bygningane på prestegarden og fyret. Grunna klimaet ved kysten er vedlikehaldet svært utfordrande og vedlikehaldet må halde fram.

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2018	2019	2019 *)	2020	2021	2022	2023
3352 Nærbøparken	-63	23	23	36	43	43	43
3750 Jærmuseet	456	990	990	1 010	1 030	1 055	1 075
3752 Hå bygdemuseum	882	865	865	895	895	895	895
3771 Hå gamle prestegard	2 353	1 979	2 030	2 332	2 332	2 332	2 332
3850 Kulturvern	2 058	2 081	2 081	2 053	2 053	2 053	2 053
3855 Samfunnshus/kulturanlegg	1 774	1 778	1 778	1 778	1 778	1 778	1 778
3859 Anna kulturaktivitet	2 338	2 081	2 293	2 007	2 007	2 007	2 007
Sum utgifter	16 341	15 607	16 170	15 643	15 670	15 695	15 715
Sum inntekter	-6 543	-5 810	-6 110	-5 532	-5 532	-5 532	-5 532
Netto drift	9 798	9 797	10 060	10 111	10 138	10 163	10 183
Årsverk	12,6	15,2	15,2	15,2	15,2	15,2	15,2

### Tiltak

- Fortsatt vedlikehald og oppussing av bygningar med stor kulturhistorisk verdi.
- 10 kunstutstillingar og 1 kombinert tema/kunstutstilling – RÅOLJE, Alexander Kielland ulykka 40 år etter.

- Oppgradering av SPOR-utstillinga i Jærhuset om steinalderen, i samarbeid med Arkeologisk museum og Moesgaard museum i Danmark, ved hjelp av gåve frå Sparebankstiftelsen SR-bank på 500 000 kr.
- Familiearrangement til jul og påske, haustmarknad, onsdagsføredrag. Fredag i kafeen og konsertar.
- Vidareutvikla det interkommunale fyrsamarbeidet «On the Edge» og «På terskelen til Morgonhuset» som er ei rekke arrangement der me tek i bruk fleire kulturbygg i kommunen, i tillegg til landskapet.

## Samfunnshus/kulturbygg, anna kulturaktivitet

Hå kommune har mange veldrivne private kulturbygg. For å halda oppe bygningsmessig standard, og stimulera til dugnadsarbeid i eigarorganisasjonane, er det naudsynt med store tilskot frå stat og kommune. Prioriteringar for privateigde hus er sett opp i samarbeid med Kontaktutvalet for bygg og anlegg.

Tilskota frå kommunen vert fordelte på denne måten:

Tilskot til kulturbygg	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Drift av anlegg *	528 000	528 000	528 000	528 000	528 000	528 000
Investering	700 000	800 000	800 000	800 000	800 000	800 000
Utstyr	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000
Vedlikehald	350 000	350 000	350 000	350 000	350 000	350 000
Sum	1 678 000	1 778 000	1 778 000	1 778 000	1 778 000	1 778 000

## Driftsbudsjett friluftsliv og idrett

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2018	2019	2019 *)	2020	2021	2022	2023
3600 Friluftsliv	429	416	418	395	395	395	395
3800 Idrett	10 224	10 183	10 195	10 206	10 206	10 206	10 206
Sum utgifter	20 792	10 619	10 633	10 609	10 609	10 609	10 609
Sum inntekter	-10 139	-20	-20	-8	-8	-8	-8
Netto drift	10 653	10 599	10 613	10 601	10 601	10 601	10 601
Årsverk	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0

Prioriteringar over investering og drift til idrettslag og idrettsanlegg er sett opp i samsvar med tilråding frå idrettsrådet. I tilrådinga frå idrettsrådet er det lagt vekt på eit breitt tilbod om fysisk aktivitet til alle og at særleg barn og ungdom, uavhengig av funksjonsnivå, skal stimulerast til fysisk aktivitet i sitt lokalmiljø.



## Tilskot til idrettslag og idrettsanlegg

Tilskot idrettslag/anlegg	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Drift av lag	1 550 000	1 550 000	1 550 000	1 550 000	1 550 000	1 550 000
Drift av anlegg	1 420 000	1 520 000	1 520 000	1 520 000	1 520 000	1 520 000
Drift 7 hallar	1 750 000	1 750 000	1 750 000	1 750 000	1 750 000	1 750 000
Investering	3 500 000	3 200 000	3 200 000	3 200 000	3 200 000	3 200 000
Utstyr	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000
Dagleg leiar	700 500	700 500	700 500	700 500	700 500	700 500
Vedlikehald	180 000	180 000	180 000	180 000	180 000	180 000
Kjøp fellesutstyr	60 000	60 000	60 000	60 000	60 000	60 000
Større kulturarr.	80 000	80 000	80 000	80 000	80 000	80 000
Rentestøtte	300 000	300 000	300 000	300 000	300 000	300 000
SUM	9 640 500	9 440 500	9 440 500	9 440 500	9 440 500	9 440 500

Frå og med 2019 er tilskot til idrett redusert med 300 000 i forhold til føregående år.

Reduksjonen er gjort på tilskot til investering i nye anlegg.

## Forslag til tiltak kultur

### «Ung i juli»

- Eit tilbod for unge om ein stad å vera i juli. Her møter dei vaksne og mange ulike aktivitetar. Rådmannen føreslår å leggja inn 100 000 kr årleg i budsjettet til dette. Beløpet vil dekkja innkjøp av mat og utstyr med 65 000 kr og 35 000 kr til lønn for unge medhjelparar.

## Forslag til tiltak i kultur som rådmannen ikkje finn rom for

### Auka bemanning i fritidsklubbane

- Vi har god hjelp av lærlingar i klubbane, men desse er i ein opplærings situasjon, noko som også stiller store krav til leiaren. Med dagens bemanning i klubbane er det enkelte klubbkveldar på grensa til det uforsvarlege å drifte tilbodet. Det er stort behov for meir kvalifisert personale i dei to klubbane. Dette vil gje ei auke på 50 % stilling totalt og medføre ein kostnad på 450 000 kr årleg. Rådmannen har ikkje funne rom for ei slik auke.

### Auka med 150 000 til eigenproduserte lokalthistoriske utstillingar Hå gamle prestegard

- Dei eigenproduserte utstillingane, både innan kulturhistoriske tema og tema innan kunsten, har vore eit varemerke for Hå gamle prestegard. Desse var nok også medverkande til at prestegarden kom inn på statsbudsjettet. Grunna prisstigning har midlar til produksjon av desse utstillingane gått kraftig ned. Det betyr også at den tekniske kvaliteten på utstillingane har gått merkbar ned. Rådmannen har likevel ikkje funne rom for ei auke i budsjettet til dette formålet.

## Forslag til innsparingstiltak i kultur:

### Drift bibliotek Vigrestad

- Dersom Vigrestad filial skal opnast er det behov for ei auke i personalressurs på 500 000 kr og 120 000 kr til drift årleg. I tillegg kjem inventar og utstyr 380 000 kr

som ei investering. Rådmannen føreslår difor å ikkje opne folkebiblioteket på Vigrestad.

- **Kommunestyret la inn 300 000 kr årleg til bibliotet Vigrestad**

Forslag til innsparingstiltak i kultur som rådmannen ikkje rår til.

Ta bort midlar til eigenproduserte lokalhistoriske utstillingar Hå gamle prestegard

- Slutte med dei eigenproduserte lokalhistoriske utstillingane. Dette vil gje ei innsparing på 150 000 kr årleg. I og med at dei eigenproduserte utstillingane er viktige for omdømmet og drifta av Hå gamle prestegard, ønskjer ikkje rådmannen å gjera denne innsparinga.

## *Investeringar i opplæring og kultur*

### *Brusand barnehage*

I økonomiplan for 2018-2021 er det sett av totalt 44 mill. kr til ny barnehage på Brusand.

Kommunestyret vedtok i sak 096/17 å utsette ferdigstilling av barnehagen til 2021. I

handsaming av sist økonomiplan blei barnehagen utsett til 2022.

Rådmannen tilrår i denne planen at det ikkje vert bygd ein ny barnehage på Brusand.

Rådmannen rår vidare til at både barn og vaksne i Askeladden barnehage vert overført til

Nymannsbråtet barnehage, som vert rusta opp. Tomta der Askeladden barnehage ligg, vert

lagt ut for sal. **Dette blei ikkje godkjent.**

### *Nymannsbråtet barnehage*

Rådmannen føreslår å rusta opp Nymannsbråtet barnehage slik at dei som i dag går i

Askeladden barnehage kan verta overført dit. Rapportane i IK bygg syner at det må gjerast

oppgraderingar på tak, vindauge og dører. I tillegg er det behov for innvendig oppgradering.

Det er eit stort og godt uteareale i Nymannsbråtet.

Rådmannen føreslår at det vert sett av 1,1 mill. kr til å gjennomføre oppgraderingane av

Nymannsbråtet barnehage våren 2020 slik at han kan stå klar ved barnehageoppstart i

august 2020. Vidare går det fram av vedlikehaldsrapportane at det er utfordringar knytt til

varme- og ventilasjonsregulering. Her føreslår rådmannen at det nyttast ENØK midlar for å

betra desse forholda. **Dette blei ikkje godkjent.**

### *Uteområde barnehagane*

I gjeldande økonomiplan er det årleg sett av 600.000 kr til uteområda i barnehagane. Desse

midla vert fordelt i høve til forfalt vedlikehald registrert i IK bygg. Vedlikehaldsplan for

barnehagar, lagt fram for KS i november 2019 synar at det er naudsynt med utskifting av eitt

til to leikeapparat årleg i tida framover til ein kostnad av om lag 350 000 kr per apparat.

Rådmannen føreslår å auka den årlege investeringa med 400 000 kr.

Rådmannen tilrår at det vert sett av 1 mill. kr årleg til uteområde i barnehagane i heile

økonomiplanperioden.

### *Midlar til investeringstiltak i barnehagane*

Vedlikehaldsplan for barnehagane 2019, syner eit totalt vedlikehaldsetterslep på 10,7 mill. kr.

Dette er ei auke i forhold til planen for 2018 som synte 7,6 mill. kr. For å vidareføra

oppgraderingar og vedlikehald blei det i sist økonomiplan sett av ei årleg løyving på 1 mill. kr.

Midlane vert brukt til mellom anna lyddepmping og til å auka tryggleiken i barnehagane i forhold til innsyn gjennom dører og vindauge.

Rådmannen tilrår å vidareføre ein årleg løyving på 1 mill. kr til dette arbeidet gjennom heile økonomiplanperioden.

### *Varhaug skule*

Kommunestyret innstilte i juni i sak 050/19 SR Entreprenør som entreprenør for Varhaug skule. Totalramma blei sett til 115,4 mill. kr.

Arbeida med planlegging og prosjektering av skulen er i gang. Skulen skal vere klar i 2021.

### *Skule i Stokkalandsmarka*

Ut frå prognosane i skulebruksplanen 2018-2020 såg det ut til å vera naudsynt med ei auke i kapasiteten i Vigrestad/Stokkalandsmarka om nokre år. Det blei difor vedteke å ta inn midlar til prosjektering av ein 1-7 skule i Stokkalandsmarka i økonomiplan 2019-2022. Utviklinga i Stokkalandsmarka dei siste åra gjer at rådmannen rår til at dette vert grundig belyst når skulebruksplanen vert revidert hausten 2020. Dette er i tråd med gjeldande skulebruksplan. Det vil vera god kapasitet på Ognå og Vigrestad i åra som kjem.

Rådmannen føreslår å ta 2 mill. kr i planleggingsmidlar til Stokkalandsmarka skule ut frå investeringsbudsjettet. **Dette blei ikkje godkjent.**

### *Vedlikehaldsplan for skulane*

Hå kommune nyttar systemet IK bygg for å kartlegga tilstanden til kommunen sin bygningsmasse. Basert på dette systemet vert det utarbeida vedlikehaldsrapportar og forventa kostnader for arbeidet. Rådmannen legg årleg fram ei sak for kommunestyret med vedlikehaldsbehov og ei prioritert liste som tek omsyn til inneklime, fuktproblem, branntekniske omsyn og universell utforming. Vedlikehaldsplan for skulane som vert lagt fram i kommunestyret i november syner at det for skulane er eit vedlikehaldsetterslep på 11,9 mill. kr. Dette er ein gledeleg nedgang på 9,8 mill. kr i forhold til fjorårets rapport på 21,7 mill. kr.

Rådmannen har tidlegare varsla at det er behov for opprusting av symjehallen på Nærbø. Cowi, som har vore engasjert, har lagt fram ein rapport som synar tilstanden til hallen. Rapporten som blei klar i juni 2018 synar at ei totalrenovering av symjehallen på Nærbø vil kosta nærare 34,5 mill. kr. Symjehallen på Nærbø er fortsatt i forsvarleg stand og rådmannen vil ikkje anbefala større renovering no, men vil overvaka den tekniske tilstanden fortløpande. Kostnader ved ein full utskifting av avfuktings- og ventilasjonsanlegg vil ligge i storleiksorden 2 mill. kr. Det er ikkje avsett eigne midlar til dette.

Rådmannen tilrår å oppretthalde 3,0 mill. kr til investeringstiltak og 1,4 mill. kr til investering i uteområda kvart år i økonomiplanperioden. I tillegg er det sett av 1,5 mill. kr i driftsbudsjettet.

### *Meieriinternatet på Vigrestad*

For å gjere plass til auka behov på Vigrestad skule var det naudsynt å finne nye lokale til folkebiblioteket på Vigrestad. I budsjettet for 2017 blei det vedteke at Meieriinternatet på Vigrestad vil være eit godt eigna lokale til dette. Det blei vedteke å sette av 3 mill. kr til dette i investeringsbudsjett for 2017. Prosessen rundt meieriinternatet har vore krevjande, både med tanke på prosjektering, godkjenningsprosessar og hjå arbeidstilsynet. I tillegg har det

vore naudsynt å reparera taket og det har vore påsett brann i kjellaren. Nye kalkylar syner at totalkostnadene for å bygga om meieriinternatet til folkebibliotek vil vera på nærare 7 mill. kr.

Rådmannen tilrår difor at prosjektet vert avslutta og at meieriinternatet vert lagt ut for sal.

### *Isolering av nye lòa på Hå gamle prestegard*

Det blei i investeringsbudsjett for 2020 sett av 3 mill. kr til isolering av nye lòa på Hå gamle prestegard. Arbeid med byggeleing og prosjektering er i gang. Det er innleia samarbeid med SIROS arkitektar. Byggestart er planlagt rett etter nyttår 2020.

### *Kantine Nærbø ungdomsskule*

Nærbø ungdomsskule har i dag ikkje eiga kantine, men leiger areal for elevane av idrettslaget. Elevane må gå frå skulen og bort til idrettsanlegget. Rådmannen anbefaler at det blir laga kantine i skulen sine lokale. Dette vil gjera at det både blir betre kontroll, men og for å betra skulemiljøet. ArkVest, som kommunen har rammeavtale med, er for tida i gang med forslag til korleis dette kan løysast. Ved at det blir etablert kantine i skulebygget vil me spara leiekostnadar på 150 000 per år. Det er gjort ei grovkalkyle.

Rådmannen føreslår at det blir sett av 6,150 mill. kr i investeringsbudsjettet til kantine på Nærbø ungdomsskule.

**Kommunestyret la inn 500 000 kr til opprusting av garderobar ved symjehallen på Nærbø ungdomsskule og 300 000 kr til sprinkling av Lennmanslòa.**

**Følgande tekstforslag blei vedtatt:**

- **Nærbø svømmehall trenger vedlikehold og renovering. Ønsker en sak i 2020 til utvalgene og kommunestyret som belyser dette mer detaljert.**

### *Oversikt investeringar i tenesteområde for opplæring og kultur*

Investering 1000 kroner	2019	2020	2021	2022	2023
Brusand barnehage		10 000	21 000	11 000	
Uteområde barnehage	600	1 000	1 000	1 000	1 000
Rehabilitering/opprusting barnehage	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
Rehabilitering/opprusting skule *)	4 500	3 000	3 000	3 000	3 000
Inventar/uteområde skule	1 400	1 400	1 400	1 400	1 400
Varhaug skule	20 000	75 000	20 400		
Nærbø ungdomsskule - kantine		6 150			
Nærbø ungdomsskule - garderobar symjehall		500			
Stokkalandsmarka skule planlegging			2 000		
Hå Gamle Prestegard (HGP) + nye lòa + sprinkling	450	3 200	200	200	200
Lensmannslòa sprinkling		300			
Kulturvern	100	100	100	100	100
Opplæring og kultur	28 050	101 650	50 100	17 700	6 700

\*) overføring til driftsbudsjettet på 1,5 mill.kr pr år er vist som reduksjon i denne posten, men vil bli fordelt på barnehage og skule når prosjekta vert sett i gang.

## Vedlegg – opplæring og kultur – rådmannen sitt forslag

### Forslag til endringer i økonomiplanen

Teneste	Tiltak 1000 kroner	2020	2021	2022	2023
2010	Saman om god oppvekst - barnehage	100	100	100	100
2020	Nedgang støtte til lærarnorm	1 790	1 790	1 790	1 790
2021	PPT-stilling (får ikkje flyktningmidlar)	700	700	700	700
2021	Refusjon ATO-elevar ikkje mogeleg	1 500	1 500	1 500	1 500
2010	REKOMP - eigenandel 30% Barnehage	100	100	100	100
div	Ung i juli - kultur	100	100	100	100
2021	SLT - ungdommer, tidlig innsats	100	100	100	100
2130/33	Alt på OK: Netto auke oppl.senter/Bryne KS	6 250	6 250	6 250	6 250
2020	STERK og KLAR - skule	100	100	100	100
	Netto endring frå økonomiplan 2018-2021	10 740	10 740	10 740	10 740

### Forslag til innsparingstiltak i økonomiplanen

Tabellen under syner innsparingstiltak i tillegg til ØP 2019:					
Teneste	Tiltak 1000 kroner	2020	2021	2022	2023
	<b>Skule:</b>				
2020	Tar ut 3,5 lærarstillingar 2020, ned til 2 stillingar frå 2021	-2 400	-3 400	-4 400	-5 400
2020	Innsparing skule	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
2020	Mindre leigeutgift kantine NUS	-	-150	-150	-150
	SUM Innsparing skule	-3 400	-4 550	-5 550	-6 550
	Reduserte årsverk skule:	-3,5	-5,0	-6,5	-8,0
	<b>Barnehage:</b>				
2010	Færre barn i barnehage	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
2010	Legge ned Urhei barnehage	-420	-1 000	-1 000	-1 000
	Sum innsparing barnehage:	-1 420	-2 000	-2 000	-2 000
	Reduserte årsverk barnehage:	-1,2	-1,2	-1,2	-1,2
	Sum total innsparing i opplæring og kultur	-4 820	-6 550	-7 550	-8 550
	SUM auke og innsparing	5 920	4 190	3 190	2 190
	Totale endringar årsverk	-4,70	-6,20	-7,70	-9,20



# Helse- og sosialsaker

Budsjettet for 2020 er prega av at behovet for helse og omsorgstenester aukar meir enn inntektene. Det er viktig å fortsette omlegginga frå institusjonsbasert omsorg til omsorg i heimen og rådmannen føreslår derfor å styrka heimetenestene med 5 årsverk frå 2021 og auke dette til 10 årsverk i 2023 utover den auke som ligg i økonomiplan 2019 - 2022.

## Mål og strategiar frå kommuneplanen

Eit av kommunen sine hovudmål er å sikra dei eldre ein trygg livssituasjon. Dei eldre skal oppleve mening, og vera ein ressurs i nærmiljøet saman med familien sin. Den nye kvalitetsreformen for eldre «Leve hele livet» forsterkar nødvendigheten av å auke omsorg i heimen framfor omsorg i sjukeheim.

Frivillig arbeid vert ein stadig viktigare del av det kommunale tenestetilbodet, spesielt innafør aktivisering av eldre og funksjonshemma. Med fleire eldre i eigen heim vil behovet for å motverke einsemd og få meir aktivitet auka. Her får frivillig innsats ei viktig rolle.

Eit anna hovudmål er å sikra eit forsvarleg tilbod til dei som har særskilde og samansette behov. Dette hovudmålet har som delmål å sikra best mogleg integrering i lokalsamfunnet, og å gje heilskaplege og koordinerte tilbod til brukarar med samansette behov.

## Drift

### Dei viktigaste utfordringane i komande periode

Hå sjukeheim:

- Rådmannen føreslår å stenge den nyoppretta utvidinga av rehabiliteringsavdelinga med 8 sengeplassar i 2 etasje, bygg A, på sjukeheimen. Det vil redusera kostnaden på Hå sjukeheim med 7 mill. kr. For å klara å balansere budsjettet ser rådmannen seg nøyd til å føreslå dette igjen.

Olsvoll:

- Rådmannen føreslår å leggja om drifta på Olsvoll. Dette bu- og velferdssenteret leverer tenester som er meir omfattande enn dei øvrige bu- og velferdssentra i kommunen. Rådmannen føreslår å redusera kompleksiteten og dermed omfanget av tenestene som blir gitt på Olsvoll. I tillegg vert det føreslått å slå saman leiarstillinga for Vigrestad og Ognå heimetenester, med hovudkontorstad på Vigrestad. Det vil bli utnemnt ein plassansvarleg på Olsvoll. Det betyr at me vil flytta heimetenesta som betener personar utanfor Olsvoll til Vigrestad. Grunnen til dette er at me ønskjer at heimetenesten utanfor Olsvoll skal bli leia direkte av ansvarleg leiar og ikkje av plassansvarleg på Olsvoll. **Dette blei ikkje godkjent og 3 mill. kr per år er tatt inn igjen i budsjettet. Følgande tekstforslag blei vedtatt:**
  - **Det skal oppretthaldast eit godt tilbod på Olsvoll. I starten av 2020 skal det koma ei sak om Olsvoll som skisserer vidare bruk. Der skal styrking av dagtilbodet drøftast, kvaliteten sikrast og organisering av heimetenestane sør skisserast. Vidare drift og utbygging i løpet av denne økonomiplanen må òg vera med. Praksis i kommunen skal vera at bebuarar som treng sjukeheimplass skal vera på sjukeheim.**

Helsestasjon for ungdom på Vigrestad:

- Rådmannen foreslår å leggja ned helsestasjon for ungdom som blei opna i 2018.. Helsestasjonen har låge besøkstall og rådmannen foreslår at ressursane brukast der dei trengs mest.

**Følgande tekstforslag blei vedtatt**

- **Utval for helse- og sosialsaker må få ei vurdering av helsetilbodet for ungdom på Vigrestad, lokalisering, tilknytning til helsesjukepleiartenesta, bemanning m.v. før det vert aktuelt å leggja ned denne tenesta.**

Frivillighet:

- Rådmannen foreslår å fortsetta aktivitetssauken i Frivilligsentralen i tråd med plan for Frivillig arbeid. Frivilligbørsen blei en suksess som må gjentakast.

Kvardagsrehabilitering:

- Den viktigaste utfordringa i komande periode er å leggje til rette for at eldre kan bu lengre heime. Fokus på meistring og kvardagsrehabilitering må aukast. Det betyr auka innsats i heimesjukepleia, men også ei endra haldning hos tilsette, pasientar og pårørande. Velferdsteknologi kan gje meir tryggleik når heimesjukepleiarane ikkje er til stades.

Vertskommunebebuarar:

- I 2018 var det ikkje endring i talet på vertskommunebebuarar. Både departementet og kommunen har kalkulert eit tilskot på 26,4 mill. kr i 2020. I gjeldande økonomiplan ligg det inne eit inntektsanslag på 26,1 mill. kr . Dette inntektsanslaget føreset eit fråfall med 1 mill. kr i mindre kostnader. Utan fråfall må kostnaden verta redusert med 0,7 mill. kr i 2020. Me foreslår å utsette nedtrappinga til 2022.

Heimetenester

- Rådmannen foreslår å styrka heimetenestene med 5 årsverk frå 2021 og auke dette til 10 årsverk i 2023 utover det som ligg i økonomiplan 2019 - 2022. Dette er naudsynt for å sikre omlegginga frå institusjonsbasert omsorg til omsorg i heimen.

Til slutt i kapittelet er det ei detaljert oversikt over endringane som er føreslått i budsjettet.

### *Driftsbudsjett helse og sosial*

Ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2018	Budsjett			Økonomiplan		
		2019	2019 *)	2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter	576 171	587 972	600 293	605 889	606 491	602 641	601 891
Driftsinntekter	-233 685	-209 253	-208 304	-198 063	-194 202	-190 162	-187 562
Bruk av fond	-	-2 000	-8 000	-3 378	-3 378	-3 299	-
Netto drift	342 486	376 719	383 989	404 449	408 911	409 180	412 329
Årsverk	519,75	544,7	556,9	550,4	556,0	555,5	558,0

\*) med godkjente endringar



## Endringar i driftsbudsjett samanlikna med sist økonomiplan (rådmannen sitt forslag)

Endringar frå førre plan 1000 NOK	2020	2021	2022	2023
Ramme i økonomiplan 2019-2022, 2023 settes lik 2022 + fondsfracfall	387 403	387 116	387 962	387 962
Løns-, prisvekst og auka eigenandel ressurskrevjande	13 108	13 205	13 109	13 109
Endringar som er godkjent i løpet av 2019	4 035	4 035	4 035	4 035
Nye tiltak i denne økonomiplanen	11 735	16 887	16 406	19 555
Reduksjon / innsparing	-13 632	-14 732	-14 732	-14 732
Ramme i økonomiplan 2020-2023	402 649	406 511	406 780	409 929

Samanlikna med gjeldande økonomiplan er vertskommuneinntekta auka med 0,3 mill. kr i 2020 og redusert med 0,2 mill. kr i 2021 og 0,7 mill. kr i 2022.

## Driftsbudsjett helse og sosial fordelt på ansvarsområder

Ressursbruk	2018	2019	2019 *)	2020	2021	2022	2023
Administrasjon	258	1 683	1 145	2 048	2 048	2 048	2 048
Institusjon	115 240	114 713	115 381	115 971	115 971	115 971	115 971
Heimetenester	60 136	65 732	65 332	66 797	70 797	73 247	75 697
Funksjonshemma	68 932	84 658	90 047	97 798	97 798	95 777	95 776
Barnevern	29 795	30 535	35 495	33 965	33 965	33 965	33 965
Sosial	17 063	16 858	14 559	17 733	17 733	17 733	17 733
Helse	13 057	16 097	16 026	19 372	19 372	19 372	19 372
Lege-fysio	27 603	32 713	32 162	33 597	33 949	33 949	34 649
Psykiatri	16 163	17 849	17 849	20 000	20 110	19 950	19 950
Boliger	-8 219	-8 302	-8 302	-8 481	-8 481	-8 481	-8 481
Transport og lærlingar	3 629	4 324	4 435	5 310	5 310	5 310	5 310
Utenfor ramme	-1 172	-141	-140	339	339	339	339
Netto drift	342 486	376 719	383 989	404 449	408 911	409 180	412 329

\*) med godkjente endringar

## Årsverk

Tenesteområdet for helse og sosialsaker er svært arbeidsintensivt. Tabellen syner talet på årsverk og endringane frå år til år (rådmannen sitt forslag):

Årsverk	2020	2021	2022	2023
Antall årsverk i økonomiplan 2019-2022	544,7	543,7	544,9	544,9
Godkjente årsverk i løpet av 2019	11,1	11,1	11,1	11,1
Forslag til økte årsverk i 2020-2023	10,6	17,2	18,5	22,0
Forslag til justert nedtrapping av årsverk i 2020-2023	-19,9	-19,9	-22,9	-23,9
Herav forslag nedtrapping vertskommune 2020-2023			-3,0	-4,0
SUM årsverk innen helse og sosial	546,4	552,0	551,5	554,0

## Administrasjon

Tenesta er felles administrasjon for tenesteområdet. Administrasjonen arbeider med planlegging, dagleg drift, saksbehandling, service til tenesteutøvarar, opplæring, vedlikehald og kompetanse. Administrasjonen er også støtte for bruken av ulike fag- og journalsystem. Budsjett og rekneskap, innkrevjing av refusjonar og betaling frå brukarar, interne og eksterne

rapportar og service til publikum er andre oppgåver i administrasjonen. Leigeinntekta frå tannlekare, ambulansesentralen og Helse Vest på Klokkartunet ligg under administrasjon.

## Mål

Arbeida for å effektivisera administrasjonen av tenesteområdet og samtidig gje god service til tenesteutøvarane våre og innbyggjarane.

### Driftsbudsjett administrasjon

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2018	Budsjett			Økonomiplan		
		2019	2019 *)	2 020	2021	2022	2023
1200 Administrativ leiging	2 930	4 139	3 601	4 427	4 427	4 427	4 427
1202 Personal	134	-	-	0	-	-	-
1206 Servicetorg	278	200	200	200	200	200	200
1300 Adm.lokaler	-2 950	-2 656	-2 656	-2 579	-2 579	-2 579	-2 579
Driftsutgifter sum	5 324	7 005	6 487	6 622	6 622	6 622	6 622
Driftsinntekter sum	-5 067	-5 322	-5 342	-4 574	-4 574	-4 574	-4 574
Netto drift	258	1 683	1 145	2 048	2 048	2 048	2 048
Årsverk	3,8	2,8	2,8	2,8	2,8	2,8	2,8

\*) med godkjente endringar

## Tiltak

- Inga tiltak.

## Pleie og omsorg

Kommunen tildeler tenester etter LEON-prinsippet (lågaste effektive omsorgsnivå).

Trappetrinna i LEON er:

1. Naudsynt helsehjelp ver gitt i eigen heim.
2. Omsorgsbustad i nærleiken av bu- og velferdssenter.
3. Tenestetilbod i sjukeheim når behovet for omsorgstenester er så omfattande at det krev kontinuerleg oppfølging, teneste eller spesiell kompetanse.

Rogaland Revisjon gjennomførte ein revisjon av heimetenestene i 2019 og hadde forslag til utviding av omsorgstrappa. Me vil arbeida med dette fram mot neste rullering av omsorgsplanen.

Det er eit mål at grupper med særskilte behov skal integrerast på best mogleg måte i lokalsamfunnet. Det vil seia i eigne bustadar og leva mest mogleg sjølvstendig.

Pleie og omsorg er delt inn i tenesteområda institusjon, heimetenester og tenester for funksjonshemma.

## Institusjon

Kommunen har fleire institusjonar som gjev tilbod om opphald heile døgnet. Desse er: Hå sjukeheim, Klokkarhagen sjukeheim, Blåbærtua avlastingsheim, Vinkelbygget og fleire barnebustadar.

Tenesteområdet har også dagavdeling for institusjonsbebuarar, fellestenester og terapibassenget Stampen.

## KOSTRA-tala for 2018 viser dette innan institusjon

KOSTRA Utdrag nøkkeltall institusjon	Hå			Klepp			Time			Rogaland		
	2016	2017	2018	2016	2017	2018	2016	2017	2018	2016	2017	2018
Plassar i institusjon i prosent av innbyggjarar 80 år og over	20,9	21,2	20,5	16,3	15,8	19,3	17,3	16,7	15,8	18,6	19,4	19,0
Andelen innbyggjarar 80 år og over som er bebuarar på institusjon	13,9	11,5	10,6	11,8	11,5	9,7	11,8	10,2	9,5	13,1	12,7	12,7
Tal på plassar sett av til rehabilitering/habilitering	12,0	13,0	13,0	4,0	4,0	0,0	18,0	18,0	18,0	232,0	247,0	229,0
Tal på plassar sett av til tidsavgrensa opphald	21,0	19,0	19,0	16,0	16,0	23,0	20,0	20,0	20,0	539,0	563,5	528,0
Tidsbegrenset opphold - gjennomsnittlig antall døgn per opphold	14,1	13,9	11,6	15,5	14,3	16,0	19,0	20,8	18,7	20,0	20,5	20,6
Institusjon - personer på tidsbegrenset opphold gjennom året (antall)	169,0	186,0	198,0	137,0	159,0	159,0	155,0	164,0	176,0	4 514,0	4 604,0	4 443,0
Legetimar pr. uke pr. bebuar i sjukeheim	0,58	0,42	0,49	0,47	0,44	0,49	0,61	0,65	0,63	0,62	0,60	0,62
Utgifter per bebuardøgn i institusjon	3 715	3 864	4 140	4 259	4 158	4 243	4 329	4 596	4 998	3 605	3 709	3 911
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	1 188 326	1 220 750	1 325 643	1 324 466	1 360 818	1 125 694	1 233 894	1 245 702	1 283 175	1 206 993	1 187 263	1 285 093

KOSTRA-samanlikninga i tabellen over syner at Hå kommune framleis har mange institusjonsplassar per innbyggjar over 80 år (20,5 prosent) samanlikna med nabokommunane. Me har då trekt Vinkelbygget sine plasser ut av tala. Hå kommune er den einaste av Jærkommunane som har institusjonsplassar innan psykisk helse (Vinkelbygget). Talet på innbyggjarar over 80 år som bur i institusjon går framleis ned og er nå 10,6 prosent. Me er likevel høgare enn Time og Klepp, men under snittet i Rogaland.

Talet på plassar sett av til tidsavgrensa opphald for Hå er litt under Time og Klepp. Hå kommune ligg lågast på gjennomsnittleg tal døgn per opphald. I Hå skuldast nok dette eit høgare tal på sjukeheimplassar.

Når det gjeld legedekninga i institusjon ligg Hå kommune på nivå med Klepp, men under Time og snittet for Rogaland

Hå kommune ligg for første gang høgast på kostnadsnivå pr. institusjonsplass samanlikna med Time kommune, og noko over snittet i Rogaland

### Mål

- Arbeida med å få inn meir velferdsteknologi i institusjonsdrifta for å letta arbeidet med dei mest krevjande pasientane.

### Driftsbudsjett institusjon

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2018	Budsjett			Økonomiplan		
		2019	2019	2020	2021	2022	2023
2530 Institusjonspleie	110 679	108 438	109 096	108 283	108 283	108 283	108 283
2532 Dagavdeling	980	1 703	1 703	2 720	2 720	2 720	2 720
2533 Vaskeri	2 037	2 323	2 324	2 465	2 465	2 465	2 465
2534 Kjøkken	1 409	2 351	2 350	2 455	2 455	2 455	2 455
2610 Drift av institusjon	338	392	402	332	332	332	332
2611 Terapibasseng	-203	-494	-494	-284	-284	-284	-284
Driftsutgifter	180 689	182 014	184 945	184 137	184 137	184 137	184 137
Driftsinntekter	-65 449	-67 301	-69 564	-68 165	-68 165	-68 165	-68 165
Netto drift	115 240	114 713	115 381	115 971	115 971	115 971	115 971
Årsverk	185,9	191,8	194,5	186,7	186,6	186,6	186,6

\*) med godkjente endringar

### Tiltak

Teneste 2530 institusjonspleie:

### Vedtatt i tertialgjennomgangar 2019:

- I 2019 vart det vedtatt å oppretta ein ny barnebustad med kostnad på 5,84 mill. kr, med ein refusjon på 3,57 mill. kr og totalt 7,9 årsverk, sjå rapport for 1.tertial 2019, KS-sak 048/19.
- I 2019 vart det også avvikla ein barnebustad som følgje av at barnet hadde fylt 18 år. Reduksjon i kostnad 3,463 mill. kr, reduksjon av refusjonsinntekt på 2,06 mill. kr og ein reduksjon på 6,15 heimlar. Nokre av stillingane vert flytta over til teneste 2545 funksjonshemma.

### Forslag til auka budsjett

- Vinkelbygget treng auka bemanning som følgje av auka behov i tenestene hos ein brukar. Til saman ein auke på 0,9 stilling på natt til 0,8 mill. kr.
- Mange fleire familiar treng avlastning enn dei som i dag får tenester frå barne- og ungdomsbustaden Blåbærtua. Rådmannen føreslår å auka med 2,3 årsverk i 2020. Det betyr ein kostnadsauke på 1,567 mill. kr frå 2020.

### Forslag til innsparing:

- Stenge den nyoppretta utvidinga av rehabiliteringsavdelinga med 8 sengeplassar i 2 BU på sjukeheimen. Det vil redusera kostnaden på Hå sjukeheim med 7 mill. kr . For å klara å balansere budsjettet ser rådmannen seg nøydt til å føreslå dette igjen. I 2020 vert det lagt inn 0,6 mill. kr i omstillingskostnader. Netto innsparing er på 6,4 mill. kr i 2020 og 7 mill. kr frå 2021 i forhold til gjeldande økonomiplan 2019-2022.  
**Kommunestyret vedtok full innsparing i 2020 (innsparing på 0,6 mill. kr).**

## Heimeteneste

Kommunen har fire dagavdelingar/velferdssenter for eldre fordelt på dei ulike distrikta. Dagsentra for eldre har som mål å gje dei eldre eit mest mogleg aktivt og meningsfylt fellesskap med andre. I velferdssentera vert det drive med ulike former for aktivitetar. Eksempel på dette er trimgrupper, kulturelle tiltak og tilrettelegging for sosialt fellesskap. Alle velferdssentera er for eldre generelt, det er ikkje skilje mellom tilbod til alle og tilbod til grupper med spesielle behov.

Heimesjukepleie er eit godt, raskt og fleksibelt helsetilbod levert i heimen. Det er ikkje eigenbetaling for tenesta. Tildelinga vert heimla gjennom enkeltvedtak. Lindrande omsorg og kvardagsrehabilitering er ein del av tenesta heimesjukepleie.

Praktisk bistand sikrar hjelp til praktiske gjeremål i dagleglivet, eigenomsorg og personleg stell. Det er eigenbetaling for tenesta, og det er lagt opp til ein auke i betalinga på 1,9 prosent. Tildelinga av tenesta vert heimla gjennom enkeltvedtak. Omsorgslønn er ein del av denne tenesta.

## KOSTRA-tala for 2018 viser dette innan heimetenester

KOSTRA Utdrag nøkkeltall heimetenesten	Hå			Klepp			Time			Rogaland		
	2016	2017	2018	2016	2017	2018	2016	2017	2018	2016	2017	2018
Hjemmetjenester - brukere i alt (antall)	560	578	571	552	575	568	532	542	568	13867	14440	14447
Hjemmetjenester - brukere 0-66 år (antall)	291	310	302	317	343	352	296	309	315	6935	7382	7417
Hjemmetjenester - brukere 80 år og over (antall)	187	173	171	146	144	143	145	155	164	4592	4636	4581
Hjemmetjenestebrukere, omfattende bistandsbehov, i alt (antall)	54	50	54	67	92	90	110	116	101	2127	2279	2353
Hjemmetjenestebrukere, middels bistandsbehov, 0-66 år (antall)	71	76	69	89	108	119	117	116	123	2 628	2 782	2 768
Hjemmetjenestebrukere, middels bistandsbehov, 67 år og over (antall)	100	106	110	69	90	113	99	95	93	3 111	3 165	3 249
Hjemmetjenestebrukere, noe/avgrenset bistandsbehov, 0-66 år (antall)	177	191	186	120	169	160	87	80	98	2 770	3 024	3 018
Hjemmetjenestebrukere, noe/avgrenset bistandsbehov, 67 år og over (antall)	152	149	147	106	102	66	97	97	127	2 877	2 931	2 781
Hjemmeboende med høy timeinnsats (antall)	42	48	49	34	44	41	38	41	50	1 119	1 158	1 143
Gjennomsnittlig antall tildelte timer i uken, totalt (antall)	9,8	11,3	12,0	10,9	12,7	12,3	10,7	11,3	12,5	11,5	11,4	11,5
Gjennomsnittlig antall tildelte timer pr uke, praktisk bistand	4,9	4,9	5,3	2,1	1,4	3,8	5,2	3,9	3,7	9,0	8,8	9,4
Gjennomsnittlig antall tildelte timer i uken, helsestjenester i hjemmet (antall)	7,4	7,3	8,0	16,9	12,7	11,1	8,6	9,9	10,9	6,7	6,2	6,1
Dagaktivitetstilbud - brukere 67-79 år (antall)	...	20,0	19,0	17,0	13,0	12,0	14,0	11,0	9,0	198,0	245,0	263,0

KOSTRA-tala syner at Hå kommune ligg på same nivå som både Klepp og Time kommune når det gjeld talet på mottakarar av heimetenester. I Hå kommune har talet på brukarar for både 0-66 år og over 80 år minka, mens det har auka i Klepp og Time kommune.

Hå kommune har framleis lågast tal på brukarar med omfattande hjelpebehov samanlikna med Klepp og Time kommune. Grunnen for dette er mest sannsynleg at Hå har høgare sjukeheimsdekning. Me ser at her har Hå og snittet i Rogaland hatt ei lita auke, mens Klepp og Time har minka noko. Me ser at Hå kommune framleis har langt fleire heimetenestebrukarar med noko/avgrensa bistandsbehov. Det tyder på at Hå kommune har lågare terskel for tildeling av tenester.

Når det gjeld talet på heimebuande med høg timeinnsats ligg Hå og Time kommune svært likt, mens Klepp ligg noko lågare. Ser me på gjennomsnittet av timevedtaka for alle heimetenestebrukarar ligg Time, Klepp og Hå framleis likt. Hå ligg lågare på timar til heimesjukepleie, men høgare på timar til praktisk bistand.

Hå ligg høgare enn nabokommunane på dagaktivitetstilbud for brukara 67-79 år.

Rådmannen vil dreia tenestene meir mot dei brukarane med omfattande bistandsbehov for å redusera behov for sjukeheimplassar når talet på eldre aukar.

### Mål

- Satsa meir på kvardagsrehabilitering og tidsavgrensa heimeteneste.
- Meir fokus på meistring og hjelp til sjølvhjelp.
- Å skapa Heimtun om til ein god møte- og aktivitetsstad for eldre heimebuande.

## Driftsbudsjett heimetenester

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2018	2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
2340 Dagsenter for heimeb.	6 269	7 022	6 622	7 424	7 424	7 424	7 424
2540 Heimesjukepleie	42 406	45 914	45 914	50 158	54 158	56 608	59 058
2542 Heimehjelp	11 461	12 796	12 796	9 215	9 215	9 215	9 215
Driftsutgifter	68 649	70 695	72 266	73 060	77 060	79 510	81 960
Driftsinntekter	-8 513	-4 963	-6 934	-6 263	-6 263	-6 263	-6 263
Netto drift	60 136	65 732	65 332	66 797	70 797	73 247	75 697
Årsverk	82,1	80,3	83,4	82,7	88,7	92,2	95,7

\*) med godkjente endringer

### Tiltak

På Varhaug og Vigrestad heimetenester er det gjort ein grundig gjennomgang av ressursbruken i forhold til etterspurnad. Det viser seg at dei siste åra har nedgangen i etterspørselen etter heimehjelp gitt ledige heimlar. Desse heimlane har vorte nytta av heimesjukepleia utan å ha flytta tenestene på rett tenestekode. Me føreslår difor å flytta 3,5 mill. kr og 5,92 heimlar over frå heimehjelp til heimesjukepleie.

### Vedtatt i tertial 2019:

- Frå 2019 vart det oppretta 3 nye heimlar for ein ny ressurskrevjande i heimetenesta, kostnad 2,64 mill. kr. Det totale vedtaket er på 6,5 heimlar som gjev ein refusjon på 2,64 mill. kr.

### Forslag til auke i budsjett:

- Forslag om å auka 1,36 årsverk i heimesjukepleia på Nærbø i tillegg til årsverket som ligg som auke i økonomiplanen 2019-2022. Berekna kostnad er 784 000 kr.
- Føreslår å auka kvardagsrehabiliteringsteamet frå medio 2020 med 0,5 årsverk fysioterapeut og 0,5 årsverk ergoterapeut for å få fleire til å klara seg lengre heime. Dette gjev ein kostnadsauke på 375 000 kr i 2020, med heilårsverknad på 650 000 kr frå 2021.
- Satse på heimetenestene for å få eldre til å bu lenger heime med å legge inn 5 årsverk i 2021, 2,5 årsverk i 2022 og 2,5 årsverk i 2023 til heimesjukepleier utover auken med 1 årsverk som er inne frå før i økonomiplanen

### Teneste 2340 Dagsenter for heimebuande:

- Dagsenter for demente har tidlegare mottatt støtte etter søknad. Frå 2020 er desse midla gitt i kommunen sin ramme. Rådmannen føreslår å auka budsjettet med 0,6 mill. kr.

### Forslag til innsparing:

- Rådmannen føreslår å redusera Olsvoll si bemanning til 1 på dag og 1 på kveld. Det betyr at bebuarar som treng meir pleie må flytta til annan stad med høgare pleienivå. Dette vil gje ei innsparing på 4,267 mill. kr og fjerning/reduksjon av 6 stillingsheimlar. Rådmannen føreslår å leggja inn 0,5 mill. kr i omstillingskostnader i 2020.
- Rådmannen føreslår at Vigrestad og Ognå heimeteneste får same leiar. Ved å fjerne ei leiarstilling oppnår me ei årleg innsparing på 0,8 mill. kr. Det er derfor hensiktsmessig at heimetenesta til dei utanfor Olsvoll, 3,17 heimlar, flyttar til

Vigrestad der leiaren vil ha sitt kontor. Dei som er igjen på Olsvoll vil få utnemnt ein av dei tilsette som vil få ein leiande funksjon som tillegg til stillinga si.

- **Dette blei ikkje godkjent av kommunestyret og det er lagt til 3 mill kr årleg. I tillegg blei følgande tekstforslag vedtatt:**
  - **Det skal oppretthaldast eit godt tilbod på Olsvoll. I starten av 2020 skal det koma ei sak om Olsvoll som skisserer vidare bruk. Der skal styrking av dagtilbodet drøftast, kvaliteten sikrast og organisering av heimetenestane sør skisserast. Vidare drift og utbygging i løpet av denne økonomiplanen må òg vera med. Praksis i kommunen skal vera at bebuarar som treng sjukeheims plass skal vera på sjukeheim**
- Teneste 2340 Dagsenter for heimebuande:  
Tunet brukerstyrte senter er ein suksess. Rådmannen ser difor ikkje behov for å tilsette i den ledige stillinga som har vore i beredskap. Innsparing er 0,5 mill. kr årleg.

**Kommunestyret vedtok følgande tekstforslag:**

- **Vi ønsker sak vedrørende trygghetsalarmer. Kommunen har et ønske om å holde folk hjemme så lenge som mulig i fremtiden. Trygghet er viktig, det er et grunnleggende behov, men ikke alle har god råd og utsetter kanskje å få installert en slik alarm. Vi foreslår derfor at vi får en utredning med kostnad på offentlig dekking av installasjon av trygghetsalarmer for de med behov.**

## Funksjonshemma

Tenesteområdet har ansvar for teneste som støttekontakt til eldre og funksjonshemma, aktivitetstilbod og avlastningstilbod til funksjonshemma. Tenestene inkluderer kjøp av arbeidsplassar hjå Jæren Industripartner AS.

Tenesteområdet har i tillegg ansvar for brukarstyrt personleg assistent (BPA). BPA er ei teneste som går inn under praktisk bistand etter Helse- og omsorgstenestelova. Tenesta vert gitt til personar med eit stabilt sjukdomsbilete eller stabil funksjonshemming. Brukaren knyt til seg ein eller fleire assistentar som hjelper til med daglege gjeremål. Tenesta BPA er frå 1.1.2015 ein rett i lovverket.

Teneste gitt i bufellesskap er avdeling for funksjonshemma sitt ansvar. Hovudgruppa av brukarar er personar med psykisk utviklingshemming. Det vert også gitt tenester til heimebuande med fysiske funksjonshemmingar.

Etter kvart som vertskommunebebuarar fell frå vert vertskommunetilskotet redusert. Dette fører til at me må redusera ressursane til tenesta. Talet på vertskommunebebuarar pr. 01.01. kvart år er grunnlag for utbetaling året etter. I 2018 var det ikkje fråfall av vertskommunebebuarar.

I gjeldande økonomiplan har me rekna med ei inntekt på 26,1 mill. kr i 2020. Dei nye utrekningane viser at me kan venta ei utbetaling på 26,4 mill. kr i 2020. Det er 0,3 mill. kr meir enn i gjeldande økonomiplan, men denne føresette eit vertskommunefråfall i 2020. Inntektsauken er for låg til å kompensere for kostnadstrekk på 1 mill. kr. i 2020.

Hå er med i 50 %-klubben som betyr at kvart fråfall frå vertskommunebebuarane vert trekt med om lag 1,5 mill. kr. I gjeldande økonomiplan 2019-2022 ligger det eit kostnadsnedtrekk

på ein mill. kr per år. Hå kommune klarer ikkje meir enn ein reduksjon på 0,7 mill. kr (eit årsverk) for kvart vertskommunefråfall dei næraste åra i snitt.

Veksten innan tenestebehovet for gruppa med samansette behov er så stor at vi er i gang med ein offentleg PhD (doktorgrad) som gjennom aksjonsforskning skal forsøke å endra måten vi gir tenester på innan deler av dette området. Dette skal gjerast ved å mobilisere den som har utviklingshemming eller samansette behov sjølv, pårørande, frivillige og velferdsteknologi saman med den vitskapelege høgskulen VID.

Mål:

- Å få fleire til å klara seg mest mogleg sjølvstendig i eigen bustad.

### Driftsbudsjett funksjonshemma

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2018	Budsjett			Økonomiplan		
		2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
2342 Støttekontakt	2 808	2 768	2 768	2 758	2 758	2 758	2 758
2343 Aktivitetstilbod	4 427	4 777	4 777	5 456	5 456	5 456	5 456
2543 Personleg assistent	2 762	2 699	2 949	2 974	2 974	2 974	2 974
2348 Frivillighet	-292	1 155	1 395				
2545 Funksjonshemma	59 494	71 680	77 611	84 856	84 856	82 835	82 834
2549 Anna hjelp i heimen	744	1 579	1 942	1 754	1 754	1 754	1 754
Driftsutgifter	103 554	114 889	117 027	124 857	124 857	122 757	121 457
Driftsinntekter	-34 662	-30 231	-26 979	-25 681	-25 681	-25 681	-25 681
Bruk av fond 1941		-		-1 378	-1 378	-1 299	-
Netto drift	68 932	84 658	90 047	97 798	97 798	95 777	95 776
Årsverk	116,9	135,7	140,8	141,8	141,8	138,8	137,8

\*) med godkjente endringar

### Tiltak

Teneste 2545 funksjonshemma:

#### Vedtatt i tertial 2019:

- Frå 2019 vart det overført 3,1 heimlar som følgje av avvikla barnebustad. Kostnaden med dette er 2,4 mill. kr og ein refusjon på 0,95 mill. kr (heilårsverknad).
- Frå 2019 var det vedtatt 2 heimlar til ein kostnad 1,05 mill. kr som følgje av auka behov i eit bufellesskap.

#### Forslag til auka budsjett:

- Viervegen skil seg noko frå dei andre omsorgsbustadene i kommunen. Her gjev personalet mellom anna tenester til brukar som etter spesialisthelsetenesta si vurdering har det mest omfattande tvangsvedtaket i Rogaland. Det er behov for å auka med 0,53 årsverk for å halda lovkrav etter Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2, samt krav til eit trygt og forsvarleg arbeidsmiljø. Kostnadsauken vil vera på 360 000 kr, og auka refusjonen er rekna til 288 000 kr. Netto kostnadsauke vil vera 72 000 kr årleg.
- Funksjonshemma med behov har krav på gratis SFO på ungdomsskulen og vidaregåande skule. Rådmannen føreslår å auka til 400 000 kr til dekking av utgifter sidan beløpet i gjeldande økonomiplan ikkje strekk til.



- Rådmannen føreslår oppsamling i nedtrapping av verstkommuneårsverk som fører til inga nedtrapping i 2020 og 2021. Årsaka er at det er vanskeleg å klara nedtrappinga for ein og ein brukar som fell frå. Rådmannen føreslår ei nedtrapping på 3 årsverk i 2022 og ytterlegare eitt i 2023.

Teneste 2343 Aktivitetstilbod:

- Eit barn treng meir tilsyn om natta og me vil prøva å få til ei løysing med privat avlasting i heimen til ein kostnad på 0,55 mill. kr årleg.

Teneste 2543 Personleg assistent:

- Ytterlegare vedtak på tenesta brukarstyrt assistent (BPA) vil auka kostnadane med 0,5 heimel og 275 000 kr årleg.

## Barnevern

Barnevernet har ansvar for å ta i vare barnet sitt beste. Det betyr oftast å setje inn tiltak som kan få heimen til å fungera slik at barnet kan bu heime. For å unngå overtaking av omsorga kan det bli sett inn kontroll- og endringstiltak i heimen.

I spesielle heimesituasjonar kan det vere behov for å gje foreldre avlasting eller å sikra miljøskifte for barn. Det kan tildelast støttekontakt til barn som har behov for fylgje for å fungera i sosiale situasjonar, opptrening av funksjonar eller vaksenkontakt. Barnevernet kan også nytta førebyggjande tiltak som ferie og andre tiltak i fritida for å gje barn og unge høve til utvikling og meistring.

Ved omsorgsovertaking til fosterheim gjev kommunen kompensasjon til fosterforeldre og også frikjøp frå arbeid slik at fosterforeldra kan ta seg av barn med spesielle utfordringar. Ein stor del av utgiftene skuldast ulike forsterkingstiltak i fosterheim, i tillegg til utgifter knytt til barn som har diagnosar og utfordringar som krev spesielle tiltak.

Institusjonsplassar er for dei barna det ikkje lukkast å finne fosterheim til. Det er ofte barnet si åtferd som er grunnen når det ikkje lukkast å finne ein fosterheim.

### *KOSTRA-tala for 2018 viser dette innan barnevern*

KOSTRA Utdrag nøkkeltall Barnevernet	Hå			Klepp			Time			Rogaland		
	2016	2017	2018	2016	2017	2018	2016	2017	2018	2016	2017	2018
Netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år, barnevernstenesten	6 275	7 223	6 603	5 756	6 074	6 617	6 343	7 168	7 814	7 519	8 582	9 087
Del av netto driftsutgifter til barn som er plassert av barnevernet (f.252)	58,3	56,6	63,2	48,6	47,2	48,9	52,9	54,9	61,1	57,7	58,9	58,8
Barn med melding ift. talet på innbyggjarar 0-17 år	5,1	4,6	4,9	4,6	4,4	4,2	5,3	4,6	4,4	4,3	4,4	4,4
Barn med undersøking ift. talet på innbyggjarar 0-17 år	5,4	5,1	5,1	5,1	4,5	4,6	5,1	4,8	4,3	4,5	4,7	4,7
Del av barn med barnevernstiltak ift. talet på innbyggjarar 0-17 år	4,3	4,8	3,8	3,4	3,2	4,0	4,2	3,9	3,6	4,0	4,0	4,1

Kostnaden til barnevernstenesta i Hå har vart lågare i 2018 per innbyggjar 0-17 år enn i 2017. Me ligg også lågare enn Klepp, Time og Rogaland. Hå nyttar den største andelen av budsjettet til barn plassert av barnevernet. Det vil seia at plasserte barn tar ein større del av ressursane enn ulike tiltak i heimen.

Hå ligg høgast på tal meldingar i forhold til barn 0 – 17 år. Hå ligg høgare enn Klepp, Time og snittet i Rogaland i forhold til barnetalet i kommunen. Me set i verk litt fleire undersøkingar enn nabokommunane og snittet i Rogaland. Delen av barn med barnevernstiltak har minka sidan 2017 og Hå ligg nå høgare enn Time kommune, men lågare enn Klepp og snittet i Rogaland. Me ser at dette talet endrar seg noko frå år til år for alle kommunane.

## Mål

Målet for barnevernet er å vera ei teneste med høg kvalitet. Tiltak som vert vedtekne skal evaluerast og dei som ikkje fungerer slik dei var tenkt, skal avsluttast. Fosterheim vert prioritert før institusjon, då me vurderer det er betre for eit barn å få veksa opp i ein familie.

### Driftsbudsjett barnevern

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap	Budsjet			Økonomiplan		
	2019	2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
2440 Barnevern	7 375	8 641	8 701	8 632	8 632	8 632	8 632
2510 Barnehage	121	140	140	150	150	150	150
2512 Besøksheim	834	1 685	2 085	928	928	928	928
2514 Støttekontakt	117	235	235	201	201	201	201
2519 Andre t.t. I heimen	3 137	4 911	5 911	5 516	5 516	5 516	5 516
2520 Fosterheim	11 483	10 346	15 346	14 461	14 461	14 461	14 461
2521 Institusjon	2 012	2 000	1 000	1 800	1 800	1 800	1 800
2529 Andre t.t.utenf.heimen	4 717	2 577	2 077	2 277	2 277	2 277	2 277
Driftsutgifter sum	35 855	34 315	39 595	38 280	38 280	38 280	38 280
Driftsinntekter sum	-6 061	-3 780	-4 100	-4 315	-4 315	-4 315	-4 315
Netto drift	29 795	30 535	35 495	33 965	33 965	33 965	33 965
Årsverk	14,1	14,1	14,1	14,1	14,1	14,1	14,1

\*) med godkjente endringar

Prognosen for 2019 tyder på at barnevernet går 3,6 mill.kr ut over budsjettet sitt. Rådmannen føreslår derfor å auka budsjettet med 3,5 mill. kr i 2020.

## Tiltak

- Satsa meir på ulike tiltak i heimen enn omsorgsovertaking.
- Auka budsjettet til fosterheim med 3 mill. kr .
- Auka budsjettet til andre barnevernstiltak i heimen med 0,5 mill. kr

## Sosial

Sosial omfattar tenester knytt til vanskeleg økonomi, arbeid/sysselsetting, bustad, gjeld, rus, psykiatri og familieproblem.

Kommunale gjennomgangsbustadar vert nytta til innbyggjarar som av ulike grunnar ikkje klarer å skaffa seg bustad i den ordinære bustadmarknaden. Etter § 3-7 i Helse- og omsorgstenestelova er kommunen "forpliktet til å finne midlertidig husvære for dem som ikke klarer det selv".

Sysselsettingstiltak omfattar tiltak som høyrer til vedlikehaldsverkstaden og sosialtenesta. Det er tilbod til personar som ikkje oppnår arbeid på den ordinære arbeidsmarknaden.

Kvalifiseringsprogrammet har vorte viktigare når ordninga med arbeidsavklaringspengar (AAP) er stramma inn frå staten si side.

## KOSTRA-tala for 2018 viser dette innan sosialhjelp

KOSTRA Utdrag nøkkeltall Sosialhjelp	Hå			Klepp			Time			Rogaland		
	2016	2017	2018	2016	2017	2018	2016	2017	2018	2016	2017	2018
Netto driftsutgifter til råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid	5 928	5 783	14 915	14 428	15 493	17 367	9 725	10 392	12 767	302 603	332 071	361 629
Netto driftsutgifter kvalifiseringsordningen	2 917,0	2 736,0	2 958,0	3 165,0	4 568,0	5 409,0	4 164,0	5 077,0	5 090,0	119 920,0	132 812,0	128 375
Sosialhjelpsmottakere med økonomisk rådgivning (antall)	67,0	80,0	107,0	-	-	-	82,0	57,0	38,0	-	-	-
Sosialhjelpsmottakere	362,0	398,0	377,0	382,0	395,0	351,0	482,0	442,0	448,0	12 263,0	12 519,0	12 194
Samlet stønadssum (bidrag + lån)	18 094 582	20 607 590	20 151 539	17 087 882	18 221 583	12 730 362	22 348 919	21 517 053	20 875 509	-	-	-
Gjennomsnittlig utbetaling pr. stønadsmåned	8 202	8 446	7 927	9 649	9 088	8 431	7 400	7 644	7 390	-	-	-
Gjennomsnittlig stønadstid 18-24 år (antall)	5,5	6,2	6,1	4,1	4,5	4,4	5,8	5,4	5,6	-	-	-
Gjennomsnittlig stønadstid 25-66 år (antall)	6,3	6,1	7,0	4,9	5,3	4,3	6,4	6,6	6,5	-	-	-
Sosialhjelpsmottakere med stønad i 6 måneder eller mer	178	186	206	120	150	108	243	226	225	4823	5147	4978
Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde	48	36	30	56	47	44	44	36	58	46	39	1 276
Antall barn i familier som mottok sosialhjelp (antall)	174	207	111	217	233	153	257	225	113	5 521	6 181	4 999
Antall sosialhjelpsmottakere 18-24 år (antall)	95	93	97	119	101	82	117	92	90	2 974	2 890	2 662

Tabellen over syner at Hå har auka kraftig utgiftene til råd, rettleiing og sosial førebyggjande arbeid. Dette skuldast at desse tenestene tidlegare låg feilaktig som administrasjon i helse og sosial. Hå ligg nå mellom Klepp og Time kommune, noko som ser meir korrekt ut.

Hå brukar kvalifiseringsordninga mindre enn Time og Klepp. Klepp kommune har auka sin innsats dei siste tre åra og er nå på nivå med Time kommune.

Hå kommune har hatt ei stor auke i gjeldsrådgiving dei siste tre åra. Me har langt fleire på rådgiving enn Time kommune som har hatt ein markant nedgang. Klepp kommune har ikkje rapportert tal for gjeldsrådgiving.

Sosialhjelpsstønadene minkar for alle tre Jærkommunane i 2018. Hå hadde den lågaste nedgangen og ligg nå på nivå med Time kommune, mens Klepp kommune klarte ein stor nedgang i 2018. Hå har noko fleire sosialhjelpsmottakarar enn Klepp kommune, men betalar ut langt meir i sosialhjelp. Time kommune har langt fleire sosialhjelpsmottakarar enn Hå kommune, men betalar i sum nesten det same som Hå kommune.

Ser me på den gjennomsnittlege utbetalinga per stønadsmånad ligg Klepp høgast, så følgjer Hå og Time ligg lågast. Utfordringa er at stønadslengda er høgare i Hå kommune enn dei andre kommunane på Jæren. Stønadslengda er mykje lågare i Klepp og nok hovudårsaka bak nedgangen i sosialhjelpsutbetalinga i Klepp.

Av sosialhjelpsmottakarane er det 30% som har sosialhjelp som hovudinntektskilde. Det er ein reduksjon frå 2017, lågare enn dei andre Jærkommunane og snittet i Rogaland. Dermed er den største delen gitt som supplerande sosialhjelp.

I Hå har me hatt ein liten oppgang i talet på mottakarar av sosialhjelp mellom 18 og 24 år. I 2018 har Hå prioritert å arbeida med familiar med barn. Her har me halvert talet av barn i familiar med sosialhjelp.

### Mål

- Det vert arbeidd systematisk med å få alle friske personar ut i arbeid.
- Framleis fokus på familiar med barn og ungdom mellom 18-24 år.

## Driftsbudsjett sosial

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2018	2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
2420 Rådgeving	3 457	3 565	4 681	5 062	5 062	5 062	5 062
2651 Beredskapsb.	-4 526	-4 748	-7 112	-4 652	-4 652	-4 652	-4 652
2730 Org. Syssetting	1 326	1 290	1 291	1 750	1 750	1 750	1 750
2760 Kvalifiseringso	2 886	3 000	3 000	3 023	3 023	3 023	3 023
2810 Livsopphald	13 920	12 700	12 700	12 550	12 550	12 550	12 550
Driftsutgifter sum	26 293	27 764	24 657	25 153	25 153	25 153	25 153
Driftsinntekter sum	-9 230	-10 906	-10 098	-7 420	-7 420	-7 420	-7 420
Netto drift	17 063	16 858	14 559	17 733	17 733	17 733	17 733
Årsverk	11,5	10,9	10,9	10,9	10,9	10,9	10,9

\*) med godkjente endringer

## Tiltak

Teneste 2760 og 2810:

- Rådmannen foreslår inga budsjettauke i 2020, men vil følgje utviklinga med lågare arbeidsløyse og effekt av satsinga på Kvalifiseringsprogrammet (KVP) ut over året 2020.

## Helsestasjonar og anna førebyggjande helseteneste

Helsestasjonen driv førebyggjande helsearbeid, oppfølging av barn og unge, i tillegg til rettleiing av foreldre. Skulehelsetenesta er ein sentral aktør i det førebyggjande arbeidet. Kontaktflata dei har mot alle barna i skulen gjev spesielle moglegheiter til å fange opp dei som treng hjelp tidleg.

## KOSTRA-tala for 2018 viser dette innan helsestasjonar mm

KOSTRA Utdrag nøkkeltall helsestasjon mm	Hå			Klepp			Time			Rogaland		
	2016	2017	2018	2016	2017	2018	2016	2017	2018	2016	2017	2018
232 Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj.	8 264	10 510	8 439	11 357	12 860	15 288	14 836	14 973	16 725	290 147	297 157	349 258
232 Forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. netto driftsutg. per innbygger	440	560	449	596	669	790	795	801	890	615	628	734
233 Netto driftsutgifter til annet forebyggjande arbeid, helse	3 760	4 018	4 255	2 775	2 870	4 119	1 328	1 397	1 525	71 324	79 908	85 173
Antall nyinnskrevne gravide som har møtt til svangerskapskontroll (antall)	289	215	240	203	202	211	283	230	250	4 834	4 919	4 915
Fødte i løpet av året (antall)	281	280	228	235	243	220	265	244	247	6 109	5 917	5 539
Hjemmebesøk utført av jordmor innan tre døgn etter kvinners og nyfødtes heimkomst fra føde/barselavdeling (antall)	..	55	98	..	53	70	..	51	161	..	460	1 127
Andel hjemmebesøk utført av jordmor innan tre døgn etter kvinner og barns heimkomst fra føde/barselavdeling (prosent)	..	20	43	..	22	32	..	21	65	..	8	20
Årsverk av utdannede helsesykepleiere	10,3	9,3	7,5	9,4	9,7	9,8	11,8	13,0	13,2	223,7	230,9	259,2
Årsverk sykepleiere i helsestasjon- og skolehelsetjenesten	2	3	5	2	2	3	1	1	2	47	50	77

Netto driftsutgifter til førebygging, helsestasjon og skulehelseteneste er lågare i Hå enn både Klepp, Time og snittet i Rogaland.

Talet på ny innskrivne gravide som har møtt til svangerskapskontroll er 240. Dette er noko høgare enn 2017. Då fødselstala har gått mykje ned, har delen med svangerskapskontroll auka.

Delen av heimebesøk av jordmor innan tre døgn etter heimkomst har auka til 98, dvs. 43 %. Dette er ei dobling sidan 2017. Dette er ei ny oppgåve som er under oppbygging. Time har hatt ein ennå større auke, mens Klepp har auka noko mindre enn Hå. Alle tre kommunane ligg godt over snittet i Rogaland.

Hå har færre helsesjukepleiarar enn Time og Klepp. Reknar me med sjukepleiarar under utdanning, er Hå på linje med Klepp i tal heimlar men noko bak Time kommune.

Når det gjeld anna førebyggjande arbeid er Hå på linje med Klepp og høgare enn Time. Dei største områda her er miljøretta helsevern og Frisklivssentralen.

Miljøretta helsevern omfattar faktorar i miljøet som kan påverka innbyggjarane si helse. Ein stor del av arbeidet her vert gjort gjennom interkommunal ordning. Satsane for betaling vert vedtekne av representantskapet i Brannvesenet Sør-Rogaland IKS. Det er forventet same nivå på tenesta, og ei prisstiging på om lag 1,9 prosent. Kontroll av vatn på badeplassar kjem inn under dette kapittelet. Oppfølging av asylmottak og kjøletårn, i tillegg til godkjenning og tilsyn med skular og barnehagar er prioriterte område. Reisevaksine er ført på denne tenesta og skal vera til sjølvkost. Brannvesenet Sør-Rogaland IKS skal også starta med tilsyn av salsstadar for tobakk i Hå kommune.

Frisklivs- og meistringssenteret er ein del av kommunen sitt folkehelsearbeid. Dei tek i mot personar som er tilviste med frisklivsresept frå legar, fysioterapeutar og NAV. Senteret gir rettleiing om trening, kost og røykeslutt.

«Folkepuls» er eit samarbeid med idrettslaga gjennom Idrettsrådet. Opplæring og kultur sin idrettskonsulent har kontakten med idrettslaga, men bevillinga av tilskot ligg inn under teneste 2335 saman med Frisklivs- og meistringssenteret.

Det er tilsett ein folkehelsekoordinator i 50 % stilling som skal koordinera folkehelsearbeidet i heile kommunen. Folkehelsearbeidet har som tverrfagleg siktemål å samla innsatsen i kommunen for å styrka faktorar som medverkar til betre helse og trivsel, og å svekka faktorar som fører til helserisiko.

Det frivillige arbeidet er eit satsingsområde i kommunen. Plan for frivillig arbeid vart vedtatt i 2019 og Frivilligsentralen vart flytta frå opplæring og kultur til helse og sosial. Nå vert det arbeidd med å få på plass nødvendige struktur i tråd med vedtatt plan.

## *Mål*

Tenesta inngår som ein del av kommunen sitt førebyggjande og helsefremjande arbeid. Arbeidet i helsestasjonane inneber rettleiing, helseundersøking, vaksinerings, oppfølging, informasjon og tilvising vidare etter behov.

- Fremje folkehelse slik at sosiale helseforskjellar vert utjamna. Folkehelsearbeidet skal fremja innbyggjarane si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold, og søka å førebygge sjukdom, skade og liding.
- Forankra det løypande folkehelsearbeidet gjennom kommunen sitt nye, heilskapelege styringssystem.

## Driftsbudsjett helse

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2018	Budsjett			Økonomiplan		
		2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
2320 Helsestasjon	5 664	8 068	7 948	7 811	7 811	7 811	7 811
2325 Skulehelseteneste	3 894	4 232	4 232	4 641	4 641	4 641	4 641
2326 Tannhelseteneste	-683	-690	-690	-690	-690	-690	-690
2332 Miljøretta Helsevern	2 258	2 189	2 189	2 717	2 717	2 717	2 717
2334 Helseopplysning	328	387	367	351	351	351	351
2335 Friskliv	1 280	1 471	1 539	1 608	1 608	1 608	1 608
2336 Medisinsk attføring	48	49	50	49	49	49	49
2337 Folkehelse	269	391	391	461	461	461	461
2348 Frivillighet	-	-		2 422	2 422	2 422	2 422
Driftsutgifter	18 597	18 495	19 117	21 875	21 875	21 875	21 875
Driftsinntekter	-5 539	-2 398	-3 091	-2 503	-2 503	-2 503	-2 503
Netto drift	13 057	16 097	16 026	19 372	19 372	19 372	19 372
Årsverk	17,9	19,4	20,4	20,4	20,4	20,4	20,4

\*) med godkjente endringar

### Tiltak

#### Teneste 2320:

- I 2018 blei helsestasjon for ungdom opna på Vigrestad. Helsestasjonen har låge besøkstall og rådmannen føreslår at ressursane brukas der dei trengs mest og legg ned helsestasjon for ungdom på Vigrestad.

#### Teneste 2335:

- I 2019 vart det vedtatt ein auke på 0,24 heimel for å tilsette personar som tidlegare hadde oppdragsavtaler som instruktørar i Frisklivssentralen. Desse har nå organisert seg gjennom eige firma og då treng me ikkje denne heimelen.

#### Teneste 2348:

- I 2019 vart det vedtatt ein ny heimel til Frivilligsentralen KS 048/19. Kostnad er 0,6 mill. kr årleg.

## Legar, fysioterapeutar og ergoterapeutar

Alle fastlegane i Hå er tilsette i kommunen med unntak av ein privat fastlege i Sirevåg. Kommunen har eiga legevakt på Bekkeheien, Nærbø. Legevakttelefonen er nå betent heile døgnet og vert også betent for kommunane Eigersund, Sokndal, Bjerkreim og Ulandsdelen av Lund.

Kommunen sine utgifter til fysioterapi er knytt til lønn av fast tilsette og driftstilskot til fysioterapeutar med driftsavtale. Ergoterapi og fysioterapi er viktige element i det å gjera rehabiliteringspasientar i stand til å koma seg ut frå sjukeheimen, anten heim eller over i ein omsorgsbustad.

## KOSTRA-tala for 2018 viser dette innan kommunehelsetenesta

KOSTRA Utdrag nøkkeltall Kommunehelsetenesten	Hå			Klepp			Time			Rogaland		
	2016	2017	2018	2016	2017	2018	2016	2017	2018	2016	2017	2018
Netto driftsutg. til diagnose, behandling og rehabilitering (1000 kr)	21 929	23 274	24 541	24 230	23 910	24 630	26 556	27 347	28 403	703 598	730 526	798 446
Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger	1 166	1 240	1 304	1 272	1 244	1 273	1 423	1 462	1 511	1 491	1 543	1 679
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	9,3	9,3	10,0	10,6	10,7	10,6	10,3	10,9	9,8	9,8	10,1	10,4
Antall fastlegeavtaler	17	18	19	17	19	19	16	16	16	390	396	399
Gjennomsnittlig listelengde korrigert for kommunale timer	1052	989	943	1304	1178	1190	1125	1136	1137	1325	1289	1288
Antall pasienter på fastlegeliste (antall)	17732	17646	17768	19021	19241	19457	17995	18172	18185	474412	473214	473862
Reservekapasitet fastlege (antall)	97	100	101	99	104	101	106	105	103	103	103	102
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	7,2	7,2	8,2	6,4	6,3	6,3	7,3	6,7	6,7	7,4	7,6	7,8

Hå og Klepp har lågare driftsutgifter innan kommunehelsetenesta enn både Time og snittet for dei andre kommunane i Rogaland. Hå og Klepp ligg høgare enn Time i talet på fastlegeavtaler.

KOSTRA viser at Hå har kortare lister enn både Time, Klepp og snittet i Rogaland. Dette skuldast at Hå har fleire legar i redusert stilling og at Kostra ikkje har klart å trekke ut kommunale timer for Hå kommune. Dette kan skuldast at våre fastlegar er kommunalt tilsette.

Hå ligg høgare enn Time, Klepp og snittet i Rogaland på årsverk av fysioterapeutar i kommunehelsetenesta.

### Mål

- Gje ei fagleg god fastlege- og legevakttjeneste.

Prinsippa for tenesteyting er deltaking og meistring, og at den moglegheita skal vere lik for alle. Med deltaking og meistring forstår me i denne samanhengen, den enkelte brukar si moglegheit og evne til å delta og meistre aktivitetar som gir meiningsfull kvardag, gjennom å utnytte eigne ressursar.

### Driftsbudsjett lege-fysioterapi

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2018	2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
2410 Lege	11 272	13 891	13 241	14 736	15 088	15 088	15 788
2412 Legevakt	6 029	7 732	7 432	7 326	7 326	7 326	7 326
2416 Fysio- ergoterapi	7 265	7 664	8 064	8 003	8 003	8 003	8 003
2561 Akutthjelp	3 038	3 425	3 425	3 532	3 532	3 532	3 532
Driftsutgifter	57 305	60 736	60 629	62 530	62 882	62 882	62 882
Driftsinntekter	-29 701	-28 023	-28 467	-28 934	-28 934	-28 934	-28 234
Netto drift	27 603	32 713	32 162	33 597	33 949	33 949	34 649
Årsverk	51,2	52,4	52,4	52,5	52,5	52,5	52,5

\*) med godkjente endringar

### Tiltak

Teneste 2410 lege:

- Rådmannen føreslår å framskynda auke i ein legeheimel og 0,2 hjelpefunksjon frå 2022 til medio 2020. I tillegg vert det lagt inn kostnad for legen tilsvarende basis-tilskotet som kommunen får som auka ramme med halvårsverknad på 252 000 kr i 2020.

- Me har inngått eit samarbeid med Jæren Distriktpspsyklogiske Senter (JDPS) om å dela ein psykolog som vil ha arbeidsplass på Nærbø legesenter nokre dagar i veka. Kostnaden er 0,4 mill. kr der halvparten kan verta ført på primærhelseteamprosjektet fram til og med 2022. Kommunane har eit lovkrav om psykolog frå 2020.
- Prosjektstøtte frå staten til primærhelseteamet fell bort i 2023. Kommunen beholder Helfo-refusjonen frå sjukepleierane. Inntektsbortfall er rekna til 0,7 mill. kr.

Teneste 2412 legevakt:

- Legevaktstelefonen fekk i 2019 auka bemanninga på natt frå 40 % sjukepleier til 100%. Dette betyr 1,1 stilling og ein årleg kostnad på 865 000 kr. Denne stillinga vart det ikkje tilsett i. Stillinga kan fjernast då me valde å samarbeida med Hå sjukeheim framfor å ha ein sjukepleiar aleine på natt på Bekkeheien.

## Rus og psykisk helse

Tenesta rusvern er i stor grad ei oppsøkande teneste. Ho er også sterkt involvert i det bustadsosiale arbeidet i kommunen.

Funkishuset i Sandnes gir eit lågterskel helse- og omsorgstilbod for rusmiddelavhengige over 18 år. Dette tilbodet sikrar mellom anna kommunen si plikt til å ha eit slikt lågterskeltilbod. Funkishuset er ein del av eit interkommunalt samarbeid.

ACT er eit oppsøkande behandlingstilbod for menneske med alvorlege psykiske lidningar, ofte med rusmiddelproblem, som i liten grad sjølv oppsøker hjelpeapparatet. ACT teamet er eit samarbeid mellom Jæren DPS og kommunane Klepp, Time, Hå og Gjesdal. Teamet er tverrfagleg samansett, har ei teambasert tilnærming og leverer både kommunale tenester og spesialisthelsetenester.

Psykiatritenesta har avdeling for heimeteneste, Hybelhuset og Tunet aktivitetssenter. I tillegg har tenesteområdet eit Familiesenter med fokus på barn og unge og heile familiar. Vinkelbygget er ein del av psykiatritenesta sitt tilbod, men er budsjettert under tenesteområdet for institusjonar.

### KOSTRA-tala for 2018 viser dette innan rus og psykisk helse

KOSTRA Psykisk helse og rusvern	Hå			Klepp			Time			Rogaland		
	2016	2017	2018	2016	2017	2018	2016	2017	2018	2016	2017	2018
Brutto driftsutg. til tilbud til personer med rusproblemer pr. innb. 18-66 år (kr)	367	341	399	303	422	665	381	419	388	670	712	767
Netto driftsutg. til tilbud til personer med rusproblemer pr. innb. 18-66 år (kr)	200	282	291	303	219	241	265	277	374	542	556	595
Årsverk av psykiatriske sykepleiere per 10 000 innbyggere (helse- og omsorg) (antall)	5,2	5,6	5,5	2,3	3,5	3,2	1,8	2,5	2,0	4,0	4,3	4,2
Årsverk av personer med vidareutdanning i psykisk helsearbeid per 10 000 innbyggere (helse og sosial) (antall)	9,9	10,1	9,5	5,9	7,2	5,4	5,3	5,7	4,7	7,3	7,3	7,0
Årsverk av personer med vidareutdanning i rusarbeid per 10 000 innbyggere (helse og sosial) (antall)	2,8	3,4	3,7	2,9	3,9	3,4	1,6	1,8	2,1	1,8	2,1	2,2
Nyinnflyttede med psykiske lidelser (antall)	6,0	4,0	8,0	:	:	:	7,0	4,0	5,0	66,0	65,0	88,0
Nyinnflyttede som er rusmiddelmissbrukere (antall)	:	5,0	:	:	:	:	11,0	10,0	7,0	74,0	88,0	56,0
Nyinnflyttede rusmiddelmissbrukere med en psykisk lidelse (antall)	5,0	:	6,0	:	:	5,0	7,0	4,0	6,0	40,0	52,0	68,0

I Kostra tala ligg Hå på linje med Time når det gjeld brutto utgifter til personer med rusproblem sett i forhold til talet på innbyggjarar mellom 18 og 66 år. Klepp har hatt ei stor auke som nok skuldast at dei er vertskommune for satsinga innan ettervern på Jæren. Dette arbeidet får støtte direkte i statsbudsjettet. Dette er nok medverkande til at Klepp ligg lågast på netto utgifter i rusvern, det vil seia etter at inntektene er trekt frå.



Hå satsar på vidareutdanning i psykisk helsearbeid og rusarbeid. Hå har på grunn av dette flest psykiatriske sjukepleiarar, personar med vidareutdanning i psykisk helsearbeid og rusarbeid per 10 000 innbyggjarar enn Klepp, Time og snittet i Rogaland.

Kostratala for innflyttarar med psykiske lidningar, rusmiddelmissbruk eller begge deler ser me at Hå har flest innflyttarar med psykiske lidningar på Jæren, mens Time får flest rusmiddelmissbrukarar. Hå og Time hadde likt tal innflyttarar i 2018 med både psykiske lidningar og rusmiddelmissbruk. Klepp hadde ingen slike innflyttarar i 2018.

## Mål

Sikre eit forsvarleg tilbod til dei som har særskilde og samansette behov.

### Driftsbudsjett rus og psykisk helse

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2018	2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
2430 Rusvern	4 001	4 480	4 481	4 840	4 950	4 790	4 790
2544 Psykiatri	12 163	13 368	13 368	15 160	15 160	15 160	15 160
Driftsutgifter	18 636	19 453	20 150	20 610	20 610	20 110	20 110
Driftsinntekter	-2 473	-1 604	-2 301	-610	-500	-160	-160
Netto drift	16 163	17 849	17 849	20 000	20 110	19 950	19 950
Årsverk	20,2	21,7	21,7	22,2	22,2	21,2	21,2

\*) med godkjente endringar

## Tiltak

- Tenesta for psykisk helse har stor auke i tenesteførespurnadane, dels fordi spesialisthelsetenesta har overført nokre av oppgåvene til kommunane og dels fordi fleire innbyggjarar spør etter hjelp. Rådmannen føreslår å auka bemanninga med 1 årsverk frå 2020. Årleg kostnad 705 000 kr.
- ACT teamet mister statstøtte frå 2020. Føreslår å auka betalinga med 300 000 kr (Hå sin del) for å kompensera dette.
- Tenesta for rus har ein 50 % ledig stilling som kan innsparast. Vil gje ei årleg innsparing på 300 000 kr.

## Flyktningar

Korleis kommunen lukkast med integreringa av flyktningane har mykje å seia for kostnadane på dette området. Introduksjonsprogrammet varer i 2 til 3 år medan den einskilde har status som flyktning i 5 år.

KOSTRA Utdrag nøkkeltall Introduksjonsordning	Hå			Klepp			Time			Rogaland		
	2016	2017	2018	2016	2017	2018	2016	2017	2018	2016	2017	2018
Mottakere av introduksjonsstønad (antall)	70	105	92	66	86	73	62	78	81	1 894	2 397	2 344
Introduksjonsstønad totalt (1000 kr)	9 037	11 997	11 912	7 085	9 930	10 094	7 022	10 624	9 466	207 498	295 418	299 617
Gjennomsnittlig introduksjonsstønad pr. mottaker (kr)	129 104	114 261	129 478	107 351	115 464	138 268	113 262	136 206	116 866			
Gjennomsnittlig deltakelseslengde (måneder) (måneder)	9	8	9	8	8	9	8	9	8			
Netto driftsutgifter til introduksjonsordningen (1000 kr)	11 633	15 854	17 110	7 743	10 357	9 945	7 708	11 493	10 712	276 265	389 656	398 275

## Mål

Ei rask og god integrering slik at alle som buset seg i kommunen kan verta sjølvhjelpete i det norske samfunnet.

## Driftsbudsjett flyktingar

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2018	Budsjett			Økonomiplan		
		2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
2750 Intro stønad	12 700	11 700	11 700	9 000	6 000	4 000	4 000
2815 Sosialhjelp	6 000	6 000	6 000	5 800	7 000	7 000	7 000
330/2422	11 628	7 497	7 497	5 980	4 897	3 497	1 897
331/2750 utgift	4 600	4 769	6 419	4 651	4 513	4 513	4 513
2440 Barnevern	855	819	814	824	814	814	814
2520 Fosterhjem	3 254	1 504	1 504	1 000	600	300	-
2521 Institusjon	800	800	800	800	800	800	800
2529 Andre bv tiltak	718	1 006	1 006	718	718	718	718
Driftsutgifter	40 555	34 095	35 740	28 773	25 342	21 642	19 742
Driftsinntekter	-41 663	-34 095	-35 740	-26 773	-23 342	-19 642	-19 742
Bruk av Disp.fond		-2 000	-8 000	-2 000	-2 000	-2 000	-
Netto Drift	-1 108	-	-	-	-	-	-

### Tiltak

- Rådmannen føreslår å budsjettera med 1 mill. kr i auka refusjonar.
- Vidare føreslår rådmannen å budsjettera med 1 mill. kr i fosterheimsutgifter til dei einslege mindreårige i 2020 og ei nedtrapping dei neste åra.

## Nærland mottak

Hero Mottak as driftar det statlege mottaket for asylsøkjjarar. Kommunen leverar helsetenester til personar på mottaket og får økonomisk stønad frå staten. Stønadene frå staten går i balanse med utgiftene. Når det gjeld psykiske helsetenester til mottaket har kommunen avtale med Jæren distriktpsikiatriske senter.

### Driftsbudsjett Nærland mottak

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2018	Budsjett			Økonomiplan		
		2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter	2 803	2 116	2 116	2 175	2 175	2 175	2 175
Driftsinntekter	-2 868	-2 257	-2 256	-2 236	-2 236	-2 236	-2 236
Netto drift	-65	-141	-140	-61	-61	-61	-61
Årsverk	2,3	1,6	1,6	1,6	1,6	1,6	1,6

### Tiltak

- Ingen nye tiltak i 2020.

## Transport, bevilling/skjenkekontroll, lærlingar

Transport omfattar all transport, innleie av drosjar og egne bilar. Det vert årleg køyrd eit høgt kilometertal til transport av heimesjukepleie, legevakt, bebuarar i omsorgsbustadar og brukarar av dagtilbod og liknande.

Tenesteområdet har 58 bilar til disposisjon som vert nytta til intern transport.

I økonomiplanen 2020-2023 er det lagt eit snitt på om lag 22 lærlingar pr. år. Det er ein auke på to lærlingar.

### Driftsbudsjett Transport, Bevilling/skjenkekontroll, Lærlingar

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2018	Budsjett			Økonomiplan		
		2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
2341 Transport	1 780	2 247	2 158	2 539	2 539	2 539	2 539
2547 Lærlingar	1 849	2 077	2 277	2 771	2 771	2 771	2 771
Driftsutgifter sum	8 928	9 561	9 079	10 160	10 160	10 160	10 160
Driftsinntekter sum	-5 299	-5 237	-4 644	-4 850	-4 850	-4 850	-4 850
Netto drift	3 629	4 324	4 435	5 310	5 310	5 310	5 310
Årsverk	2,6	2,6	2,6	2,6	2,6	2,6	2,6

#### Tiltak

- Auka talet på lærlingar med 2 i helse og sosial. Det er lagt inn ein kostnadsauke på 200 000 kr.

### Fengselshelsetenesta

Verksemda vert driven som ein integrert del av kommunen si helseteneste. Utgiftene vert dekkja av staten gjennom øyremarka tilskot, og drifta vert lagt opp etter dette.

#### Driftsbudsjett fengselstenesta

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2018	Budsjett			Økonomiplan		
		2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter	6 590	6 017	6 017	6 619	6 300	6 300	6 300
Driftsinntekter	-6 590	-6 017	-6 017	-6 619	-6 300	-6 300	-6 300
Netto drift	0	-	-	-	-	-	-
Årsverk	5,4	5,4	5,8	6,2	5,8	5,8	5,8

Tenesteområdet har gått med mindreforbruk dei seinaste åra. Hå kommune kan ikkje nytta desse midlane på andre tenester.

#### Tiltak

- Me har nytta prosjektmidlar til å doble kapasiteten på fysioterapi på Åna fengsel. Prosjektet vert avslutta 31.12.2019 og me rår til ein auke på fast stilling på 40 % slik at det gode arbeidet kan halda fram. Finansierast av statlege midlar.
- Det er auka ein sjukepleiarstilling på 40 % i eit prosjekt som er eittårig. Dette er finansiert av statlege midlar.

### Bustadar

Vedlikehald og reingjering vert handtert av eigedomsavdelinga. Vedlikehald av uteområdet utanfor institusjonar og bufellesskap er overført til tenesteområdet for tekniske saker og næring.

Dette kapittelet inneheld husleigeinntektene og dei kostnadselementa som ikkje vert flytta over til eigedomsavdelinga.

#### Mål

- Få utnytta bustadene mest mogleg effektivt.

### Driftsbudsjett bustader

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2018	2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
2650 Trygdebustadar	-5 840	-5 787	-5 787	-5 983	-5 983	-5 983	-5 983
2650 Verna bustadar	-2 377	-2 515	-2 515	-2 498	-2 498	-2 498	-2 498
Driftsutgifter	585	618	618	639	639	639	639
Driftsinntekter	-8 804	-8 920	-8 920	-9 120	-9 120	-9 120	-9 120
Netto drift	-8 219	-8 302	-8 302	-8 481	-8 481	-8 481	-8 481
Årsverk	-	-		0,0	-	-	-

\*) med godkjente endringar

### Tiltak

- Ingen nye tiltak i 2020.

### Kommunestyret vedtok følgande tekstforslag

- Det må vurderast om det skal seljast fleire av dei eldre kommunale bustadane.

### Tilskot frå Husbanken, etablering og utbetring

Vidareformidling av statlege midlar frå Husbanken til utbetring/tilpassing og etablering/rehabilitering.

### Tilskot frå Husbanken

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2018	2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter	1 807	200	1 851	400	400	400	400
Driftsinntekter	-1 807	-200	-1 851		-	-	-
Netto drift	-	-	-	400	400	400	400

inn i rammeoverføringa frå 2020

### Tiltak

- Halde fram med drift som i 2019.
- Tilskot frå Husbanken går inn i rammefinansieringa frå 2020.

## Investering

### Viktige utfordringar i komande periode

Dei viktigaste satsingane i komande periode er rehabilitering av Hybelhuset, fortsette planlegginga av ein ny avlastningsbustad for barn og ungdom på Nærbø og få utbetra Heimtun til ein møtestad for eldre.

Sambrukshuset på Nærbø vert omtala under samfunnsdelen i budsjettet.

## Investeringar i planperioden

Tal i 1000 kr.	t.o.m 2019	Løyving				Til- skott	MVA komp
		2020	2021	2022	2023		
Rehabilitering av Hybelhuset	100	8 000	7 200				2 000
Avlastningsbustad	1 500	10 000	23 000	2 000		4 000	5 600
Ombygging Heimtun gjenbruk og sambruk	100	6 500					1 280
Kjøp av bustader/leiligheter	5 mill. kr/år	-	-	-	-	-	-
Rehabiliteringsmidlar helsebygg		2 500	2 500	2 500	2 500		
Bil omsorgstenesta og stor bil Blåbærtua		1 500	250	250	250		300
Rehabilitering av Olsvoll			5 200				1 040
Renovering fasade Jadarvegen 5		1 500	600				
Riving av Langaberget 7 og 11 på Oгна		1 000					-
Riving av Vierveien 14 og 16 på Nærbø			1 000				
Skifte ut pasientsignalanlegg med velferdsteknologi		1 000	500	500			200
<b>SUM</b>		<b>32 000</b>	<b>40 250</b>	<b>5 250</b>	<b>2 750</b>		

### Hybelhuset på Klokkartunet

I plan for helse og sosialbygg går det fram det at Hybelhuset treng omfattande rehabilitering. Hybelhuset hører til under rus og psykiatritenesten. I økonomiplanen for 2019-2022 var det sett av 10 mill. kr til rehabilitering. Arbeidet med skisseprosjektet syner at det er behov for meir rehabilitering ved hybelhuset enn først antatt, noko som fordyrar prosjektet.

Kostnadsaukane knyter seg til fleire forhold, til dømes nødvendig oppgradering av tekniske anlegg og personalområda i hybelhuset. Rådmannen anbefaler å sette av ytterligere 5,3 mill. kr i 2020. Kostnadsramma for hybelhuset blir med dette 15,3 mill. kr. Eiga sak om dette kjem parallelt med framlegging av budsjettforslaget.

### Avlastingsbustad barn og unge

I 2018 vart det vedtatt å bygga ein ny avlastingsbustad for barn og ungdom i Skjeraberget 50 på Nærbø. I økonomiplanen for 2019-2022 er det sett av 29 mill. kr. Det var anslått tilskott frå Husbanken på 8 mill. kt. Forslaget som nå ligg føre er teikna av Norconsult og er på 786 m2 BTA. I tillegg kommer en carport på 69 m2. Løysinga er innafor dei rammer Husbanken sett. Utforming av bygget på den aktuelle tomte og husbanken sine vilkår gjer at antall m2 aukar noko i forhold til det som låg til grunn for tidlegare kalkyler. Saman med ein registrert auke i marknadsprisane for bygg aukar dei forventade kostnadene for avlastningsbustaden.

Rådmannen føreslår at det blir sett av 36,5 mill. kr som kostnadsramme for avlastningsbustad ved Skjeraberget. Eiga sak om dette kjem parallelt med framlegging av budsjettforslaget.

Ein regelendring frå Husbanken gjer at det berre vert gitt støtte for nye plassar som aukar den totale kapasiteten. Døgnkapasiteten har i realiteten har vore halvparten av talet på tilgjengelege sengeplassar i Blåbærtua. Me anslår at tilskottet vert om lag 4 mill. kr.

### Ombygging Heimtun, sambruk og gjenbruk

Rådmannen sette av 4,5 mill. kr i 2019 i økonomiplan for 2018-2021 for utbetringar av Heimtun. Det vart i økonomiplan 2019-2022 føreslått 1 mill. kr i auke for å gje nokre fleire

parkeringsplassar. I KS sak 005/19 blei skisseprosjekt alternativ 1 vedtatt. Dette prosjektet hadde ein anslått kostnad på 5,2 mill. kronar utan auke til parkering. Etter skisseprosjektet er dette auka til 5,6 mill. kr . Rådmannen føreslår at totalramma for budsjettet aukar med 1,1 mill. kr til 6,6 mill. kr for å få nok parkeringsplassar.

### *Flyktningbustadar/vanskelegstilte*

Rådmannen føreslår at det ikkje vert sett av nye midlar til kjøp av bustader til flyktingar og andre vanskelegstilte før det oppstår eit større behov.

### *Rehabiliteringsmidlar helsebygg*

Rådmannen viser til Plan for helse- og sosialbygg og Vedlikehaldsplan for kommunale bygg som ble politisk behandla i november 2018 og 2019, og anbefaler at løyvinga på 4 mill. kr årleg endrast til 2,5 mill. kr årleg på investering og 1,5 mill. kr årleg på drift.

### *Nye bilar*

Rådmannen føreslår at avsetting av 250 000 kr årleg til kjøp av ny bil vert vidareført i 2023. Det er føreslått 500 000 kr ekstra i 2020 til innkjøp av to biler til heimetenesta. Me har fleire på liste enn bilar slik at tilsette vert nøydde til å nytta privatbil. Dagens 9-seter på Blåbærtua avlastningsbustad for barn og unge nærmar seg kondemnering. Rådmannen føreslår at det vert sett av 750 000 kr til ny bil til Blåbærtua.

### *Rehabilitering av Olsvoll*

I sak KS 096/18 vedtok kommunestyret å leggja til 5,2 mill. kr i 2021 til rehabilitering av Olsvoll. Før rehabilitering av bygningar på Olsvoll vert sett i verk, må det gjerast ein gjennomgang av bruken av lokala.

### *Renovering fasade Jadarvegen 5*

Det er behov for renovering av betongfasadane ved Jadarvegen 5 og skifte av vindauge. Bygget er verna, så ein må gå tilbake til det arkitektoniske uttrykket frå byggeåret i 1938. Saman med kulturvernrådgvivar i kommunen er det funne bilete frå tidlig alder som syner korleis fasadane då såg ut.

### *Midlar til riving av bygg*

I plan for helse og sosialbygg behandla i KS 065/18 var det føreslått å riva 4 bygg, mellom anna Langaberget 7B og 11. I tillegg kan ikkje Viervegen 14 og 16 nyttast til bustad utan betydeleg rehabilitering. Det kostar vedlikehald for å sikra at husa ikkje vert nytta av uvedkomande og er til skade for omgivnaden. Rådmannen føreslår at alle desse bustadane vert rivne, og at det vert sett av 1 mill. kr i kvart av åra 2020 og 2021 til dette formålet.

### *Frå pasientsignalanlegg til velferdsteknologi*

Hå sine pasientsignalanlegg høyrer til gårldagens teknologi og bør skiftast ut til ein plattform som gjer det mogleg med velferdsteknologi i større skala. Kostnadsanslaget er usikkert, men rådmannen føreslår det vert sett av til saman 2 mill. kr.

## Vedlegg helse og sosial – Rådmannen sitt forslag

### Samla forslag til endringar

Endringar frå førre plan 1000 NOK	2020	2021	2022	2023
Ramme i økonomiplan 2019-2022, 2023 settes lik 2022 + fondsrafall	387 403	387 116	387 962	387 962
Løns-, prisvekst og auka eigenandel ressurskrevjande	13 108	13 205	13 109	13 109
Endringar som er godkjent i løpet av 2019	4 035	4 035	4 035	4 035
Nye tiltak i denne økonomiplanen	11 735	16 887	16 406	19 555
Reduksjon / innsparing	-13 632	-14 732	-14 732	-14 732
Ramme i økonomiplan 2020-2023	402 649	406 511	406 780	409 929

### Vedtekne endringar i løpet av 2019

Teneste	Tiltak 1000 kroner	2020	2021	2022	2023
2335	Lovendring får konsekvenser for innleide instruktører.	68	68	68	68
2348	Ny heimel Hå Frivilligsentral	600	600	600	600
2530	Ny barnebustad kostnader	5 840	5 840	5 840	5 840
	Ny barnebustad refusjon	-3 570	-3 570	-3 570	-3 570
	Opphør eksisterande barnebustad mindre kostnad	-3 463	-3 463	-3 463	-3 463
	Opphør eksisterande barnebustad mindre refusjon	2 060	2 060	2 060	2 060
2540	Nytt barn med særskilte behov i heimesjukepleien	2 640	2 640	2 640	2 640
	Refusjon gjelder hele vedtaket på 6,5 årsverk.	-2 640	-2 640	-2 640	-2 640
2545	Bruker flyttet fra barnebustad etter fylte 18 år (heilårsverknad)	2 400	2 400	2 400	2 400
	refusjon etter flytting	-950	-950	-950	-950
	Auka behov i bufellesskap	1 050	1 050	1 050	1 050
	Netto endring fra forrige år 1000 kroner	4 035	4 035	4 035	4 035
	SUM auka årsverk	11,1	11,1	11,1	11,1

### Forslag til innsparingstiltak og auka inntekter i økonomiplanen 2020-2023

Teneste	Tiltak 1000 kroner	2020	2021	2022	2023
	Reduksjon innleie fra alle tenesteområdene	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
2340	Reduksjon 1 stilling Tunet brukerstyrte senter på Varhaug	-500	-500	-500	-500
2530	Legge ned utvidelsen av kortidsplasser i 2 etasje	-6 400	-7 000	-7 000	-7 000
2540	Redusere bemanning på Olsvoll til 1 på dag og 1 på kveld	-3 767	-4 267	-4 267	-4 267
	Slå sammen leder for heimetenesta på Vigrestad og Ogna	-800	-800	-800	-800
2412	Legevakt. Kutte økning på natt og fortsatt samarbeide med sjukeheimen	-865	-865	-865	-865
2430	Ledig 50% stilling i rusvern. Føreslås kuttet.	-300	-300	-300	-300
	Netto endring fra forrige år 1000 kroner	-13 632	-14 732	-14 732	-14 732
	SUM reduserte årsverk	-19,9	-19,9	-22,9	-23,9

*Forslag til endringer i økonomiplanen 2020-2023 – tillegg (rådmannen sitt forslag)*

Teneste	Tiltak 1000 kroner	2020	2021	2022	2023
1200	Auka driftskostnad elektroniske løysingar digitalisering	180	180	180	180
2340	Dagsenter for demente får midler i rammen frå 2020	600	600	600	600
2530	Auka behov hos ein brukar medfører 0,9 auka stilling	800	800	800	800
	Auka behov avlastning barn og ungdom. Blåbærtua	1 567	1 567	1 567	1 567
2540	Heimesjukepleie på Nærbø har økt behov	784	784	784	784
	Økning på årsverk hjemmesjukepleie for å forberede eldrebølgje		3 500	5 250	7 700
	Auka 1 stilling kvardagsrehabilitering 0,5 ergo og 0,5 fysio	350	650	650	650
	Auka heimesjukepleie på grunn av minka heimehjelp	3 500	3 500	3 500	3 500
2542	Redusert heimehjelp flyttet over til heimesjukepleie	-3 500	-3 500	-3 500	-3 500
2545	Bofelleskap Viervegen stillingsauke	360	360	360	360
	Refusjon stillingsauke Viervegen bofelleskap	-288	-288	-288	-288
	Utsatt og justert nedtrapping vertskommunemidler	1 000	2 000	900	200
	Off. phd etterarbeid				699
	SFO kosnadsauke dekke frå helse og sosial	100	100	100	100
2343	Privat avlastning på natt for barn i eigen heim	550	550	550	550
2543	Brukarstyrt personlig assistent (BPA). Auke i vedtak	275	275	275	275
2519	Andre barnevernstiltak i heimen	500	500	500	500
2520	Auke i fosterheimsutgifter	3 000	3 000	3 000	3 000
2410	Legeheimel og 0,2 årsverk sjukepleier får medio 2020 netto kostnad	100	200		
	Basistilskudd leger kommer som auka ramme til kommunen	252	504		
	Øk. plan 2019-2022 har for låg nettokostnad for legestillinga			273	273
	Psykolog 50% i samarbeid med Jæren DPS	400	400	400	400
	Forlenget statsstøtte primærhelseteam		-220	-700	
2544	Hjemmetenesta psykisk helse auke med 1 årsverk	705	705	705	705
	ACT team med JDPS, Klepp, Time og Gjesdal mister statsstøtte	300	300	300	300
2547	Lærlingar. Auke med 2 årleg i helse og sosial	200	200	200	200
2416	Auke med 0,4 stilling fysioterapeut i fengselet	254	254	254	254
	Finansiering direkte fra staten	-254	-254	-254	-254
2430	Rusprosjekt ferdig 2021 istadanfor 2020		220		
	Netto endring fra forrige år 1000 kroner	11 735	16 887	16 406	19 555
	SUM auka årsverk	10,6	17,2	18,5	22,0





# Tekniske saker og næring

I driftsbudsjettet for 2020 foreslår rådmannen å auke vintervedlikehaldsbudsjettet og driftsmidlane til vedlikehald av grøntanlegg, elles legg rådmannen ikkje opp til vesentlege endringar.

I investeringsbudsjettet er hovudprioriteten flaumsikring av Vigrestad og Varhaug, og ny hovudvassleidning frå Håland til Kviamarka. Det er òg fokus på sentrumsutvikling og saneringsarbeid. Andre tiltak er skyvd ut i tid eller tatt ut av økonomiplanperioden.

## Mål

Tenesteområdet har som målsetting å vera samfunnsutviklar, og å legge til rette for at kommunen kan veksa på ein måte som sikrar gode levekår og ei berekraftig utvikling. Det skal ytast tenester av god kvalitet, og investeringar skal bli overlevert i rett tid og innanfor godkjente budsjetttrammer. Saksbehandlinga skal vera effektiv og målretta. Det skal vera ein god kommunikasjon med aktuelle partar i saksbehandlinga.

## Viktige satsingsområder i planperioden

- Prioriterer flaumsikring på Vigrestad og Varhaug som viktige klimatiltak
- Prioriterer utskifting av gamle vassleidningar for å følgje opp avtalen med IVAR
- Halde fram utbygginga av flaum-, vatn- og avløpsprosjekt i samsvar med hovudplan for vatn, vassmiljø og avløp
- Utsett/skyv på dei store vegprosjekta for ikkje å auka nivået på dei totale investeringane i økonomiplanperioden
- Held fram satsinga på trafikksikring ved å byggje gang- og sykkelveggar på tilsvarende nivå som i gjeldande økonomiplanperiode
- Arbeide for å verte godkjent som Trafikksikker kommune
- Arbeidet med ein heilskapleg plan for vegnettet held fram
- Omklassifisering av veggar, gang- og sykkelveggar og gatelys (fylkeskommunale og kommunale anlegg)
- Planstrategi og rullering av kommuneplanen
- Kommunedelplan for Varhaug sentrum og for Vigrestad sentrum
- Områderegulering for Stokkalandsmarka sentrum

## Nøkkeltal

### Ressursbruk for tenesteområdet – drift

Ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2018	2019	2019 *)	2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter	153 747	160 835	165 687	176 143	173 693	172 629	172 029
Driftsinntekter	-101 051	-105 975	-106 721	-115 964	-121 912	-125 452	-128 685
Bruk av fond (alle)	-8 567	-9 144	-9 024	-6 105	-2 934	-1 274	-150
Netto drift	44 129	45 716	49 942	54 074	48 207	45 903	43 194
Årsverk med fellesavdeling	58,72	57,5	59,1	61,6	61,6	60,4	60,4

\*) med godkjente endringar

## Ressursbruk per område

1000 kroner	2018	2019	2019 *)	2020	2021	2022	2023
Fellesavdelingane	-	-	-	-	-	-	-
Adm/øko/arkiv	575	357	371	409	409	409	409
Plansaksbehandling	3 456	3 792	4 142	8 642	6 442	6 442	5 942
Bygge-, delings- og seksjoneringsaker	-440	-9	-359	-11	-235	-276	-276
Kart og oppmåling	1 674	1 726	1 758	1 644	1 644	1 644	1 644
Forretningsdrift hamner	18	120	120	170	170	170	170
Næring	2 069	2 676	2 796	2 850	3 100	3 100	3 100
Frivillig tiltak i landbruket	-	-	116	124	124	-	-
Næring/ Landbruk	3 757	3 401	3 479	4 112	3 612	3 612	3 612
Kommunale vegar, drift vegar	14 644	15 194	17 179	17 497	17 497	17 497	17 497
Gatelys	2 628	2 994	3 143	3 261	3 261	3 261	3 261
Grøntanlegg	7 804	8 808	8 791	9 728	9 728	9 728	9 728
Feiing, tilsyn	7	-	20	-	-	-	-
Brannvesen	9 478	9 868	9 986	10 070	10 070	10 070	10 070
Vassforsyning	648	9	394	-103	-666	-1 369	-1 988
Avløp	-2 286	-3 393	-2 198	-4 450	-6 136	-7 517	-8 494
Tømming septiktankar	-143	-	-	-	-	-	-
Renovasjon	-110	-188	-161	-284	-588	-1 283	-1 796
Friluftsliv	17	30	30	35	35	35	35
Avskrivninger	333	331	335	380	380	380	380
Netto drift u fellesavdeling	44 129	45 716	49 942	54 074	48 207	45 903	43 194

\*) med godkjente endringar

## Årsverk

Årsverk	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Plan og forvaltning	17,5	18,7	19,4	19,4	18,2	18,2
Teknisk drift *)	24,9	25,7	26,5	26,5	26,5	26,5
Kommunalteknikk	8,3	2,8	-	-	-	-
Brann		4,5	5,5	5,5	5,5	5,5
Næring og hamn	0,7	0,7	0,7	0,7	0,7	0,7
Prosjekt og utbygging	4,0	4,0	6,0	6,0	6,0	6,0
Stab	3,0	3,0	3,5	3,5	3,5	3,5
SUM	58,4	59,4	61,6	61,6	60,4	60,4

\*) inkluderer 5 årsverk i investering

**I tabellane er tatt inn endringane som ble vedtatt av kommunestyret: Ta ut midlar til vakant stilling kart og oppmåling, 350 000 kr og å ta inn støtte til reiselivsorganisasjon med 250 000 kr årleg frå 2021.**

## Investering

Investering 1000 kroner	2019	2020	2021	2022	2023
Lager, verksted, renovasjon	1 000	2 500	6 000	5 500	
Kart og oppmåling, plan og regulering	400	1 200	1 400	700	1 075
Kommunale vegar, trafikkisikring, gatelys	13 100	9 300	14 200	21 300	6 300
Grønt, nærmiljøanlegg, parkar, friluftsliv	3 600	2 100	2 100	2 100	2 100
Brann bil/utstyr/prosjektering	1 250	3 050	7 250	750	750
Vassverk/ -leidningar	15 000	18 700	19 100	23 500	16 000
Kloakk/reinseanlegg/avløp	49 300	63 050	41 250	34 750	23 750
Bustadområde	3 850	3 850	3 850	3 850	3 850
Næringsområde	500	2 000	11 000	9 500	3 000
Sentrumsutvikling	2 000	2 700	3 000	4 000	5 000
Tekniske saker og næring	90 000	108 450	109 150	105 950	61 825

**I tabellane er tatt inn endringane som ble vedtatt av kommunestyret: Ta ut midlar til trafikkisikring Torland-Haugland, skyve flomsikring Bratlandsåna eitt år og legge inn midlar til veg Austmarka med 11,5 mill. kr i 2022.**

### Endringar i organisasjonen

Avdelingane Kommunalteknikk og Utbyggingsavdelinga vart sommaren 2019 slegne saman til Prosjekt og utbygging. Frå og med 2020 vert løna til prosjektleiarane og ingeniørane flytta frå driftsbudsjettet til investeringsbudsjettet (sjølvkostområda vatn og avløp).

Grøntavdelinga aukar med ein ekstra lærlingplass i tråd med tidlegare vedtak og mål om fleire lærlingplassar totalt i kommunen. Avdelinga vert også styrka med ein fagarbeidar grunna drift av nye store grøntområde frå eigedomsavdelinga.

På grunn av ny forskrift om brannførebygging og endring i oppdragsmengde for feiaren, styrkast tenesta med eitt årsverk.

Det organisatoriske ansvaret for overordna planlegging er flytta frå Sentraladministrasjonen til tenestområdet for Teknisk.

### Klimaendring og flaumtiltak

Værmessig har 2019 så langt vore eit normal år. Etter to krevjande år, har bøndene fått god avling.

Rådmannen prioriterer å halde fram med og fullføre flomsikringa av Vigrestad. I tillegg foreslår rådmannen å starta flomsikringa av Varhaug.

### Vassleidningar og kloakksanering

I denne økonomiplanperioden prioriterer rådmannen å fullføre oppgraderinga av vassleidningane som er omfatta av IVAR-avtalen, jf. [FS-sak 098/17, 03.10.17](#). Av større prosjekt kan me nemna vassleidning Dysjaland – Varhaug – Kydland. Større saneringstiltak er Dysjalandsvegen – Toppavegen – Brattlandshagen og sanering av Torggata, Nærbø.

## Sentrumsutvikling

Kommunedelplanen for *Nærbø* sentrum vart vedtatt i kommunestyret 15. november 2018 i sak [KS-sak 077/18](#). Plan 1190; Detaljregulering av sambrukshus, bustader og torg, Nærbø sentrum vart varsla 04.10.19.

Rådmannen planlegg å legge fram forslag til kommunedelplan for *Varhaug* sentrum til første gangs behandling sommaren 2020.

Planprosessen for kommunedelplan for *Vigrestad* sentrum er planlagt starta i løpet av 2021.

## Brann

Rådmannen jobbar vidare med å lukke avvika frå Arbeidstilsynet. Frist for å legge fram ein plan for utbetring er satt til 20. januar 2020.

I tråd med vedtaket i kommunestyresak 099/16, vil det kome ei ny sak om status for Hå brannvesen våren 2020.

## Landbruk

I 2019 byrja me å gjennomføre planlagde tiltak i Håelva. Finansieringa er eit spleiselag mellom grunneigarane, Hå kommune, Time kommune, fylkeskommunen, fylkesmannen, Miljødirektoratet og NVE.

Arbeidet med landbruksplanen har starta opp. Det vil verta arbeida med landbruksplanen heile 2020 med sikte på å få han vedtatt i løpet av året.

## Grønt

Grøntavdelinga blei lærebedrift for lærlingar i 2019. For 2020 føreslår rådmannen å utvida til to lærlingar. Frå 2020 vil avdelinga overta ei mengde områder/ grøntvedlikehald etter overføring frå eigedomsavdelinga. Det vil difor vere behov for å styrka grøntavdelinga med ein ekstra stilling og å auka driftsbudsjettet.

## Prosjektoppfølgning og digitalisering

Eigedomsmodulane i WebSak er innført. Byggesaksdialogen er teken i bruk, medan plandialogen vil bli teken i bruk vinteren 2019/2020. Modulane gjev innbyggjarane tilgang til alle dokument tilhøyrande byggjesaker under behandling, pågåande planarbeid, plankart og føresegner, gjennom bruk av Smartkommune si innsyns- og dialogløysing eByggWeb.

Arkivet som ligg i Weblager, er no tilgjengeleg for innbyggjarane. Arkiva som er opna opp, er landbruk, reguleringsplanar, brann, avtale, kart, kommuneplanar, byggesak, oppmåling og slektshistoriebøker.

Hausten 2018 gjekk Hå kommune over til sentral lagring av fkb-data («vanlege kartdata»). Dette betyr at ajourførte kartdata er tilgjengeleg for dei andre partane i «Norge digitalt»-samarbeidet like etter oppdateringa. Geosynkronisering (sentral lagring) av plandata er innført for gjeldande reguleringsplanar, på sikt skal og kommune(del)planar og planar under arbeid geosynkroniserast.

For å effektivisere arbeidsdagen til feiaren, planlegg me å ta i bruk ei digital løysing for registrering av feiing og tilsyn. Ved bruk av denne mobile løysinga, kan registrering og loggføring gjennomførast ute i felt. Dette var planlagt gjennomført i 2019, men pga. ressursmangel i 2019 vert dette utsett til 2020.

Det er tilrettelagt for elektroniske betalingsløsinger (VIPPS) for renovasjon på gjenvinningsstasjonen og betaling av ekstra søppelsekker for restavfall.

Uteavdelinga har teke i bruk elektronisk timeregistreringssystem som forenkler rutinar mot lønn og rekneskap.

Utbygginga i kommunen aukar grøntvedlikehaldet langs nye vegnett og område. For å ha ein betre oversikt og kontroll over alle grøntområda, vert løysingar for betre kartlegging og digitalisering vurdert.

## 1200, 1203 Administrativ leiing, økonomi/rekneskap

Ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2018	2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter	605	1 233	1 247	1 240	1 240	1 240	1 240
Driftsinntekter	-30	-876	-876	-831	-831	-831	-831
Netto	575	357	371	409	409	409	409
Årsverk	3,0	3,0	3,0	3,5	3,5	3,5	3,5

## 1900 og 1902 Felles/driftsavdeling

Mål:

- Effektiv og velorganisert driftsavdeling.
- God beredskap ved akutt behov for VVA-tenester (veg, vatn og avløp)

Driftsavdelinga utfører anleggs- og vedlikehaldsarbeid innanfor områda veg, vatn, avløp, renovasjon og grøntområde. I budsjettet er utgiftene til drift og investering fordelt på tenestene etter planlagde oppgåver og tiltak.

### Årsverk

Mannskap på teneste	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
1900 Veg/anleggsarb./gartner	13,0	13,0	13,0	19,5	19,5	19,5	19,5
1901 Gartnar	5,5	5,5	5,5	-	-	-	-
1902 Lager verksted	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4
Sum årsverk	18,9	18,9	18,9	19,9	19,9	19,9	19,9

### Driftsutgifter

Ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2018	2019	2019* )	2020	2021	2022	2023
1900 Veg/anleggsarb./gartner	10 640	11 341	15 331	16 281	16 281	16 281	16 281
1901 Gartnar	3 845	4 187	-	-	-	-	-
1902 Lager verksted	583	799	600	599	599	599	599
I alt	15 068	16 327	15 931	16 880	16 880	16 880	16 880

## 3010 Plansaksbehandling

### Mål

- Effektiv og målretta planlegging og behandling av planar.
- God kommunikasjon med aktuelle partar.

### Driftsbudsjett

Budsjett	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2018	2019	2019*	2020	2021	2022	2023
Brukarar:							
Områderuleringsplaner	1	2	2	2	2	2	2
Detaljreguleringsplaner	6	6	6	8	8	8	8
Ressursbruk 1000 kroner							
Driftsutgifter	4 417	4 477	4 827	5 680	5 680	5 680	5 680
KDP Dobbeltspor Jærbanen				3 000			
Andre saker				700	1 500	1 500	1 000
Driftsutgifter	4 417	4 477	4 827	9 380	7 180	7 180	6 680
Driftsinntekter	-961	-685	-685	-738	-738	-738	-738
Netto drift	3 456	3 792	4 142	8 642	6 442	6 442	5 942
Årsverk	4,4	4,8	5,2	5,7	5,7	5,7	5,7

Andre saker inkluderer planstrategi, kommuneplanrullering, bustadbyggeprogram, arkeologi og diverse utgreiingar.

### Investering

Prosjektnr.	Prosjekt:	2019	2020	2021	2022	2023
T906	Reguleringsplan Stokkalandsmarka sentrum		500	700		
T907	Konsulentutgifter; arkeologi /VA-rammeplan /div. utgreiingar		500	500	500	500
	Sum		1 000	1 200	500	500

Lønsmiddel tilsvarende 40 % stilling, vart flytta frå 3020 Byggesaksbehandling til 3010 Plansaksbehandling med verknad frå 01.04.2019 (jf. KS-sak 048/19 ), grunna omfordeling av stillingsheimlar for å styrke plansaksbehandlinga.

Det er sett av midlar til kjøp av konsulenttenester og kulturhistoriske registreringar både i drift- og investeringsbudsjettet avhengig av om planen som utgifta er knytt til, gjeld ei forvaltningsoppgåve (kommuneplan) eller eit investeringsprosjekt (område-/detaljregulering).

Kommunestyret vedtok i [sak 042/19](#), 13.06.19, å slutte seg til avtalen med Jernbanedirektoratet om bidrag til planlegging av dobbeltspor på Jærbanen. Kommunedelplanen (Skeiane – Nærbø) skal legge grunnlag for reguleringsplanar og arealavklaringar opp mot traseen for dobbeltsporet. I samsvar med avtalen skal kommunen bidra med 3 mill. kr i 2020. Fylkeskommunen og kommunane langs Jærbanen skal totalt bidra med 21 mill. kr.

Det er også i 2020 og dei påfølgjande åra, venta eit stort behov for utarbeiding og saksbehandling av nye arealplanar. For å oppnå kvalitativt gode fortettingsprosjekt, vert hovudtyngda av desse tiltaka handsama som reguleringssaker. Enkelt dispensasjonar gjer

sjeldan eit godt nok grunnlag for ei samla vurdering. Endring og oppdatering av gjeldande planar er meir aktuelt. I etablerte område er det ofte utfordrande å få til gode prosjekt samstundes som ein oppfyller krava til arealutnytting i kommuneplanen.

Kommunestyret skal vedta ein ny planstrategi seinast i løpet av oktober 2020. Denne skal seie kva som er kommunen sitt samla planbehov neste kommunestyreperiode og seie noko om kva tid dei ulike planane skal utarbeidast eller rullerast. Arbeidet med denne vil starte opp innan kort tid.

Kommuneplanen skal danne grunnlag for detaljplanlegging og utbygging. Rullering i inneverande valperiode vil starte med planprogram i 2020. Felles erfaringsgrunnlag frå byggje- og plansaker vert lagt til grunn for anbefalingar til endring, Vi må mellom anna ha ein gjennomgang av bustadbyggjeprogrammet. Nokre planinitiativ som er i strid med kommuneplanen, vil no vente på rullering av denne.

Viktige plansaker i økonomiplanperioden vil mellom anna vera:

- Planstrategi, kommuneplanrullering og bustadbyggjeprogram
- Kommunedelplan (sentrumsplan) for Varhaug sentrum og for Vigrestad sentrum
- Områderegulering av Stokkalandsmarka sentrum basert på mogelegheitsstudie for Stokkalandsmarka sentrum
- Detaljregulering av sambrukshuset og omkringliggende areal (oppfølging av konsulentar og koordinering med Eigedom og Prosjekt og utbygging
- Større private bustadprosjekt på Nærbø, Varhaug, Vigrestad og Sirevåg
- Tilrettelegging for næringsetableringar og -utviding
- Hytteområder og turistvegprosjektet
- Masseuttak og deponiområde
- Andre kommunale planar etter prioritering – vegar, idrettsanlegg, næring, områdeplanar. Fleire av dei kommunale planane som er under arbeid, gjeld problemstillingar som har gått over fleire tiår. Det er eit mål for 2020 å løyse flest moglege av desse

Talet på private detaljplanar som vil verta fremja for kommunen, er usikkert. Det vil på kort sikt avhenge av den generelle økonomiske utviklinga og etterspurnaden etter nye bustadar, næringsetableringar med meir.

Per oktober 2019 er 9 private og 15 kommunale aktive planar under arbeid.

Gebysatsane for plansaker vart auka med 20 % for 2019 for i større å grad å dekke inn arbeidet med planar. Gebyret er framleis noko lågare enn nabokommunane. Det er lagt inn forslag om 1,9 % auke av gebyra for 2020.



## 3020 Bygge-, delings- og seksjoneringsaker

### Mål

- Effektiv og kundeorientert saksbehandling.

### Driftsbudsjett

Budsjett	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2018	2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
Brukarar:							
Bygge-delingsøknader	500	500	500	350	350	350	350
Egenerklæringer- kons. frihet	90	90	90	90	90	90	90
Seksjoneringsaker	35	35	35	25	25	25	25
Ressursbruk 1000 kroner							
Driftsutgifter	3 606	3 888	3 538	3 794	3 794	3 794	3 794
Driftsinntekter	-2 953	-3 077	-3 077	-3 230	-3 230	-3 412	-4 070
Bruk av bunde fond	-1 093	-820	-820	-575	-799	-658	-
Netto drift	-440	-9	-359	-11	-235	-276	-276
Årsverk	5,0	4,0	3,6	3,6	3,6	3,6	3,6

Lønsmiddel tilsvarande 40 % stilling, vart flytta frå 3020 Byggesaksbehandling til 3010 Plansaksbehandling med verknad frå 01.04.2019 (jf. KS-sak 048/19). Talet på byggesaker er forholdsvis lågt samanlikna med tidlegare periodar. Blant dei byggesakene som kjem inn til kommunen, er det fleire tidkrevjande dispensasjonar og ukurante saker, enn kurante eitt-trinns byggesøknader og søknader om nye bustadbygg. Auken i dispensasjonssaker, oppfølging og kontroll m.m., veg opp for nedgangen i saker som gjeld nye bustadbygg mv.

Det er lagt opp til bruk av «bundne driftsfond byggesak» i økonomiplanperioden. Per 1.1.2019 var fondet på 2,85 mill. kr .

Det blir ikkje lagt opp til ei auke i gebyrnivået for bygge- og delingsaker, ut over vanleg indeksregulering. Gebyrregulativet blir likevel omarbeida, med ei meir detaljert oppstilling av prisar basert på sakstype, slik at det skal vere enklare å samanlikna gebyrsatsane med nabokommunane. Gebyra for enkelte tiltak vil difor kunne bli ein del høgare enn for tilsvarande i 2019. Sjå også eiga sak som følgjer budsjetthandsaminga.

Gebyr for eigarseksjonssaker vert indeksregulert .

## 3030 Kart og oppmåling

### Mål

- God kvalitet på saksbehandling etter matrikkellova.
- Oppdatert og fortløpande ajourhald av kartdata.
- Tilrettelegge kartdata for digitale tenester.
- Tildele nye vegadresser.

## Driftsbudsjett

Ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2018	2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
Brukarar:							
Eiend.oppl. v/eierskrifte	200	220	220	250	250	250	250
Oppmålingsforretningar	150	150	150	150	150	150	150
Ressursbruk 1000 kroner							
Driftsutgifter	4 621	4 257	4 289	4 215	4 215	4 215	4 215
Driftsinntekter	-2 515	-2 531	-2 531	-2 571	-2 571	-2 571	-2 571
Bruk av bundne fond	-432	-					
Netto drift	1 674	1 726	1 758	1 644	1 644	1 644	1 644
Årsverk	4,0	4,0	4,0	4,0	4,0	4,0	4,0

Det er per oktober 2019 ein vakant stilling ved seksjonen. **Kommunestyret vedtok at midlar til 50% av denne skal takast ut av budsjettet.**

Bunde driftsfond oppmåling, 25100604, var pr. 1.1.2019 på 2,48 mill. kr. Eventuelt overskot/underskot på tenesta blir justert mot sjølvkostfondet.

Kommunen skal etter plan- og bygningslova sørge for at det ligg føre eit oppdatert offentleg kartgrunnlag. Vedlikehald av det offentlege kartgrunnlaget skal vere i samsvar med sosi-standarden, og er ei krevjande og stadig viktigare oppgåve. Målet er å ha fotogrammetrisk prosjekt kvart femte år saman med kontinuerlig administrativt vedlikehald.

Arbeidsmengda innanfor kart- og oppmålingstenesta fordeler seg om lag likt på oppmålingsoppgåver etter matrikkellova og vedlikehald av kartgrunnlaget. Det er berre tenester etter matrikkellova som kan gebyrfinansierast. Det er budsjettert med at gebyra skal dekkja inn 100 % av utgiftene til oppmålingsarbeida. For å oppnå kostnadsdekning er det føreslått å auke gebyret med 1,9 % samt at det vert gjort ein del endringar i arealgrensar. Gebyr for eigedomsopplysningar til meklar vert føreslått auka med 1,9 %.

Revidert forskrift til matrikkellova vil frå 2020/2021 krevje at landmålarane må verte autorisert med landmålarbrev.

Hå kommune er med i SmartKommune-samarbeidet som mellom anna legg til rette for ein felles informasjons- og tenesteportal for kartdata, plan- og byggesaker for kommunane på Jæren og Stavangerregionen. SmartKommune har i 2019 vorte ein del av DigiRogaland, og samarbeidet er utvida til å gjelde for heile Rogaland.

## Investering

Prosjektnr.	Prosjekt:	2019	2020	2021	2022	2023
613	Geovekst Fkb-prosjekt	400	200	200	200	575
	Sum	400	200	200	200	575

Hå kommune er med i Geovekst-samarbeidet der Statens kartverk, kommunane og andre offentleg eigde verksemdar samarbeider om finansiering av etablering og vedlikehald av digitale kartdata. Vedlikehaldet er forankra i Fylkesgeodataplanen. Forvaltninga av kartgrunnlaget skjer i sentrale baser.

## 3200 Forretningsdrift hamner

### Driftsbudsjett

Ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2018	2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter	19	150	150	200	200	200	200
Driftsinntekter	-1	-30	-30	-30	-30	-30	-30
Netto drift	18	120	120	170	170	170	170

Denne tenesta omfattar kommunen sine hamner og sjøområde som ikkje er inkludert i Sirevåg hamn KF sitt verkeområde. Midla blir nytta til mindre vedlikehaldsoppgåver som kommunen må utføra. Hå kommune kjøpte Madland fiskerihamn av Kystverket i 2019 jf. [KS-sak 022/19, 09.05.19](#). Rådmannen foreslår difor å auke driftsutgiftene med 50 000 kr per år.

## 3252 Næring

### Mål

- Inspirere etablerte og nye bedrifter til nyskaping og utvikling av arbeidsplassar i Hå kommune.
- Bidra til ei positiv profilering av Hå kommune som ein næringsvennleg kommune.
- Legge til rette for sal og marknadsføring av kommunen sine næringsareal.

### Driftsbudsjett

Ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2018	2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter	3 437	2 796	2 796	2 850	3 100	3 100	3 000
Driftsinntekter	-1 368	-	-	-	-	-	-
Bruk av fond		-120		0	-	-	-
Netto drift	2 069	2 676	2 796	2 850	3 100	3 100	3 000
Årsverk	1,0	0,7	0,7	0,7	0,7	0,7	0,7

Arbeidet med vidareutvikling av næringsområda i Kviamarka og på Grødaland må vidareførast. Marknadsføring og nyetableringar i dei kommunale næringsområda vil bli ei viktig arbeidsoppgåve framover. Det same gjeld arbeidet for å få nye bedrifter til å etablera seg i Krusemarka, Tjemslandsmarka, Skoga og Sirevåg hamn.

Hå kommune skal bidra aktivt i samhandling med bedriftene i kommunen gjennom møter i dei ulike næringsforeiningane. Vår oppgåve er å halda næringslivet oppdatert på det som går føre seg i kommunen, og bidra til å rettleia bedriftene i møte med den offentlege forvaltninga.

Kommunen er i dag aktivt med i ulike fora og organisasjonar innanfor næringsutvikling.

**Kommunestyret vedtok å setja av 250 000 kr årleg til reiselivsorganisasjon i 2021 og 2022 og 150 000 kr i 2023.**

## 3290 Landbruksnæring

### Mål

- God saksbehandling for landbruksnæringa.
- Pådrivar til vekst og miljøriktig utvikling.

### Driftsbudsjett

Ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2018	2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter	5 028	4 327	4 405	4 495	3 995	3 995	3 995
Driftsinntekter/refusjoner	-747	-576	-576	-233	-233	-233	-233
Bruk av fond	-524	-350	-350	-150	-150	-150	-150
Netto drift	3 757	3 401	3 479	4 112	3 612	3 612	3 612
Årsverk	4,2	4,2	4,2	3,7	3,7	3,7	3,7

Tenesta omfattar forvaltning av regelverk for vilt, skog og landbruk, samt miljøsaker. Landbrukskontoret forvaltar ulike tilskot i landbruket og midlar til ulike samarbeidsprosjekt som t.d. Frivillige tiltak i landbruket og Jæren vannområde. Desse prosjekta er samarbeidsprosjekt med m.a. andre kommunar, fylkeskommunen og fylkesmannen.

Ein vesentleg del av arbeidet ved seksjonen, er knytt til behandlinga av søknadane frå bøndene om produksjons- og avløysartilskot, avløysartilskot ved sjukdom, regionalt miljøtilskot, spesielle miljøtilskot i landbruket (SMIL), tilskot til drenering av jordbruksareal og godkjenning av søknadar til Innovasjon Norge.

Det pågår drøftingar om felles skogbruks- og viltforvaltning for sør - Rogaland. Forslag om løysning er venta i 2020. Dette vil verte handsama i eige sak i 2020.

Det er tilsett ein konsulent i 6 månadar for å arbeida med landbruksplan for kommunen fram til april 2020. Det vil verte arbeida med landbruksplanen heile 2020 med sikte på å få den vedtatt i løpet av året. Finansiering er med omdisponerte og ubrukte lønnsmidlar innanfor Plan og forvaltning.

Kommunen løyver eit kommunalt tilskot på 15 % av kostnadsoverslaget til etablering av reinseparkar. Tilskotet kjem i tillegg til tilskot frå staten gjennom Fylkeskommunen. Kommunen ønskjer også å støtte igjenstøyping av gjødselportar i spleiselag med Fylkeskommune med 6 000 kr/port.

Tiltaksplanen for Håelva vart godkjend i Utval for tekniske saker og næring sak 081/17 , 30.05.17. Tiltaksplanen har ei samla ramme på ca. 12,4 mill. kr. Finansieringa er eit spleiselag mellom grunneigarane (arbeidsinnsats), Hå kommune, Time kommune, fylkesmannen, fylkeskommunen, Miljødirektoratet og NVE. Kommunen har sett av 500 000 kr i kvart av åra 2018 – 2020 til desse tiltaka. I 2019 byrja kommunen å gjennomføre tiltaka i tiltaksplan. Det er prosjektert diverse tiltak i Håelva, mellom anna er det planlagt tiltak i området frå osen til Hauglandsbrua. I 2020 vil det verte gjennomført tiltak i området mellom Kaffeholenbrua og ned til fv 44. I følgje tiltaksplanen genererer dette eit arbeidsbehov som svarar til ca. ½ stilling i prosjektperioden. Dette vert dekkja av interne og eksterne arbeidsressursar.

## 3292 Frivillige tiltak i landbruket

### Mål

- God økologisk tilstand i vassdraga og betre tilpassing til klimatiske forhold.

### Driftsbudsjett

Ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2018	2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter	-	-	1 033	1 064	1 064		
Driftsinntekter/refusjoner	-	-	-917	-940	-940		
Netto drift	-	-	116	124	124		
Årsverk			1,2	1,2	1,2		

Frivillige tiltak i landbruket fortsetter i 2020 som for tidlegare år. Utgifter er prosentvis delt mellom deltakarkommunane, Fylkesmannen og Fylkeskommunen. Utgiftene vert noko høgare for kommunane frå og med 2020 grunna lågare støtte frå Fylkesmannen og Fylkeskommunen. Rådmannen vil kome tilbake til ein eventuell vidareføring av prosjektet i løpet av 2021.

## 3321, 3322 Kommunale vegar

### Mål

- God standard på alle kommunale vegar, samt gang- og sykkelvegar (g/s-vegar). I tillegg skal det vera god vinterberedskap på vegar, g/s-vegar og parkeringsplassar.

### Driftsbudsjett

Budsjett	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2018	2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
Brukarar:							
Veglengde(meter)	155 300	157 200	157 200	158 000	158 300	158 600	158 900
Gangvegar (meter)	51 400	51 800	51 800	51 800	51 800	51 800	51 800
Ressursforbruk 1000 kroner							
Driftsutgifter	14 075	15 116	17 101	16 859	16 859	16 859	16 859
Driftsutgifter, vinter	1 932	709	709	1 486	1 486	1 486	1 486
Tilskot private	35	50	50	0	-	-	-
Driftskostnader	16 042	15 875	17 860	18 345	18 345	18 345	18 345
Driftsinntekter	-1 398	-681	-681	-848	-848	-848	-848
Netto drift	14 644	15 194	17 179	17 497	17 497	17 497	17 497
Årsverk	0,5	0,5	0,5	1,2	1,2	1,2	1,2

Ein gjennomgang av ressursbruken synte at det har vore ført for lite lønnsutgifter på tenesten kommunale vegar. Dette vert retta opp frå og med 2020.

Det er lagt til grunn ei auke i driftsbudsjettet for vintervedlikehaldet. I samband med tildeling av brøytekontraktar har kommunen måtte styrka eiga beredskap som medfører behov for ein ekstra intern brøytevakt.

Ordninga i kommunen med tilskot til private vegar er føreslått teke ut som eit innsparingstiltak.

Statens vegvesen har i møter med kommunen, signalisert at dei ønskjer å omklassifisera nokre av fylkesvegane til kommunale vegar. SVV arbeider i første omgang med sak om å omklassifisera Odlandsvegen og Reiestad frå fylkesveg til kommunal veg. SVV ynskjer vidare å overta gang – og sykkelvegar langs fylkesvegar slik at same eigar drifter både hovudveg, gang- og sykkelveg og gatelys når dei ligg attmed kvarandre. Rådmannen meiner at det også kan vere aktuelt å oppklassifisera nokre vegar frå kommunal veg til fylkesveg, til dømes ny omkjøringsveg på Nærbø frå Bernervegen fram til Krusemarka industriområde. Kva dette vil seia for framtidig økonomiplanar, er vanskelig å seie noko om nå.

### Investering

Prosjektnr.	Prosjekt:	2019	2020	2021	2022	2023
	Austmarka				11 500	
724	Veg Vigrest. Småh.v.-Grønholv.					1 500
732	Fuglestadvegen grunn og prosjektering					
T501	Omkjøringsveg Vigrestad Grønholvsvegen - Langgata planl.					
T503	Veggrunn Sirevåg (felt I9 og K/I4)	100	1 500			
T504	Omkj.veg Krusemarka til Torlandsvegen	200	300	500		
T505	Omkjøringsveg Nærbø Aust (fv 4380 Torlandsvegen – fv 4360 Opstadvegen)	300				
T502	Omkjøringsveg Varhaug Trafikkanalyse m.m Opprusting/ombygging av Torggata/torget etter sanneringen/ny sentrumplan			2 000	2 000	
T506	MPG Dublandsvegen som følge av stenging av Ånestadv.		500			1 000
731	Opprusting av vegar	900	900	900	1 000	1 000
	Sum	1 500	3 200	3 400	14 500	3 500
	Tilskott/refusjon	-300	-640	-680	-2 900	-700
	Netto komm. midler	1 200	2 560	2 720	11 600	2 800

Rådmannen føreslår å skyve på fleire av dei store vegprosjekta for ikkje å auka nivået på dei totale investeringane i økonomiplanperioden.

### **Kommunestyret vedtok å leggja inn 11,5 mill. kr til veg Austmarka i 2022.**

#### Haugstadvegen-Stokkalandsmarka etappe 2

Prosjektet er ein vidareføring av vegen fram til sentrumsområdet. Prosjektet var sett opp i 2022 i økonomiplan 2019-2022, men for ikkje å auka nivået på dei totale investeringane i økonomiplanperioden vert det anbefala å skyva bygginga av dette prosjektet ut i tid. Rådmannen tilrår difor å ta prosjektet ut av økonomiplanperioden.

#### 724 Omkjøringsveg Vigrestad, Småhaugvegen-Grønholvsvegen

Planarbeidet for vidareføring av omkjøringsvegen nordaust for Vigrestad frå Småhaugvegen og fram til Grønholvsvegen er starta, og arkeologiska undersøkingar vert utførde hausten 2019. Rådmannen tilrår å skyva bygginga av dette prosjektet noko lengre ut i tid.

#### T501 Omkjøringsveg Vigrestad, Grønholvsvegen – Langgata

Det vart sett av 1,5 mill. kr i 2018 til planlegging av traseen vidare frå Grønholvsvegen fram

til Langgata. Rådmannen ønsker å sjå dette i saman med kommunedelplan for Vigrestad sentrum og trafikkanalysa som skal gjennomførast i samband med saka om samferdsel og parkering. Vidareføring av omkjøringsveg bør avklarast i planstrategi.

#### T504 Omkjøringsveg Krusemarka til Torlandsvegen

Ut frå venta sal av næringstomter bør planlegginga av denne vegen starta opp i planperioden. Det er lagt inn planleggingsmidlar i 2020 og 2021. For ikkje å auka nivået på dei totale investeringane i økonomiplanperioden, vert det anbefala å skyva bygginga ut i tid. Rådmannen tilrår difor å ta bygginga ut av økonomiplanperioden.

#### 732 Fuglestadvegen

Det vart sett av 2 mill. kr til prosjektering og grunnkjøp i 2018. Rådmannen føreslår ikkje å setje av meir midlar til vegen no når Utbyggingspakke Jæren ikkje vert noko av.

#### Opprusting/ombygging av Torggata og torget

Torggata og torget vil verte rusta opp i samsvar med landskapsplan for Torggata og torget som skal utarbeidast i samanheng med detaljplan for sambrukshuset. Vi føreslår å sette av midlar til dette i 2021 og 2022.

#### T506 Miljøprioritert gjennomkjøring Dublandsvegen

Som følgje av stenginga av Ånestadvegen, jf. plan 1107 revisjon B som er under arbeid, vil trafikken i framtida verte leia opp/ned Dublandsvegen. Vegen må difor trafikksikrast. Rådmannen føreslår i setje av planleggingsmidlar i 2020. Opparbeidinga vil verte eit rekkjefølgjekrav i planen.

#### 731 Opprusting av vegar

Løyvinga på 0,9 mill. kr per år til opprusting av kommunale vegar er vidareført. Rådmannen føreslår å auke løyvinga til 1 mill. kr per år i slutten av perioden.

## 3323 Trafikksikring

### Mål

- Sikre trygge og gode vegar.

### Investering

Prosjekt nr.	Prosjekt:	2019	2020	2021	2022	2023
T600	Diverse mindre anlegg	200	200	200	200	200
T602	G/S-veg Varhaug - Kviamarka, langs Dysjalandsv.	2 500	2 000	3 000	4 000	
T601	G/S-veg langs Kviav.- turveg Motlandshagen	1 500				
T603	G/S-veg langs fv 44 Brusand	200	300	5 000		
T700	Turdrag ny plan våren 2017	500	500	500	500	500
T604	Fortau kv Skårvegen	600				
T607	G/S-veg langs fv 4404, Risa, plan og ark.		1 000			
	Sum	5 500	4 000	8 700	4 700	700
	Tilskot/refusjon	-2 160	-1 150	-7 140	-6 940	-140
	Netto komm. midler	3 340	2 850	1 560	-2 240	560

Jf. også kommentar om omklassifisering av vegar under 3321 Kommunale vegar. Vi foreslår å halde fram arbeidet med sikring av dei mjuke trafikkane. Samtidig foreslår vi å utsette bygginga av fleire vegar for ikkje å auka nivået på dei totale investeringane i økonomiplanperioden og fordi trafikkveksten ikkje er så høg som det som vart lagt til grunn i kommuneplanen i 2014.

#### Hjartesoneprojekt

Hå kommune kan søkja om 50 000 kr frå Rogaland fylkeskommune og Trygg Trafikk Rogaland til kartlegging av skuleveg med elevinvolvering og/eller til hjartesone-arbeid. Det er Fylkestrafikksikkerhetsutvalget (FTU) som står for tildelinga.

Hjartesone er eit prosjekt som skal hjelpa til å få mindre biltrafikk rundt skulane. Ei hjartesone rundt skulen gjer det sikrare for elevane å gå eller sykla. Ei hjartesone er ikkje eit ferdig produkt, men ein prosess som består av både små og store tiltak.

Midla kan til dømes nyttast til å etablera droppsoner, mala «hjartesone» på bakken, setja opp skilt, kjøpa refleksar og vestar til trafikkvakter. Det kan arbeidast med haldningsskapande arbeid overfor elevar og foreldre, arrangerast hjartesone-kick-off med opning av ordførar, utdeling av refleks til alle elevar m.m.

#### T602 G/S-veg Varhaug – Kviamarka langs Dysjalandvegen

Det er sett av midlar til planlegging av gang- og sykkelveg frå Varhaug til Kviamarka samtidig med legging av vassleidning på same strekninga. Dette følgjer av tiltak i samband med nytt høgdebasseng på Håland, bygd av IVAR. Etter vedtak i Utval for tekniske saker og næring i [sak 050/19, 20.06.19](#), skal det planleggjast for eigen sykkel- og gangveg med inntil 2 meter rabatt mellom g/s-veg og Dysjalandvegen. Dette vil føra til at planlegginga tek lenger tid og at prosjektet vert dyrare enn tidlegare kostnadsrekna. Rådmannen har lagt inn anslag på auka kostnader på 3 mill. kr i økonomiplanen

#### T607 G/S-veg langs fv. 4404 Risa, plan og arkeologi

Det er foreslått å avsette midlar til regulering og teknisk planlegging av g/s-veg fv. 4404 Garborg – Risa, til Time-grensa i 2020.

#### T601 G/S-veg langs kv. Kviavegen til fv. 4374 Store Ring

Statens vegvesen har vurdert trafikksituasjonen i krysset ved fv. 4374 Store Ring og konkludert med at det ikkje er krav om store tiltak i samband med etablering av g/s-veg langs kv. Kviavegen. Prosjektet blir finansiert av TS-midlar.

#### T603 G/S- veg langs FV 44 Brusand

Det er starta regulering av manglande gang- og sykkelveg langs fv 44 på Brusand. Statens vegvesen har signalisert at dei har pengar, men at dei har ikkje dei naudsynte ressursane til planlegging og prosjektleiing ved bygging av g/s-vegen. Det er lagd inn midlar til planlegging og bygging av denne (5,5 mill.), samstundes med at det er lagd inn inntekter i form av tilskot frå Statens vegvesen. Tilskotet må endeleg avklarast før bygging startar, då føresetnaden er at SVV dekkjer 100% av kostnadane. Hå kommune stiller med prosjektleiing.

#### T700 Plan for turdrag

Det vart i økonomiplanen 2018-2021 sett av 1 mill. kr kvart år til gjennomføring av tiltak i Plan



for turdrag. Midla vart i 2019 delt mellom grøntanlegg og trafikksikring då fleire av tiltaka også er trafikksikringstiltak. Midlane er m.a. tenkt nytta til lysanlegg langs Dalabekken turveg.

### Kommunestyret vedtok å ta midlane til prosjekt T606 trafikksikring Torland-Haugland ut av økonomiplanen. Følgande tekstforslag blei vedtatt:

- Det vert teke kontakt med Time kommune med tanke på å få realisert gang og sykkelveg med lys på strekningen Torland Haugland til Hognestad.

## 3324 Gatelys

### Mål

- Feil på lamper og anlegg skal utbetrast snarast jf. vedlikehaldsavtale.

### Driftsbudsjett

Budsjett	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2018	2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
Gatelys	4 300	4 380	4 380	4 530	4 530	4 530	4 530
Ressursforbruk 1000 kroner							
Driftsutgifter	3 734	3 620	3 769	3 887	3 887	3 887	3 887
Driftsinntekter	-1 106	-626	-626	-626	-626	-626	-626
Netto drift	2 628	2 994	3 143	3 261	3 261	3 261	3 261

### Investering

Prosjektnr.	Prosjekt:	2019	2020	2021	2022	2023
T802	fv 4338 Kyrkjevegen, Odland - Valdeland	3 000				
T804	fv 4394 Høyland, Høyland fv 507		1 000	1 000		
	fv 4334 Vadlandsvegen				1 000	1 000
T803	fv 4380 Torlandsvegen - Kruså	2 000				
609	Utbetring av eks. gatelysanlegg	1 100	1 100	1 100	1 100	1 100
	Sum	6 100	2 100	2 100	2 100	2 100
	Tilskot SVV avtale	-5 000	-420	-420	-420	-420
	Netto komm. midler	1 100	1 680	1 680	1 680	1 680

Jf. også kommentar om omklassifisering under 3321 Kommunale vegar.

Kommunen hadde 4363 armaturar ved utgangen av 2018. Om lag 1100 master er eldre enn 30 år og er difor ikkje omfatta av fastprisavtalen med Jæren Everk. Utsifting av trestolpar, ca. 300 stk. eldre enn 40 år, kostar om lag 40 000 kr pr. stk. Det vil, sjølv med ein vesentleg innsats når det gjeld overgang til nye energisparande armaturar, vera eit aukande behov for vedlikehald av gatelysnettet i åra framover. Det er derfor sett av 1,1 mill. kr per år i perioden til fornying av gamle anlegg.

Fylkeskommunen / Statens vegvesen (SVV) arbeider for tida med planar om å overta meir gatelys i Hå langs fylkesvegar. Dette vil på sikt gje redusert driftsutgift for Hå.

I 2019 har arbeidet med montering av gatelys langs fv. 4380 Torlandsvegen og fv. 4338 Kyrkjevegen frå Odland – Langgata starta opp. Kommunen bygger og får 100 % tilskot frå SVV. Hå kommune dekkjer prosjektleiing.

SVV har starta opp montering av gatelys på strekninga Grødalaland – Varhaug langs fv 44. I 2020 føreslår rådmannen å sette av midlar til å gå vidare på gjeldande prioriteringsliste; fv. 4394 Høylandsvegen og fv. 4334 Vadlandsvegen.

## 3350 m.fl. Grøntanlegg

Grøntanlegg, parkar og friluftsliv, kommunale bustad- og næringstomter for sal. Grøntanlegga ved Helsesentera på Nærbø, Varhaug, Vigrestad. Heimtun, Viervegen, Eivindhagen, Gjegnet, Blåbærtua, sosialbustadar på Rosk og Olsvoll, nokre av institusjonane, skular og barnehagar.

### Mål

- Alle kommunale leikeplassar skal ha godkjente leikeapparat og vera tiltalande.
- Sentrale anlegg skal ha ein tiltalande utsjånad.

### Driftsbudsjett –

Ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2018	2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter	7 962	8 749	8 957	9 528	9 528	9 528	9 528
Driftsutgifter helse	400	400	400	400	400	400	400
Driftsutgifter skule, barnehage og kommunale bustad- og næringstomter for sal				150	150	150	150
Driftsutgifter	8 362	9 149	9 357	10 078	10 078	10 078	10 078
Driftsinntekter	-558	-341	-566	-350	-350	-350	-350
Netto drift	7 804	8 808	8 791	9 728	9 728	9 728	9 728
Årsverk	1,3	1,3	1,3	1,3	1,3	1,3	1,3

Kommunen er godkjent som opplæringsbedrift for lærlingar innanfor anleggsgartnarfaget. Ein lærling vart tatt inn sommaren 2019, og vi legg opp til å ta inn ein ny lærling sommaren 2020 slik at vi framover til ein kvar tid har to lærlingar.

Grøntavdelinga vert føreslått styrka med eitt årsverk etter overtaking av oppdrag for fleire grøntområde frå Eigeomsavdelinga. Det vert i tillegg sett av noko eigne driftsmidlar til naudsynt grøntvedlikehald av skular, barnehagar og kommunale bustad- og næringstomter for sal.

Kommunen har i dag 130 leikeplassar, grøntareal på til saman ca. 80 daa, fotballbanar og andre idrettsanlegg, samt ei rekke småareal omkring i kommunen. Utbygginga aukar grøntvedlikehaldet langs nye vegnett og område. Om lag 2,5 årsverk av samla 5,5 årsverk vert i 2019 nytta til drift- og vedlikehald av utomhusanlegg ved kommunale bygg/idrettsanlegg. Lag og foreiningar gjer dugnad på leikeplassar og nærmiljøanlegg mot tilskot frå kommunen. Kommunen er ansvarleg for årleg godkjenning av leikeapparat på leikeplassane. Det er gjort avtalar med 23 vellag om å utføra enkelt vedlikehald av leikeplassar og friområde mot ei samla godtgjering på 143 000 kr.

## Investering

Prosjektnr.	Prosjekt:	2019	2020	2021	2022	2023
T710	Rekreasjon i tettstadar	550	550	550	550	550
T710	Eigendel spelemiddel anlegg	300	300	300	300	300
T750	Oppgradering av leikeplassar/-utstyr	550	550	550	550	550
T710	Friluftsliv	200	200	200	200	200
T707	Oppgradering av Nærbøparken	1 500				
T700	Turdrag ny plan våren 2017	500	500	500	500	500
	Sum	3 600	2 100	2 100	2 100	2 100
	Tilskot/bruk av fond	-1 500	-420	-420	-420	-420
	Netto komm. midler	2 100	1 680	1 680	1 680	1 680

Eigendel til tippemiddelanlegg skal dekke kommunen sin del av kostnadane til ordinære nærmiljøanlegg. Desse går fram av eiga prioriteringsliste under tenesta 3600/3800 Friluftsliv/Idrett under tenesteområdet Opplæring og kultur og er tatt inn i vedlegg B.

Utval for tekniske saker og næring fatta i [sak 148/17](#), 31.10.17, vedtak om å bruke 890.000 kr frå fond til Skjærpebakken aktivitetsanlegg og ballbinge. Desse er planlagt bygd i 2020. I 2020 og 2021 planlegg vi m.a. å oppgradere Lensmannsgarden ballbinge, lysanlegget i Haugstadskogen og friområdet ved Dalabekk.

## 3380 Feiing – Tilsyn

### Mål

- Alle byggverk skal ha feiing og tilsyn etter behov.

### Driftsbudsjett

Budsjett	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2018	2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
Brukarar:							
Piper totalt	5 412	5 412	5 354	5 840	5 865	5 890	6 015
Feia piper	1 849	1 849	1 846	2 025	2 045	2 065	2 085
Spesialtilsyn etter §13	159	159	159	160	160	160	160
Branntilsyn i året	1 750	1 750	1 750	1 870	1 880	1 890	1 900
Ressursforbruk 1000 kroner							
Driftsutgifter	1 715	1 619	1 639	2 395	2 395	2 395	2 395
Driftsinntekter	-1 416	-1 509	-1 509	-2 395	-2 395	-2 395	-2 395
Bruk av bunde fond	-292	-110	-110	0	-	-	-
Netto drift	7	-	20	-	-	-	-
Årsverk	2,0	2,0	2,0	3,0	3,0	3,0	3,0

Tenesta blir i dag dekket av ein feiar og ei stilling som i hovudsak gjennomfører branntilsyn av bygningar i kommunen. Vi gjennomfører fast feiing kvart tredje år og tilsyn kvart fjerde år.

I forskrift om brannførebygging, § 17, heiter det at kommunen skal sørge for feiing i alle bygnader. Det inkluderer også fritidsbustadar, som i Hå utgjer ca. 500. Forskrifta som trådte i kraft i 2016, legg nokre nye føringar for korleis tenesta skal utførast. Dette i kombinasjon med bl.a. auka oppdragsmengde gjer at tenesta vert føreslått styrka med eitt årsverk. Feieavgifta for 2020 vert justert for å finansiera det ekstra årsverket. Sjå også eiga sak som følger budsjetthandsamlinga.

## 3390 Brannvesen

### Mål

- Sikker og effektiv brann- og redningsteneste.

### Driftsbudsjett

Ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap		Budsjett		Økonomiplan		
	2018	2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter	11 089	9 966	10 084	10 168	10 168	10 168	10 168
Driftsinntekter	-1 611	-98	-98	-98	-98	-98	-98
Netto drift	9 478	9 868	9 986	10 070	10 070	10 070	10 070
Årsverk	2,52	2,52	2,52	2,52	2,52	2,52	2,52

I [kommunestyresak 099/16](#) vart det gjort vedtak om at førebyggjande avdeling skulle styrkjast med eitt årsverk i 2019, jf. dimensjoneringsforskrifta § 3-2. Rådmannen har ikkje funne rom for å gjennomføre denne styrkinga.

Talet på utrykkingar varierer frå år til år. Dei 3 siste åra har utrykkingane hatt ei jamn auke. Det er talet på trafikkulykker og utrykkingar til brannar i heimen, som har auka mest.

### Kurs:

Brannvesenet arbeidar kontinuerlig for at alle brannkonstablane skal få gjennomført lovpålagt grunnutdanning. I 2019 er det tilgangen på kursplassar som har vore utfordringa. Det er signal om at dette skal betra seg i 2020.

### Investering

Prosjektnr.	Prosjekt:	2019	2020	2021	2022	2023
T006	Utskiftingsfond bilpark brann	700	700	700	700	700
T007	Utskiftingsfond utstyr brann	50	50	50	50	50
T008	Vigrestad - ventilasjon + garderoberplanleggingsmidler oppgradering	500	2 000	6 000		
T011	Oppgradering/Ny brannstasjon Nærbø		300	500		
	Sum	1 250	3 050	7 250	750	750

I samband med at Arbeidstilsynet gjennomførte tilsyn ved brannstasjonane i Hå 30.05.18, vart kommunen pålagt å utbetra dusj- og garderobeforholda, ventilasjon, samt skilje mellom reine og ureine soner/arbeidsprosessar. Ei sak om tilsynet vil følgje budsjetthandsaminga.

I 2019 vart det sett av midlar til planlegging av utbetringar på Vigrestad brannstasjon. Rådmannen vil utarbeida forslag til utbetringar og legge fram eiga sak om dette og føreslår å sette av midlar til utbetring av Vigrestad brannstasjon i 2020 og 2021.

Rådmannen føreslår å sette av til saman 800 000 kr til utbetringar på Nærbø brannstasjon i 2020 og 2021.

I tråd med KS-sak 099/16 vert det lagt opp til ein gjennomgang av kommunen si brannordning i 2020.

## 3450 Vassforsyning

### Mål

- Levera trygt og nok drikkevatt.

### Driftsbudsjett

Budsjett	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2018	2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
Brukarar:							
Abonnentar	7 161	7 161	7 211	7 365	7 390	7 415	7 440
Ressursforbruk 1000 kroner							
Driftsutgifter	20 631	24 300	24 685	24 104	24 104	24 104	24 104
Driftsinntekter	-18 992	-22 422	-22 422	-23 083	-23 083	-25 007	-26 092
Bruk av bundne fond	-991	-1 869	-1 869	-1 124	-1 687	-466	-
Netto drift	648	9	394	-103	-666	-1 369	-1 988
Årsverk	4,2	4,2	4,2	3,2	3,2	3,2	3,2

Fram til no har all løn knytt til vatn- og avløpstenestene vorte ført i driftsrekneskapet. Prosjektleiarane og ingeniørane i Prosjekt og utbygging jobbar i all hovudsak med investeringsprosjekta, og løna deira (5 mill. kr) vil frå og med 2020 verta flytta frå drift til investering (gjeld sjølvkostområda vatn og avløp).

I IVAR sin hovudplan for vatn varslar dei at deira pris på vatn levert til kommunane, vil auke dei kommande åra. Gjeldande økonomiplan til IVAR (2019 – 2023) syner også ein forventa auke for å dekke inn volumauke, forbetra vasskvalitet og auka leveringstryggleik. I tillegg er det auka investeringar i kommunen. Dette vil venteleg føra til at den kommunale vassavgifta til innbyggjarane vil auke i åra framover. Bunde driftsfond for vatn var per 1.1.2019 på 5,1 mill. kr . På bakgrunn av dette vert det for 2020 lagt til grunn ein auke i vassavgifta på 2 % og bruk av fond på ca. 1,2 mill. kr.

## Investering

Prosjektnr.	Prosjekt:	2019	2020	2021	2022	2023
T010	Interne prosjektkostnader til fordeling		1 500	1 500	1 500	1 500
628	VL Prestakrysset - Håland	12 800				
T302	VL Kviamarka – Varhaug – Prestakrysset (IVAR sak)		7 000	5 700	6 000	
T301	VL Skrettingland - Høggjæren (IVAR)					5 500
T313	VL Efstad FF-Resi (IVAR)		500		4 000	
T314	VL FF-Resi - Langgata (IVAR)		500	4 700		
T306	VL Lindal - Årdal (IVAR)		4 300			
T308	VL Vigrestad Langgt. - Stokkelandsmarka (IVAR)	200	400	400	7 000	3 000
T307	Trykkreduksjonsstasjoner /måle / tappestasjoner	1 500	1 500	1 500	1 000	1 000
T310	Oppgradering av trykk pga nytt høgdebasseng (IVAR). Riving av gml. høgdebasseng		500	3 500	3 000	1 000
T311	Sammenkobling VL Åna - Indrebø		1 500			
	Nasjonalt turistveg - vann/avløp Madland			300		
	Omkoblinger Tvihaug (IVAR)			500		3 000
T312	Uforutsette investering som følge av andre/private utbygginger		500	500	500	500
630	VL spreidd busetnad	500	500	500	500	500
	Sum	15 000	18 700	19 100	23 500	16 000
T300	Anleggstilskot	-350	-3 850	-3 850	-4 350	-4 350
	Nettofinansiering	14 650	14 850	15 250	19 150	11 650

I denne økonomiplanperioden prioriterer me å fullføre oppgraderinga av vassleidningane som er omfatta av IVAR-avtalen, jf. FS-sak 098/17, 03.10.17. Avtalen seier m.a. at IVAR skal byggje nytt høgdebasseng i Hå. I følgje avtalen skulle vi og IVAR ha vore ferdige i løpet av 2021. IVAR har antyda ei forseinking på eitt par år, og avslutningstidspunktet er no utsett til 2023. Alle attverande prosjekt/strekningar i avtalen må difor gjerast ferdige i løpet av denne økonomiplanperioden.

Oppgradering og utbygging av vassforsyningsnettet må sjåast saman med prioritering og gjennomføring av tiltak på avløpssektoren. Det er store utfordringar framover på vass- og avløpsnettet. Det er gjennomført ein analyse av vassbehovet i kommunen sett i saman med IVAR sitt nett, med basis i IVAR sine retningsliner for utkopling av uttak til kommunane ved reingjeringsbehov og ved leidningsbrot. Alle prosjekta som er omfatta av avtalen, er merka med «(IVAR)» i investeringstabellen ovanfor. Av større prosjekt kan vi nemne vassleidninga Dysjaland – Varhaug – Kydland og ny hovudleidning frå Efstad til Stokkelandsmarka.

Vasslekkasjen i 2018 var på 21,5 % av kjøpt vatn. Det nasjonale målet er 20 %, medan snittet i dag er om lag 30 %. Norsk Vann har rekna ut at det totalt i heile Noreg renn ut 209 mill. m<sup>3</sup> drikkevatt i grunnen kvart år. Dei totale lekkasjekostnadane er rekna ut til 354 mill. kr per år, der vasslekkasjar utgjør 273 mill. kr og drikkevatt som lekk inn i avløpet, utgjør 81 mill. kr. Det må fortsatt vera eit kontinuerlig arbeid for å finna og utbetra lekkasjar, og vi testar for tida ut ny teknologi for lekkasjesøk. For å halde lekkasjane på eit lågt nivå, er det viktig å skifte ut røyr med stor risiko for leidningsbrot og gamle ventilkryss med lekkasjar. Det vart skifta ut 2,5 km asbestleidningar i 2019 mellom Varhaug og Håland. Det gjenstår no ca. 2,5 km spreidd på ulike stadar.

Vi ser for oss at desse prosjekta/anlegga kan utførast via rammeavtalen til kommunen: Deler av T302, T307, delvis Åna Indrebø og Omlegging av Vassleidningar i samband med nytt høgdebasseng.

#### T 302 VL Kviamarka – Varhaug – Prestakrysset (IVAR)

Prosjektet er starta langs Buevegen og skal samkjørast med saneringsprosjekta T401 sanering Dysjalsvegen og T411 sanering Hagevegen – Buevegen.

#### T301 VL Skrettingland – Høg Jæren (IVAR)

Planlegging er starta, og rådmannen føreslår å setja av midlar til bygging i 2023.

#### T306 VL Lindal – Årdal (IVAR)

Planlegginga er ferdig, og avtaler med grunneigarar er klar. Tala er noko oppjustert ut frå erfaringane med vassleidning frå Prestakrysset til Håland. Rådmannen føreslår å setja av midlar til bygging i 2020.

#### T313 VL Efjestad FF- Resi og T314 FF-Resi til Langgata (IVAR)

Desse prosjekta er ein del av avtala med IVAR og bør utførast samstundes med flomsikring og arbeid i samband med omlegging av Flådabekken.

#### T307 Trykkreduksjon-/måle- og tappestasjonar

Soneinndeling med utbygging av tilhøyrande trykk- og målestasjon. Kommunen ynskjer å leggja til rette for at spylebilar og slamsugebilar kan fylla vatn på ein trygg måte med tilbakeslagsventil, og at dette blir målt. Arbeid med å etablere den første tappestasjonen blei starta i 2019.

#### T308 VL Vigrestad – Stokkalandsmarka (IVAR)

Planleggingsmidlar og midlar til bygging i 2022 og 2023. Oppgraderingar på grunn av nytt høgdebasseng (IVAR).

#### T310 Oppgradering av trykk pga. nytt høgdebasseng (IVAR).

I samband med at det kommunale høgdebassenget på Håland vert nedlagd, må ein del leidningar leggjast om og oppgraderast for å få auka leveringssikkerheit opp mot Elgane og ned mot Vigrestad og Varhaug. Dette må gjerast samstundes med at IVAR byggjer det nye høgdebassenget.

#### T311 Samankobling VL Åna - Indrebø

For å auka leveringssikkerheita til Åna fengsel, må det leggjast ny vassleidning frå Åna til Indrebø. Arbeidet blir gjort i nært samarbeid med fengselet, og ein kan nytta deira arbeidskraft.

#### T312 Ikkje planlagde investeringar (vatn og avløp)

I samband med private utbyggingar av bustadområde kan det koma fram behov for oppgraderingar av det kommunale nettet som bør tas samstundes med at den private tiltakshavaren foretek gravearbeid. Dette vil vera tiltak som ikkje kan påleggjast som rekkefylgjekrav.

## 630 VL spreidd busetnad

Dette er årlege midlar til ny /sanering av vassleidning i samband med kloakkprosjekt i spreidd busetnad.

## 3530 Avløpsanlegg

### Mål

- Avløpshandteringa skal vera robust og miljøvennleg.

### Driftsbudsjett –

Budsjett	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2018	2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
Brukarar:							
Abonnentar	7 033	7 033	7 113	7 122	7 147	7 172	7 197
Ressursforbruk 1000 kroner							
Driftsutgifter	35 739	37 533	38 728	38 458	38 458	38 458	38 458
Driftsinntekter	-35 221	-37 891	-37 891	-41 384	-44 389	-45 975	-46 952
Bruk av bunde fond	-2 804	-3 035	-3 035	-1 524	-205	-	-
Netto drift	-2 286	-3 393	-2 198	-4 450	-6 136	-7 517	-8 494
Årsverk	5,8	5,5	5,5	6,2	6,2	6,2	6,2

Fram til no har all løn knytt til vatn- og avløpstenestene vorte ført i driftsrekneskapet. Prosjektleiarane og ingeniørane i Prosjekt og utbygging jobbar i all hovudsak med investeringsprosjekta, og løna deira (5 mill. kr) vil frå og med 2020 verta flytta frå drift til investering (gjeld sjølvkostområda vatn og avløp).

I IVAR sin hovudplan for avløp varslar dei at deira pris på avløpsbehandlinga i kommunane vil auka dei kommande åra. Gjeldande økonomiplan til IVAR (2019 – 2023) viser også ein forventet auke som følgje av skjerpa reinsekrav og innbyggjarvekst. I tillegg er det auka investeringar i kommunen. Dette vil føra til at den kommunale kloakkavgifta til innbyggjarane vil auka i åra framover. For 2020 vert det lagt til grunn ein auke i avløpsavgifta med ca. 7 %. Det er planlagt å bruka ca. 1,6 mill. kr av fondet. Per 1.1.2019 var dette på 4,7 mill. kr (kloakkfondet). Med dei store utfordringane som vil komma i åra framover, både når det gjeld utbygging av overvassnettet, sikringstiltak mot flaum og sanering av eldre avløpsanlegg, må dette høge aktivitetsnivået vidareførast.

Det pågår ei forstudie på formelt kommunesamarbeid om tilsyn og kontroll med avløpsanlegg i spreidd busetnad. Saka var til politisk behandling i 2018 med vedtak om å arbeide vidare med detaljplanlegging og samarbeidsavtale som vil bli lagt fram for ny behandling. Arbeidet med å kartleggja og registrera mindre avløpsanlegg og industriavløpsanlegg er starta.



## Investering

Prosjektnr.	Prosjekt:	2019	2020	2021	2022	2023
T010	Interne prosjektkostnader til fordeling (prosjektledelse + bil)		3 500	3 500	3 500	3 500
663	Sanering Løgefelt Litlagrøna m.m.	4 500				
T402	Flaumtiltak Vigrestad - del 1 &2 KS040/18	24 000	37 900			
T416	Flaumtiltak Vigrestad - del 3		1 000	9 000		
T406	Flaumtiltak Varhaug ovenfor/i sentrum	-	2 000			5 000
T401	Sanering Dysjalandsv. Toppav. Bratlandsh.	17 800	6 400			
T409	Sanering Symrevegen - Blålokkevegen	1 000	5 500			
T410	Sanering Torggt Nærbø ifm tiltak ny sentrumsplan	1 000	2 000	17 000	4 500	
T411	Sanering Hagev.-Buev.			4 700	5 000	
T417	Sanering ved Nærbøparken (sør for)		500	3 500	14 000	10 000
	Sanering Krossmyra Tryggheimsvegen			500		3 000
T412	Sanering Austkroken, Nordhadlet mm		500		5 500	
	Sanering Opstadvegen Bølia					500
	Sanering Nærbøgata - Bjorhaugvegen				500	
T413	Sanering Stasjonvegen		1 000			
T414	Utgreiing av flomvegar Nærbø sentrum		1 000	1 000		
	Nasjonal turistveg - avløp/bobiltømming Madland			300		
T415	Ikkje planlagde investering som følgje av andre/private utbyggingar		750	750	750	750
T400	Kloakk. i spreidd busetnad (Fond)	1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
	Sum	49 300	63 050	41 250	34 750	23 750
T400	Anleggstilskot	-12 700	-15 750	-4 200	-3 200	-3 200
	Nettofinansiering	36 600	47 300	37 050	31 550	20 550

I denne økonomiplanperioden prioriterer me å halde fram med og å fullføre flomsikringa av Vigrestad og å starte opp flomsikringa av Varhaug.

Hå kommune har fått utarbeida ein flaumrapport som tek føre seg alle tettstadane som er utsette for flom. Rapporten beskriv også tiltak for å fjerne eller redusere faren for flaum. Flaumtiltaka er innarbeida i hovudplan for vatn, vassmiljø og avløp. Dei store overvassanlegga som nå blir utbetra/opparbeidde på Vigrestad og Varhaug, er kombinasjonstiltak for å fjerna overløp, fjerna feilkoplingar, redusera inn-/utlekkasje og dimensjonera opp overvassleidningane.

Hå kommune har sendt og fått godkjend to søknader om tilskot frå Noregs vassdrag- og energidirektorat (NVE) til flaumsikring av Vigrestad. Tilskotet dekker inntil 50 % av kostnadane for tiltaka som vil gje betre kapasitet for Vollbekken gjennom Vigrestad sentrum. Det er totalt gitt tilsegn om nær 33 mill. kr tilskot frå NVE. Arbeidet med første etappe starta opp hausten 2018. I [KS-sak 063/19](#), 03.10.19, vedtok kommunestyret oppstart av deletappe 2 av flaumsikring på Vigrestad etter at kommunen hadde motteke tilsegn frå NVE på totalt 32,9 mill. kr til tiltaket i Rundvegen og vidare opp til Vollbekken og Flådabekken. Det er sett av nærare 38 mill. kr til flaumsikring i 2020. Totalt er det sett av 74,4 mill. kr i denne og tidlegare budsjett og økonomiplanar til flaumsikring av Vigrestad.

Samstundes må større og mindre saneringsprosjekt utførast og ferdigstillast. Av større saneringstiltak kan nemnast Dysjalsvegen – Toppavegen – Brattlandshagen som er planlagd ferdigstilte i 2020, og sanering i Torggata, Nærbø, i samband med bygging av sambrukshuset (sentrumsplanen).

Kommunen ser for seg at desse prosjekta/anlegga kan utførast via rammeavtalen til kommunen: T401, T409, T410 sanering Nærbøparken og T411 sanering Hagevegen – Buevegen.

#### T402 Flaumtiltak Vigrestad

Tiltak med ny overvassleidning i Rundvegen er starta opp, jf. K-sak 053/18. Første delen er ferdig. Andre delen som gjeld kryssing av jernbanen og Langgata, har starta, jf. KS-sak 063/19. I tillegg er det sett av midlar til omlegging av Flådabekken (del 3).

#### T406 Flaumtiltak Bratlandsåna

Det vart sett av 1 mill. kr til planlegging av dette prosjektet i 2018. Rådmannen føreslår å setje av midlar til opparbeiding i 2022/23. Det vil verta søkt om statlege midlar til dette prosjektet slik som på Vigrestad. **Kommunestyret vedtok å skyva dette prosjektet eitt år ut i tid.**

#### T401 Sanering Dysjalsv./ Toppav. /Brattlandsh.

Prosjektet er i gang og resterande del er avsett i 2020.

#### T 409 Sanering Symrevegen – Blåklukkevegen

Det er lagt inn midlar til prosjektet i 2020.

#### T410 Sanering Torggt. Nærbø i samband med tiltak ny sentrumsplan

Planleggingsmidlar i 2020 og tiltak planlagt utført i 2021 og 2022. Tiltaket må utførast før bygging av sambrukshuset.

#### T417 Sanering sør for Nærbøparken

Dette er eit nytt tiltak i 2021. Prosjektering og oppstart er planlagt i 2021. Arbeidet er grovt kalkulert til 28 mill. kr.

#### T411 Sanering Hagevegen - Buevegen

Det er planlagt at vassforsyninga mellom Håland forbi Varhaug til Kviamarka (T302) skal gå i Hagevegen. Avløpsleidningane må difor sanerast samstundes med dette arbeidet.

#### Diverse prosjekt

Det er lagd inn planleggingsmidlar til fleire prosjekt. Det er viktig å få planleggja prosjekta i god tid slik at ein kan få oppdaterte og kvalitetssikra budsjetta. Målet er å starta planlegging to år før prosjekta skal gjennomførast.

#### T415 Ikkje planlagde investeringar (vatn og avløp)

I samband med private utbyggingar av bustadområde kan det koma fram behov for oppgraderingar av det kommunale nettet som bør tas samstundes med at den private tiltakshavaren foretek gravearbeid. Dette vil vera tiltak som ikkje kan påleggjast som rekkefylgjekrav.

### T400 Kloakk i spreidd busetnad

Dette er årlege midlar og blir vidareført i perioden.

Avløp for området Tuen – Vatnamot, og på Auestad vert nå planlagt. Enkelte andre områder er og aktuelle. Det står att å kloakkere omlag 300 eigedommar.

## 3540 Tømming av septiktankar

### Mål

- Septiktankar i private anlegg i spreidd busetnad vert tømde annakvart år.

### Driftsbudsjett

Budsjett	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2018	2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
Brukarar:							
Abonnentar	350	290	290	265	287	272	257
Ressursforbruk 1000 kroner							
Driftsutgifter	215	397	397	417	417	417	417
Driftsinntekter	-358	-397	-397	-417	-417	-417	-417
Bruk av bunde fond			-				
Netto	-143	-	-	-	-	-	-

Om lag 4 % av abonnentane har septiktankløyning for kloakk som blir henta som slam. Kloakkanlegget Hundamyra, Tuen og Vatnamot mfl. vil redusera talet på abonnentar som har septiktankløyning. Det er føresettt full inndecking av utgiftene gjennom gebyrinntektene. Avgifta blir fastlagd for to år om gongen. Den vart sist endra i 2019.

## 3550 Renovasjon

### Mål

- Effektiv og høg service som innbyr til best mogleg sortering av avfall.

### Driftsbudsjett

Budsjett	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2018	2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
Brukarar:							
Abonnentar	6 932	6 932	6 982	6 990	7 015	7 040	7 065
Heimekompostering	600	600	600	574	574	574	574
Ressursforbruk 1000 kroner							
Driftsutgifter	18 252	20 074	20 101	23 272	23 272	23 272	23 272
Driftsinntekter	-15 931	-17 422	-17 422	-20 824	-23 767	-24 555	-25 068
Bruk av bunde fond	-2 431	-2 840	-2 840	-2 732	-93	-	-
Netto	-110	-188	-161	-284	-588	-1 283	-1 796
Årsverk	1,9	1,9	1,9	2	1,9	1,9	1,9

Per 1.1.2019 var renovasjonsfondet på 5,6 mill. kr. Frå 2020 innfører kommunen innsamling av glas- og metallemballasje som gir auka kostnader, men ein ser for seg ein betydeleg reduksjon av kostnader til drift av ubetente miljøstasjonar etter kvart som behovet for slike miljøstasjonar minkar. Grunna auka kostnadar til kjøp av innsamlingstenester og auka

mottaksavgift hjå IVAR, føreslår rådmannen ei auke i avgifta på 25 %. Bruk av fond i 2020 vil verte 2,5 mill. kr. Kommunen vil framleis ha ei låg avgift samanlikna med andre kommunar.

### Investering

Prosjektnr.	Prosjekt:	2019	2020	2021	2022	2023
T003	Bygg farleg avfall på Pytten	1 000	2 500			
T003	Utviding miljøstasjon Nærbø			6 000	5 500	-
	Netto	1 000	2 500	6 000	5 500	-

Gjenvinningsstasjonen i Pytten er eit ekstra servicetilbod til innbyggjarane i kommunen for levering av sortert avfall. Tiltaket er svært populært og blir mykje nytta av innbyggjarane. Det er behov for oppgradering og utviding av kapasiteten.

Heile prosjektet er kalkulert til ca. 15 mill. kr med ferdigstilling i 2022.

Arbeida (prosjektering) med bygg for farleg avfall vart starta opp i 2019 som planlagt.

## 3600, 3605 og 3606 Fisk, jakt og viltstell, kalking

### Mål

- Ognaelva skal ha ein tilfredsstillande vasskvalitet for sjøaure og laks.

### Driftsbudsjett

Ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap	Budsjett			Økonomiplan		
	2018	2019	2019*)	2020	2021	2022	2023
Driftsutgifter	834	516	516	521	521	521	521
Driftsinntekter	-817	-486	-486	-486	-486	-486	-486
Netto	17	30	30	35	35	35	35

Ein stor del av driftsutgiftene går til kalkingsprosjektet i Ognaelva. Staten dekker dei faktiske utgiftene. Resten av utgiftene går til friluftsliv, jakt og fiske.

## 3100 Utbygging av bustadområde

### Mål

- Alltid byggeklare tomter for sal i Stokkalandsmarka.
- Vekst i stasjonsbyane.

Utbyggingsplan Stokkalandsmarka, [UTN sak 117/16](#), 25.10.16, ligg til grunn for føreslåtte tiltak. Det blir vist til denne i si heilheit.

### Investering

Prosjektnr.	Prosjekt:	2019	2020	2021	2022	2023
435	Stokkelandsm plan 1133, grunn m.m *	3 600	3 600	3 600	3 600	3 600
T102	Markedsføringskostnader	250	250	250	250	250
	Sum inkl. nye grunnkjøp	3 850	3 850	3 850	3 850	3 850
T100	Forventa tomtosal	-10 000	-8 000	-8 000	-8 000	-8 000

## Stokkalandsmarka

Investeringane i infrastrukturtiltak i neste fase i Stokkalandsmarka (del 4) er skyvde ut til etter planperioden.

Salet av bustadtomter er fortsatt lågt, og i 2018 vart det utarbeida ein ny profil for å marknadsføre Stokkalandsmarka i samarbeid med Garp City. Vi jobbar samtidig målretta igjennom heile året med marknadsføring i fleire kanalar.

I kommuneplan for Hå kommune 2014-2028, vedteken av kommunestyret i [sak 073/14](#), 10.12.14, er Stokkalandsmarka utpeikt som eit hovudutbyggingsområde. Utbygging av eit kommunalt og privat tenestetilbod er viktig for å gjera Stokkalandsmarka attraktiv for bustadbygging.

I forbindelse med behandlinga av sak 096/17 «Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021» vedtok kommunestyret 14. desember 2017 å setta av kr 500.000 til ei moglegheitsstudie for å avklara framtidig plassering av skule, barnehage og sentrumsfunksjonar. Rådmannen har invitert arkitektkontora Arkitektkontoret Vest, Asplan Viak og Bark Arkitekter til å gjennomføra desse moglegheitsstudia. Arkitektane er inviterte til å presentera sine bidrag i kommuneplanutvalet 26. november 2019. Rådmannen ser føre seg at det med bakgrunn i moglegheitsstudiane skal utarbeidast ein områdereguleringsplan for Stokkalandsmarka sentrum. Vi føreslår å sette av midlar til utarbeiding av reguleringsplanen i 2020 og 2021.

### 435 Stokkalandsmarka

Det er lagt inn kostnader til grunnkjøp i samsvar med inngåtte avtalar i åra framover.

Utbygging av bustadfelt i dei andre tettstadane vert for det meste gjort i privat regi. Det vert lagt opp til at dette og vil skje vidare framover.

## 3250 Utbygging av næringsområde

### Mål

- Gjennomføre kommuneplanen sine målsettingar om ledig industriareal i alle krinsar i kommunen. Samtidig som ein legg til rette for rett næring på rett plass.

### Investering

Prosjektnr.	Prosjekt:	2019	2020	2021	2022	2023
T202	Kviamarka vidareutvikling. Totalt 11 mill. (plan, grunn, opparbeidelse) Krusemarka mot Torlandsvegen grunn & opparbeiding		1 000	10 000		
				1 000	2 000	
T204	Skoga et. 2 grunn og opparb.	500	1 000		7 500	3 000
471	Nylund del 2 Sirevåg - videreføring av vei					
T201	Indre Vågen - tidligere løyvd 2 mill (2016)					
	Sum inkl. nye grunnkjøp	500	2 000	11 000	9 500	3 000
T200	Forventa tomtosal	-22 000	-22 000	-22 000	-22 000	-22 000

Det er per oktober ledig industriareal i alle krinsane i kommunen. Fokuset i åra framover vil handla om sal og utvikling av næringsområda. Større nye investeringar kjem i midten av økonomiplanperioden. Nye investeringar må sjåast i samanheng med utviklinga i salet.

### T202 Kviamarka næringsmiddelpark:

Det er ikkje selt noko areal i Kviamarka i 2019. Det er fortsatt igjen i underkant av 30 daa regulert tomteareal. Det er lagt inn ei utviding på ca. 26 daa i kommuneplanen. Nortura har vedtatt å flytta delar av anlegget sitt på Forus til Kviamarka. Konsekvensane for areal- og opparbeidingsbehov i Kviamarka er endå ikkje avklara. Rådmannen føreslår å starte opp reguleringsplanarbeidet for utviding av Kviamarka og har lagt inn planleggingsmidlar i 2020. Oppstart av grunnforhandlingar og opparbeiding av området er planlagt i 2021.

### T204 Industriområdet Skoga aust for fv 44

Industriområdet Skoga er ferdig opparbeida med ca. 60 daa byggeklart næringsareal. Arealreserven er redusert ein del, og midlar til vidare tomtekjøp / opparbeiding er innarbeida i gjeldande økonomiplan. Det vart lagt inn planleggingsmidlar (reguleringsplan) i 2019. Oppstart av grunnforhandlingar og opparbeiding av området er planlagt i 2022 og 2023.

### Krusemarka mot Torlandsvegen grunn og opparbeiding

Dersom tomtesalet i Krusemarka går godt, kan det verta behov for meir areal til næring vidare mot Torlandsvegen. Det vert føreslått å sette av midlar til planlegging / regulering i 2021 – 2022.

## 3254 Sentrumsutvikling

### Mål

- Kommunen skal i samarbeid med andre aktørar vera med å leggja til rette for oppgradering i sentrumsområda.

### Investering

Prosjektnr.	Prosjekt:	2019	2020	2021	2022	2023
T903	Sentrumstiltak Varhaug	1 000	1 000	1 000	1 000	3 000
T902	Sentrumstiltak Nærbø	1 000	1 000	1 000	2 000	
	Sentrumstiltak Vigrestad			1 000	1 000	1 000
	Servicebygg indre vågen Sirevåg		700			1 000
	Sum investering	2 000	2 700	3 000	4 000	5 000
	SR-bank tilskudd	-500				

### Kommunedelplan [Nærbø sentrum](#)

Sentrumsplanen for Nærbø vart vedteken av kommunestyret 15.11.18, KS-sak 077/18. I økonomiplanen 2019 – 2022 er det sett av midlar til planlegging og opparbeiding til og med 2022. Rådmannen føreslår å la dei ligge som i gjeldande økonomiplan.

Plan 1190; detaljregulering av sambrukshus, bustader og torg, Nærbø sentrum, vart varsla den 4. oktober 2019. Ut frå framdriftsplanen er det eit mål å få fram reguleringsplanen til endelig vedtak i kommunestyret juni 2020. I økonomiplanen for 2019 - 2022 er det sett av 24,5 mill. kr til sanering i samband med ny sentrumsplan på Nærbø i perioden 2019 – 2022. Rådmannen føreslår å vidareføre dette. Under føresetnad av at detaljreguleringsplanen vert vedteken våren 2020, kan anleggsarbeidet starte opp hausten 2020. Prosjektet kan ha ein byggeperiode på ca. 1 - 2 år.

### Kommunedelplan Varhaug sentrum

Hå kommunestyre vedtok 14. desember 2017 i saka 086/17 «Planprogram for Varhaug sentrum». Det fram går av planprogrammet at administrasjonen skal utarbeida arbeidsnotat og andre utgreiingar, og leggja desse fram for kommuneplanutvalet til behandling.

Gjestebodsmodellen vert nytta i medverknadsarbeidet. Arbeidet med sentrumsplanen går vidare inn i 2020, og fleire saker vil leggjast fram for kommuneplanutvalet. Dei vedtekne sakene vil danna grunnlag for utarbeidinga av forlag til ny kommunedelplan for Varhaug sentrum.

Det er føreslått å sette av 1 mill. kr i dei tre første åra i økonomiplanperioden og 3 mill. kr det siste året. Rådmannen føreslår at avsette midlar i 2023 går til gjennomføring av infrastrukturiltak i samband med sentrumsplanen for Varhaug. Rådmannen tenker i denne samanheng på ny undergang under jernbanen og undergangen under fv 504. Sidan gangforbindelsen frå sentrum til Leksaren manglar i dag, vil rådmannen under tvil tilrå at deler av desse midlane kan nyttast som eit anleggstilskot til undergangen (fv 504). Leksaren er vist som «viktig grøntområde» i Plan for turnett i Hå kommune.

### Kommunedelplan for Vigrestad sentrum

Vi tek sikte på å starte planprosessen i løpet av 2021. Det er lagt inn midlar til arbeidet i 2021 - 2023. Gjestebodsmodellen vil verte nytta i medverknadsarbeidet.

### Servicebygg i Sirevåg

Formannskapet behandla i [sak 039/19, 04.06.19](#), sak om servicebygg i Sirevåg, jf. også KS-sak 118/16. Formannskapet ba her rådmannen om å utarbeide teikningar for nytt servicebygg (/senter) for m.a. turistnæringa og båtfolket. Det er sett av planleggingsmidlar i 2023. Det vert no jobba med å finne endeleg plassering/tomt for bygget. **Kommunestyret vedtok å leggja inn 0,7 mill. kr i 2020 til ei mellombels løysing i Sirevåg.**

## Vedlegg – Trafikksikringsplan

Hå kommune har i samarbeid med Statens vegvesen Rogaland i løpet av dei siste åra bygd ei rekke strekningar med gang- og sykkelveggar i kommunen. Samarbeidet bygde på samarbeidsavtalar mellom kommunen og Statens vegvesen/Rogaland fylkeskommune. Fylkeskommunen ønskjer ikkje lenger å inngå slike samarbeidsavtalar med kommunane.

### Prioritering av gang – og sykkelveggar

I [kommunestyresak 010/16](#): Gang- og sykkelveggar – prioritering, vedtok kommunestyret ei prioriteringsliste av gang- og sykkelveggar. Utbygging av gang- og sykkelveggar er store investeringar. Det økonomiske ansvaret avhenger av kor ny strekning skal byggast ut. Vedteke prioriteringsliste har ikkje tatt omsyn til dette. Fylkeskommunen, ved Statens vegvesen, har gjeve klare føringar på at nye prosjekt langs tidlegare riksveggar (fv 44, fv 504 og fv 507) nå skal finansierast av fylkeskommunen. Det pågår også eit arbeid med omklassifisering av fylkesveggar, gang- og sykkelveggar og gatelys. Dette arbeidet vil ha store konsekvensar for kommunen sine prioriteringar av gang- og sykkelveggar avhengig av framtidig eigar av vegstrekning. På bakgrunn av pågåande arbeid med omklassifisering og kven som får ansvar for de ulike vegstrekningane, blir det ikkje anbefalt å starte opp nye store investeringsprosjekt med gang- og sykkelveggar med unntak av konkrete strekningar kor det føreligg ein avtale om ansvar i 2019.

Departementet inviterte KS i november 2015 til eit samarbeid med sikte på å få bygd meir gang- og sykkelveggar på kommunalt og fylkeskommunalt vegnett. Bakgrunnen var ønskje om ei prøveordning for aktuelle prosjekt som fråvik faglege anbefalingar av Statens vegvesen. Vegdirektoratet utarbeidde i juni 2016 eit notat kor ein minna om at fylkeskommunane og kommunane sjølv er fråviksmyndigheit for vegnormalane. Statens vegvesen ønskjer ikkje å overta gang- og sykkelveggar etter forenkla standard, men kommunar og fylkeskommunar kan sjølv fråvika vegnormalar på eige vegnett i enkeltsaker. Det betyr i praksis at kommunen ikkje kan etablere ein forenkla gang- og sykkelveg langs ei vegstrekning som etter omklassifisering skal vera ein fylkesveg. Samstundes er det viktig å være merksam på at drift og vedlikehald av gang- og sykkelveggar ikkje vil vere enklare for kommunen enn for Statens vegvesen. Det er difor viktig at ein ikkje vel billige løysingar med påfølgjande tungvindt og kostbar drift.

Føreslåtte løyvingar er tatt inn under omtale av teneste 3323 Trafikksikring.

Andre tiltak har rådmannen ikkje funne plass til.



## Status for prioriterte gang- og sykkelvegar

Prosjekt:	Status
Fv 44, Bratland - Grødalaland	Under arbeid og blir finansiert av Statens vegvesen
Fv 44, Kryss Bogsdalen - Eksisterende g/s-veg (Ogna)	Reguleringsplan 1147 er godkjent. Teknisk planlegging blir utført av Statens vegvesen. Forventa oppstart er ikkje klart fordi SVV manglar prosjektleiar-kapasitet.
Fv 44, Husvegg – Madland	Vil naturleg måtte finansierast av Rogaland fylkeskommune. Ingen konkrete planar. Søknad om TS-midler til prosjektering for 2021.
Fv 44, Madland – Årsland	Vil naturleg måtte finansierast av Rogaland fylkeskommune. Ingen konkrete planar. Søknad om TS-midler til prosjektering for 2022.
Fv 44, Langs nordlege del av Brusand	Vil bli finansiert saman med Statens vegvesen. Det er lagt inn planleggingsmidler i 2019 og bygging i 2020 - 2021.
Fv 44, Årsland – Hårreid	Vil naturleg måtte finansierast av Rogaland fylkeskommune. Ingen konkrete planar. Søknad om TS-midler til prosjektering for 2023.
Kv Kviavegen, Fv 4374 Store Ring - Turveg Motlandshagen	Kommunalt ansvar. Vi har fått TS-midler. Vi jobber no med teknisk godkjenning før anleggsarbeidet kan starte opp.
Kv Dysjalandsvegen, Varhaug - Kviamarka	Kommunalt ansvar. Prosjektering av arbeidet med å etablere gang- og sykkelveg frå Kviamarka industriområde til kryss fv Lerbrekksvegen i samband med prosjekt for ny vassledning pågår. Teken inn i prioriteringsliste og vedteken i økonomiplan for 2018-2021.
Fv 4404 Risavegen, Kommunegrensa - Risa	Vegstrekinga ligg inne i Statens vegvesen sin vedtekne handlingsplan, men kommunen bør søke TS-midler til regulerings- og prosjekteringsarbeidet.
Fv 4404 Risavegen, Risa - kommunegrensa mot øst	Vegstrekinga ligg inne i Statens vegvesen sin vedtekne handlingsplan, men kommunen bør søke TS-midler til regulerings- og prosjekteringsarbeidet.
Fv 4334 Aniksdalsvegen, Vigrestad - Kv Hadlandsvegen	Lang vegstreking og stor investering. Kan være aktuelt å vurdere forenkla standard på gang- og sykkelveg eller bare tiltak med gatelys, men bør vente til nærare avklaring i samband med omklassifisering.
Fv 4334 Aniksdalsvegen, Kv Hadlandsvegen - Ægra	Lang vegstreking og stor investering. Kan være aktuelt å vurdere forenkla standard på gang- og sykkelveg eller bare tiltak med gatelys, men bør vente til nærare avklaring i samband med omklassifisering.
Fv 4380 Torlandsvegen, Torland – Haugland	Vegstrekinga ligg inne i Statens vegvesen sin vedtekne handlingsplan, men kommunen bør søke TS-midler til regulerings- og prosjekteringsarbeidet.
Fv 4324 Stormolovegen, Fv 44 - Kv Kråbakken	Kan søke om 100 % TS-midler for sammenhengende g/s-veg langs fv 4324 Stormolovegen.

## Prioritering av gatelyst

I [kommunestyresak 014/16](#): Gatelyst – Prioritering, vedtok kommunestyret ei prioritering av gatelyst. Det økonomiske ansvaret er avhengig av kor ny strekning skal byggast ut, jf. avsnitt om gang- og sykkelveggar. På bakgrunn av pågåande arbeid med omklassifisering og kven som får ansvar for de ulike vegstrekningane, blir det ikkje anbefalt å starte opp nye store investeringsprosjekt med gatelyst med unntak av konkrete strekningar kor det føreligg ein avtale om ansvar i 2019. Status for prioriterte gatelyst:

<b>Prosjekt:</b>	<b>Status</b>
<i>Fv 4338 Kyrkjevegen, Odland – Valdeland</i>	Arbeid pågår og vert finansiert av Statens vegvesen. Forventa ferdig i 2019.
<i>Fv 4394 Høyland, Høyland - Fv 507</i>	Søknad om TS-midler for 2020.
<i>Fv 44, Varhaug – Husvegg</i>	Under arbeid og blir finansiert av Statens vegvesen.
<i>Fv 4334 Vadlandsvegen, Stavnheimkrysset – Vadland</i>	Søknad om TS-midler for 2022.
<i>Fv 4324 Stormolovegen, frå fv 44 til Nygårdssida</i>	Bør opparbeides på samme tid som eventuell g/s-forbindelse mellom kv Kråhagen og fv 44.
<i>Kv Kviavegen, Fv 4374 Store Ring - Fv 4366 Rongavegen</i>	Kommunalt ansvar. Ingen konkrete planar. Gatelyst etableres på strekningen fv 4374 - Motlandshagen i forbindelse med etablering av g/s-veg.
<i>Kv Dysjalsvegen, Kviamarka - Varhaug</i>	I tillegg til vedtatt prioriteringsliste, vil ein etablere gatelyst frå Kviamarka industriområde til kryss fv 4350 Lerbrekksvegen i samband med prosjekt for ny vassleidning .

## Klassifisering av skuleveggar

Utval for opplæring og kultur har i fleire omgangar behandla saker om klassifisering av farlege skuleveggar som gir rett til skuleskyss, seinast i [sak 038/18](#).

## Tilsegn om TS-midler

Fylkestrafikksikkerhetsutvalget i Rogaland (FTU) tildeler kvart år trafikksikringsmidlar (TS-midler) etter søknad frå kommunane. For fylkesvegane dekker tilskotsmidla 100 % av kostnadene. For kommunale vegar er eigendelen 40 %. Større prosjekt enn kr 1 500 000 fell utanfor rammene for TS-midler og må vurderast i samanheng med andre fylkesvegprosjekt.

*Tilsegn er gitt i 2019 for følgjande prosjekt som er under planlegging/bygging*

	Kostnadsestimat	Kostnad	Tilskot
Kv Kviavegen	Utbygging g/s-veg Fv 4374 til turveg Motlandshagen	1 500 000	1 500 000
Kv Skårvegen	Utbygging av fortau mellom Parkvegen og Vestringen	600 000	360 000
Kv	Mindre trafikksikringstiltak kommunale vegar	50 000	30 000

*Tiltak i økonomiplan 2020 – 2023 - Søknad om trafikksikringsmidlar i2020:*

Vegnr.	Strekning/tiltak	Kostnad	2020
Fv 4380	T606 - Prosjektering g/s-veg Torland - Haugland	1 000 000	1 000 000
Kv Dysjalsvegen	T602 - Prosjektering g/s-veg Kviamarka – Varhaug	1 000 000	600 000
Fv 4404	T607 - Prosjektering g/s-veg Garborg - Risa	1 000 000	1 000 000
Fv 44	T603 - Prosjektering g/s-veg langs fv 44 Brusand	500 000	500 000
Fv 4394	T804 - Gatelys Høyland - Fv 507	2 000 000	2 000 000
Kv	T600 - Mindre trafikksikringstiltak kommunale vegar	200 000	30 000

Andre tiltak har rådmannen ikkje funne plass til i økonomiplanperioden



...and the ...

...the ...



...the ...



...the ...

# Kyrkjer og andre trossamfunn

Målsettinga er at Hå kommune kan tildele tilskott i takt med utviklinga i rammevilkåra for kommunen sin økonomi. Tilskottet skal utmålast etter at det er teke særskilt omsyn også til utviklinga i kyrkja sine utgifter til løn og andre utgifter.

## Driftsbudsjett kyrkjer og andre trossamfunn

Netto ressursbruk 1000 kroner	Rekneskap 2018	Budsjett			Økonomiplan		
		2019	2019 *)	2020	2021	2022	2023
Den norske kyrkkja	12 315	13 200	13 200	13 980	13 180	13 180	13 180
Andre trussamfunn	1 081	1 200	1 200	1 225	1 225	1 225	1 225
Netto drift	13 396	14 400	14 400	15 205	14 405	14 405	14 405

Fellesrådet har laga budsjettsskriv og dette er tatt inn som vedlegg til dokumentet.

Rådmannen har ikkje funne rom for å føreslå å løyve ekstra driftsmidlar i 2020.

Arbeidet med å reparere orgelet i Varhaug kyrkje blir noko dyrare enn lagt inn i førre budsjett og ekstra kostnadar på 200 000 kr i 2020 er tatt inn i budsjettforslaget.

Kommunane skal gi tilskott til livssyn- og trussamfunn med same beløp pr. medlem som tilskottet kommunen gir til Den Norske Kyrkja. For 2020 er beløpet anslått til å bli kr 1,225 mill. kr .

## Investering kyrkja (inkl. MVA)

Investering 1000 kr	2019	2020	2021	2022	2023
Prosesjonsvegar	313				
Nærbø kirkegård/driftsbygg	7 500			1 250	
Varhaug kyrkje - drenering		1 000			
Grasklyppar		438			
Bevaring gamle gravminne		125	250	250	188
Sum investering	7 813	1 563	250	1 250	188

For å kunne utnytte kyrkjegarden på ein meir effektiv måte er det behov for å flytte komposteringsanlegget og sette opp eit enkelt driftsanlegg/lagerbygg utanfor kyrkjegarden. Delprosjekt 1, «Opparbeiding av urnefelt og gravplass» er i gang.

Rådmannen tilrår at midlar til drenering av kyrkjegarden på Varhaug blir sett av frå 2021 og at planlegging av ny driftsbygning til gravplassen på Nærbø kan ta til i 2022.

**Kommunestyret vedtok at dette arbeidet skal gjerast i 2020.**

Det er føresett at arbeidet i størst mogleg grad blir finansiert av tidlegare avsette fondsmidlar og ubrukte lånemidlar til kyrkja der opphavleg formål er falt bort.

Det er lagt inn 350 000 kr pluss mva til kjøp av grasklyppar i 2020. I tillegg er der lagt inn midlar til eit prosjekt i samarbeid med kommunen om bevaring av gamle gravminne på Varhaug gamle kyrkjegard. Dette prosjektet går frå til 2023.

# Ymse

I dette kapitlet samlar ein dei postane som ikkje har med tenesteproduksjon eller administrasjon å gjera, men som likevel er ein viktig del av det totale budsjettet.

## *Premieavvik og amortisering av premieavvik*

Kommunane skal i sine rekneskap korrigere avvik mellom faktisk betalt pensjonsforsikringspremie og ein berekna, langsiktig pensjonskostnad. Meininga med dette er å jamne ut den årlege utgiftsføringa målt som "sum betalt premie og premieavvik". Avvik frå før år 2011 skal avskrivast over 15 år, frå 2011 over 10 år. Premieavvik frå 2014 og seinare skal skrivast av over 7 år.

Premieavvika har ikkje utvikla seg rundt eit 0-punkt over tid, slik departementet i si tid venta. Kommunesektoren skyv nå eit stort beløp på titals milliardar føre seg. Dette vil tyngja framtidige kommunebudsjett.

Når det gjeld premieavvika for åra før 2011, sette Hå kommune tilsvarande midlar i fond for å dekkja framtidige utbetalingar. Frå fondet kan ein kvart år fram til 2025 ta 2,74 mill. kr til å dekkja nedskrivninga av dei eldre premieavvika. For premieavvik etter 2010 vil drifta måtte dekkja nedskrivningane (amortiseringa). Dette er føresett gjort i perioden 2021 – 2023 i denne økonomiplanperioden.

I 2020 er det etter oppgåva frå Kommunenes Landspensjonskasse (KLP) og Statens Pensjonskasse (SPK) rekna med at arbeidsgjevar sin del av pensjon er 19,0 prosent for fellesordninga i KLP (inkludert dei folkevalde), 15,55 prosent for sjukepleiarar og 10,13 prosent for lærarar i SPK.

Det er uklart kva utviklinga i pensjonsutgiftene vil bli. Det er innført ny offentleg pensjonsordning, men verknaden på netto utgifter er ikkje klar.

## *Tilfeldige utgifter og inntekter*

### *"Reserveposten"*

Det er sett av 500 000 kr per år til tilleggs- og nye løyvingar etter vedtak av formannskapet. **Kommunestyret vedtok å redusere denne med 200 000 kr årleg.**

### *Lønsreserve*

Løn er budsjettert på dei einskilde konti ut frå lønsnivået pr. 1. januar 2020. Lokalt oppgjer 2019 blei ferdig forhandla i oktober og med atterhald om godkjenning i formannsskapsmøte 5.11.2019 er dette innarbeida i budsjettet for 2020.

For 2020 må det setjast av midlar i lønsreserven til å dekkje sentralt og lokalt lønnsoppgjer frå 1. mai 2020. I statsbudsjettet og hos SSB er anslaget om årslønsvekst i 2020 på 3,6 prosent. Rådmannen anbefalar å legge inn dette, med verknad frå 1. mai, som lønsreserve. I tillegg må det leggest inn vel 1,5 mill. kr for å dekkja inn kontingent til KS sitt OU-fond og ein margin til enkeltsakar gjennom året. I budsjettforslaget er det etter dette lagt inn i alt 17,5 mill. kr i lønsreserve for 2020 og for åra 2021-2023. Saman med formannskapet si reservepost, er samla reservepost dermed budsjettert til 17,8 mill. kr per år i økonomiplanperioden.

## Skatteinntekter og rammetilskott

Summen av inntektsskatt, formueskatt og statlege rammeoverføringar utgjer kommunen sine «frie inntekter». Det vil seia at bruken av midlane ikkje er retta inn mot bestemte utgiftsformål. I 2020 har vi som i tilegare år, lagt til grunn skatt og rammetilskot ut frå KS sin prognosemodell. For anslaga i åra 2021-2023 har vi tatt utgangspunkt i 2020. Skatten og rammetilskottet er på usikkert grunnlag auka med same auke som venta folkevekst.

Skatteinngangen per innbyggjar i Hå blei 82,5% prosent av landsgjennomsnittet i 2018. I 2019 var dette anslått til 84,6 prosent. Basert på skatteinngangen per september 2019 ser dette ut til å slå til.

Me nyttar KS sin modell som har tatt inn forslag til Statsbudsjettet som blei lagt fram 7. oktober 2019. Frie inntekter til Hå er rekna til 1 053,8 mill. kr og er fordelt som følger – samanlikna med godkjent budsjett for 2019 i parantes.

- Rammetilskott 479,8 mill. kr (463,4 mill. kr )
- Anslag skatt 503,9 mill. kr (482,4 mill. kr )
- Inntektsutjamning 70,0 mill. kr ( 63,5 mill. kr )

Auka i forhold til 2019 er 44,5 mill. kr , eller 4,4 prosent nominelt. Dette er høgare enn deflatoren i statsbudsjettet som er 3,1 prosent. Utgiftsutjamninga i rammetilskottet gir mindre trekk tillegg enn i 2019 hovudsakleg på grunn av fleire skolebarn, og fleire 2-5-åringar. Rammetilskottet er auka på grunn av innlemming av tilskott til tidleg innsats (lærarnorm), men auken er mindre enn det tilskottet me fekk tidlegare.

Når det gjeld skatteinngangen har vi tatt utgangspunkt i venta nivå for 2019, men same auke som for landet for øvrig for 2020. Skatteinngang per innbyggjar var 84,5 % av landsgjennomsnittet per september 2019 og er venta å bli på dette nivået for heile året og for 2020. Dei økonomiske rammene for Hå er strame, for veksten i lovpålagte tenester er større enn auken i frie inntekter. Det er framleis behov for at nye tenester eller auka behov må finansieras med omprioritering, innovasjon og effektivisering.

### Vertskommunetilskott

Alle midlane som vertskommunane får tildelt på grunn av HVPU-reforma, er frå 2009 samla i eit eiga, øyremerka Vertskommunetilskott. I 2018 vart det ingen færre vertskommunebebuarar. Anslaget for økonomiplanperioden 2020 – 2023 er basert på utbetalingar i 2019 og lågare fråfall kvart år.

## Andre generelle statstilskott

### Lånekompensasjon handlingsplan eldreomsorg og opptrappingsplan for psykisk helse

Dette er ei ordning der staten dekkjer renter og avdrag på lån som blei tatt opp i samband med bygging av bustader under Handlingsplan for eldreomsorga og Opptrappingsplan for psykisk helse. Kommunen har nytta si kvote fullt ut. Kompensasjonen blir rekna ut etter ein modell der staten tek utgangspunkt i at eit tenkt serielån over 30 år finansierer utgiftene.

Regjeringa har innført ei ordning med investeringstilskott til sjukeheimar og omsorgsbustader. Det er ei øvre grense for tilskott pr. plass. Vi fekk i 2016 tilsegn om

64 mill. kr i tilskott til påbygget på Hå sjukeheim (som blei utbetalt i 2019) og dessutan 20 % til forsterka bustader/sosial- og flyktningbustader.

## Rentekompensasjon opprusting skuleanlegg

Dette er ei ordning for å stimulere kommunesektoren til å rehabilitere, ruste opp og legge til rette eksisterande skulebygg og å oppføre nye skulebygg der det er behov for det. Rentekompensasjonen bygger på lån med 5 avdragsfrie år og samla løpetid 20 år. Ordninga blei sett i verk i 2002. Kvar kommune fekk ei ramme for maks kompensasjon. Hå har nytta ordninga fullt ut.

## Rentekompensasjon skule- og symjeanlegg

I 2009 blei det innført ei ny rentekompensasjonsordning for skule- og symjeanlegg. Rentekompensasjonen skal reknast ut med utgangspunkt i eit serielån med flytande rente, løpetid på 20 år og 5 år avdragsfritt. Hå kommune har nytta ordninga fullt ut.

Samla vil kompensasjonsordningane gi ei svakt fallande inntekt på frå 2,0 mill. kr i 2020 til 1,7 mill. kr i 2023.

## Finanspostar

Renter på lån blir i hovudsak avgjort av 3 forhold:

- Nivået på styringsrenta til Norges Bank
- Risikopåslaget i pengemarknaden der bankane finansierer seg
- Bankane sine marginar overfor lånekundane

Norges Bank og Statistisk Sentralbyrå (SSB) har tidlegare i haust laga renteprognooser. Kommunalbanken har òg gitt ut rentesyn mellom anna ut frå at det i rentemarknaden blir sett renter som viser forventningar til framtidig rentenivå.

Rådmannen har lagt til grunn Kommunalbanken sin forward-kurve når det gjeld gjennomsnitt av 3 månaders NIBOR samt noverande marginpåslag for renteprognoosen i dei ulike åra. Tabellen viser at prognose for flytande rente er 0,1 %-poeng høgare i 2020 enn lagt til grunn i førre økonomiplan.

### Prognose lånerenter

Lånerente	2019	2020	2021	2022	2023
Økonomiplan 2020-2023		2,59 %	2,58 %	2,54 %	2,50 %
Økonomiplan 2019 - 2022	2,04 %	2,49 %	2,92 %	2,84 %	-
Økonomiplan 2018 - 2021	1,65 %	2,15 %	2,28 %	-	-

## Kommunens sine utlån av eigne midlar (Lyse Energi)

Det er nytta 3,0 prosent rente ved utrekning av inntekta av kommunen sitt lån til Lyse Energi i 2020. Vilkåra er 3 månaders NIBOR + 2 prosent-poeng. I planperioden er det nytta aukande rente i tråd med omtale ovanfor. Mottekne avdrag frå Lyse (3,785 mill. kr per år) er ført til inntekt i investeringsbudsjettet. Nedbetalingstida for lånet til Lyse er 30 år.



Renteinntekt av driftsmidler er rekna til 2,5 mill. kr i 2020. Inntekta er om lag den same i perioden på grunn av renteutviklinga framover. Likviditetsmessig får kommunen ei årleg svekking på grunn av premieavviket.

Renter av fond - som blir lagt til fond - er summarisk sett til 3,7 mill. kr i kvart år. På grunn av at renteinntektene blir lagt til fond har dei berre verknad på netto driftsresultat, ikkje på meir/mindreforbruk for kommunen.

## Avdrag

Desse er sett opp i samsvar med eksisterande lån, nye låneopptak som er godkjent tidligare og låneopptak i samsvar med forslag til investeringar i økonomiplanperioden.

## Utbytte

I samsvar med budsjett- og rekneskapsføresegnene, skal påreknelige utbytte budsjetterast i driftsbudsjettet.

Hå kommune sin eigardel i Lyse AS er 3,785 prosent. Forventing om nivået på utbyttet i denne planperioden er lagt av eigarkommunane med grunnlag i eigarstrategien, forventa resultatutvikling og i dialog med selskapet. I 2019 blei det delt ut eit utbytte til eigarane på 550 mill. kr, av dette er Hå kommune sin del 20,8 mill. kr. Totalt utbytte er venta å auke med 50 mill. kr i 2020, 30 mill. kr i 2022, 20 mill. kr i 2022 og 10 mill. kr i 2022. Samla utbytte utgjør då 660 mill. kr i 2023.

Hå kommune sin del av utbyttet er rekna til 22,7 mill. kr i 2020. Dette aukar til 24,98 mill. kr i 2023.

Det er rekna med seks mill. kr i utbytte kvart år frå Jæren Everk. To mill. kr blir nytta til å styrke driftsbudsjettet og fire mill. kr blir sett av til ENØK-tiltak.

Det er rekna med 1,5 mill. kr i bidrag kvart år frå Jæren Energi (vindkraftverket). Det er rekna med eit årleg bidrag frå Vindparken på 3 mill. kr frå og med 2019.

## Overføring til kapitalbudsjettet

Kvart år i planen er det planlagt overført 24 mill. kr til investeringsrekneskapan I tillegg skal eigenkapitaltilskottet til KLP førast som investering. Beløpet blei redusert til 3,6 mill. kr i 2019. Framover er eigenkapitaltilskottet føresetta finansiert av avdrag på det ansvarlege lånet til Lyse. **Kommunestyret vedtok å redusere denne overføringa med 2,3 mill. kr i 2020 og 2,6 mill. kr i åra 2021, 2022 og 2023.**

## Disponering av overskott 2018

Det rekneskapsmessige mindreforbruket (overskottet) for 2018 var på 41,3 mill. kr. Dette blei satt av på disposisjonsfond. I sak 050/19, 13.06.2019 om Varhaug skule blei det vedtatt at tilleggskostnaden ved prosjektet skulle finansierast av overskottet frå 2018. Rådmannen rår til at resten av overskottet frå 2018, pluss det som er igjen av overskotta frå 2009 og 20145 blir brukt til å finansiere investering i 2020.

## Disposisjonsfond drift

Dette er avsetning av fondsrenter til fond.

## Innsparingstiltak

Kommunestyret vedtok ved behandlinga av økonomiplanen 2013-2016 å dekkja mindreinntektene grunna at eigedomsskatt ikkje blir innført, med å auke dei føresette innsparingstiltaka og fordela denne innsparinga med 10 prosent på sentraladministrasjonen, 40 prosent på oppvekst og kultur, 40 prosent på helse og sosial og 10 prosent på teknisk og næring.

Økonomiplanen 2020-2023 er gjort opp utan føresetnad om innsparingstiltak utover dei som er tatt inn i rådmannen sitt forslag til budsjett 2020 og økonomiplan for 2020-2023.

**Kommunestyret vedtok å leggja inn 1,5 mill kr årleg i effekt av Framtidsløftet. I tillegg er der eit omstillingsbehov framover på 1,45 mill kr i 2021, 3 mill. kr i 2022 og 2,3 mill kr i 2022.**

## Bruk av fond

Dei midla som Hå kommune har mottatt i tilskott til flyktningar og psykisk utviklingshemma som ikkje har vorte nytta er sett av til eigne fond. Det er behov for tenester ut over perioden støtta vart mottatt. I denne økonomiplanen har rådmannen lagt til grunn at fond kan verte blir nytta til å finansiere tenester til desse gruppene i 2023.

## *Om investeringsbudsjettet*

### Etableringslån

I investeringsbudsjettet er det rekna med at kommunen kvart år tar opp – og deler ut – 5 mill. kr i Startlån. Kommunen får etter kvart ei større lånegjeld og auka risiko på dette området. Så langt er det lite tap registrert.

### MVA – kompensasjon

Kommunane får kompensasjon frå staten for betalt meirverdiavgift (mva). I 2020 vil dei planlagde investeringane gje 31,355 mill. kr i mva-kompensasjon. For dei neste åra er kompensasjonen rekna til å bli 17,7 mill. kr i 2021, 12,4 mill. kr i 2022 og 12,7 mill. kr i 2023.

### Salsinntekter og bruk av tidlegare avsette midlar (fond)

Det er budsjettert med bruk av salsinntekter til tomteutvikling på 7,85 mill. kr i 2020, 17,85 mill. kr i 2021 og 17,35 mill. kr i 2022 og 11,85 mill. kr i 2023.

Dersom inntektene blir større enn utgiftene til tomteutvikling føreslår rådmannen å sette desse inn på «Tomtefondet» til bruk i seinare tomteutvikling.

Rådmannen føreslår å nytte 47,8 mill. kr av overskott frå åra 2009, 2014 og 2018 som er sett på disposisjonsfond.

# Vedlegg skatte/rammetilskudd

HÅ	PROGNOSE					
	2018	2019	2020	2021	2022	2023
(år 2020-prisnivå i perioden 2021-2023)						
<b>1119</b>						
<b>1000 kr</b>						
Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)	445 480	465 333	474 579	473 842	473 640	473 432
Utgiftsutjevningen	-13 974	-5 252	-1 617	-1 627	-1 629	-1 632
Overgangsordning - INGAR	-1 342	-1 002	-1 019	-	-	-
Saker særskilt ford (inkl. helsestasjon skolehelsete og arvbavg)	3 716	4 265	7 898	7 471	7 471	7 471
Overgangsordning - kommuner som skal slås sammen	-	-	-	-	-	-
Korreksjon forsøksordninger barnevern og omsorgstjenester	-	-	-	-	-	-
Inndelingstilskudd/trekk Nannestad/Ullensaker	-	-	-	-	-	-
Nord-Norge-tilskudd/Namdals-tilskudd	-	-	-	-	-	-
Storbytilskudd	-	-	-	-	-	-
Småkommunetillegg	-	-	-	-	-	-
Sør-Norge tilskudd (kommuner med over 3 200 innb)	-	-	-	-	-	-
Regionsentertilskudd	-	-	-	-	-	-
Veksttilskudd	-	-	-	-	-	-
Ordinært skjønn	-	-	-	-	-	-
Skjønn fra KR D - komp. bortfall veksttilskudd kommunesammenslåing	-	-	-	-	-	-
Ekstra skjønn KMD inkl. ufrivillig alene kommuner, infrastruktur, retaksering prod. utstyr mv, bortfall eiendomsskatt produksjonsutstyr	391	-	-	-	-	-
<b>Budsjettvedtak Stortinget - saldering budsjett 2019</b>		-912				
<b>RNB 2019 - endringer i rammetilskudd</b>		251				
Stortinget saldering budsjett 2018	587					
RNB 2018 og Nysaldering 2018	227					
<b>Sum rammetilskudd uten inntektsutj</b>	<b>435 085</b>	<b>462 683</b>	<b>479 841</b>	<b>479 686</b>	<b>479 481</b>	<b>479 270</b>
Netto inntektsutjevning	68 911	68 350	70 010	70 010	70 010	70 010
<b>Sum rammetilskudd</b>	<b>503 996</b>	<b>531 033</b>	<b>549 851</b>	<b>549 696</b>	<b>549 491</b>	<b>549 280</b>
Rammetilskudd - endring i %		5,4	3,5	-0,0	-0,0	-0,0
<b>Skatt på formue og inntekt</b>	<b>474 998</b>	<b>494 185</b>	<b>503 920</b>	<b>503 920</b>	<b>503 920</b>	<b>503 920</b>
Skatteinntekter - endring i %		4,04	1,97	-	-	-
Andre skatteinntekter (eiendomsskatt)	-	-	-	-	-	-
<b>Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)</b>	<b>978 994</b>	<b>1 025 200</b>	<b>1 053 800</b>	<b>1 053 600</b>	<b>1 053 400</b>	<b>1 053 200</b>
Sum - endring i %		4,7	2,8	-0,0	-0,0	-0,0
<b>Ekstra skjønn tildelt av fylkesmannen</b>	<b>250</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
(ufordelt skjønn fra Grønt Hefte - fordelt i løpet av året)						

# Obligatoriske oversikter

## Bevilgningsoversikt drift etter budsjett- og regnskapsforskriften § 5-4 første ledd

	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Rammetilskudd	504 246 416	526 891 000	549 851 000
Innteks- og formuesskatt	474 997 652	482 380 000	503 920 000
Eiendomsskatt	-	-	-
Andre generelle driftsinntekter	80 506 342	61 826 900	55 362 500
Sum generelle driftsinntekter	1 059 750 410	1 071 097 900	1 109 133 500
Sum bevilgninger drift, netto	1 019 768 955	1 073 365 400	1 115 650 200
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>39 981 454</b>	<b>-2 267 500</b>	<b>-6 516 700</b>
Renteinntekter	11 335 345	8 686 900	9 556 000
Utbytter	24 956 780	26 818 000	28 710 000
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	97 804	120 000	120 000
Renteutgifter	23 363 096	26 517 400	32 456 000
Avdrag på lån	68 613 703	72 670 000	74 261 000
Netto finansutgifter	-55 586 870	-63 562 500	-68 331 000
Motpost avskrivninger	79 064 921	82 371 700	90 299 500
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>63 459 505</b>	<b>16 541 700</b>	<b>15 451 800</b>
Disponering eller dekning av netto driftsresultat			
Overføring til investering	-23 306 000	-25 742 000	-69 500 000
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	8 077 115	8 581 300	5 955 200
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-48 230 620	619 000	48 093 000
Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-63 459 505	-16 541 700	-15 451 800
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	-	-	-

## Bevilgningsoversikt drift etter budsjett- og regnskapsforskriften § 5-4 andre ledd – side1 av 2

Sentraladministrasjonen, Kirken og Ymse	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Andre overføringer og tilskudd fra staten	-	-	-
Overføringer og tilskudd fra andre	12 360 040	15 557 700	15 440 800
Brukerbetalinger	-111	-	-
Salgs- og leieinntekter	5 045 176	4 562 500	4 870 000
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>17 405 105</b>	<b>20 120 200</b>	<b>20 310 800</b>
Lønnsutgifter	49 259 462	48 713 800	48 832 600
Sosiale utgifter	-10 286 795	-9 079 900	-24 829 900
Kjøp av varer og tjenester	41 020 515	41 673 600	44 997 500
Overføringer og tilskudd til andre	21 768 091	43 558 700	43 468 400
Avskrivninger	46 309 223	49 612 300	52 166 800
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>148 070 496</b>	<b>174 478 500</b>	<b>164 635 400</b>
<b>Sum bevilgninger drift, netto</b>	<b>-130 665 391</b>	<b>-154 358 300</b>	<b>-144 324 600</b>

Opplæring og kultur	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Andre overføringer og tilskudd fra staten	-	-	-
Overføringer og tilskudd fra andre	81 068 343	50 095 600	41 829 500
Brukerbetalinger	41 165 227	42 046 900	42 417 400
Salgs- og leieinntekter	8 250 249	5 625 100	5 666 800
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>130 483 819</b>	<b>97 767 600</b>	<b>89 913 700</b>
Lønnsutgifter	356 568 541	341 168 700	347 453 000
Sosiale utgifter	101 737 733	103 041 200	106 940 700
Kjøp av varer og tjenester	89 564 636	78 313 700	85 473 400
Overføringer og tilskudd til andre	33 569 284	22 532 600	22 226 300
Avskrivninger	4 858 415	4 858 400	5 515 300
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>586 298 609</b>	<b>549 914 600</b>	<b>567 608 700</b>
<b>Sum bevilgninger drift, netto</b>	<b>-455 814 790</b>	<b>-452 147 000</b>	<b>-477 695 000</b>

## Bevilgningsoversikt drift etter budsjett- og regnskapsforskriften § 5-4 andre ledd – side 2 av 2

Helse- og sosiale saker	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Andre overføringer og tilskudd fra staten	-	-	-
Overføringer og tilskudd fra andre	125 535 501	107 491 100	112 172 100
Brukerbetalinger	36 908 887	36 525 000	37 478 000
Salgs- og leieinntekter	18 846 354	18 802 500	18 223 000
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>181 290 742</b>	<b>162 818 600</b>	<b>167 873 100</b>
Lønnsutgifter	363 080 061	379 138 000	387 556 700
Sosiale utgifter	106 653 982	109 618 200	114 981 400
Kjøp av varer og tjenester	51 422 947	45 080 600	55 414 400
Overføringer og tilskudd til andre	37 895 294	38 852 700	40 921 500
Avskrivninger	2 164 269	2 156 700	2 450 400
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>561 216 553</b>	<b>574 846 200</b>	<b>601 324 400</b>
<b>Sum bevilgninger drift, netto</b>	<b>-379 925 811</b>	<b>-412 027 600</b>	<b>-433 451 300</b>

Tekniske saker og næring	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Andre overføringer og tilskudd fra staten	-	-	-
Overføringer og tilskudd fra andre	6 192 215	4 171 700	3 842 600
Brukerbetalinger	178 710	-	-
Salgs- og leieinntekter	77 385 955	85 911 300	94 485 200
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>83 756 880</b>	<b>90 083 000</b>	<b>98 327 800</b>
Lønnsutgifter	40 264 676	40 429 300	40 769 200
Sosiale utgifter	10 904 793	12 143 000	12 188 000
Kjøp av varer og tjenester	54 557 920	62 960 900	68 729 400
Overføringer og tilskudd til andre	5 659 441	3 638 000	6 653 500
Avskrivninger	25 733 013	25 744 300	30 167 000
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>137 119 843</b>	<b>144 915 500</b>	<b>158 507 100</b>
<b>Sum bevilgninger drift, netto</b>	<b>-53 362 963</b>	<b>-54 832 500</b>	<b>-60 179 300</b>

<b>Totalsum bevilgninger drift, netto</b>	<b>-1 019 768 955</b>	<b>-1 073 365 400</b>	<b>-1 115 650 200</b>
---	-----------------------	-----------------------	-----------------------

Detaljerte oversikter fins i omtale av tenestområda tidlegare i dokumentet.

## Bevilgningsoversikt investering §5-5 første ledd

	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Investeringer i varige driftsmidler	281 823 427	188 091 800	259 338 800
Tilskudd til andres investeringer	494 291	-	-
Investeringer i aksjer og andeler i selskapet	3 745 623	4 000 000	3 785 000
Utlån av egne midler	-	-	-
Avdrag på lån	-	-	-
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>286 063 341</b>	<b>192 091 800</b>	<b>263 123 800</b>
Kompensasjon for merverdiavgift	39 277 735	20 823 900	33 995 000
Tilskudd fra andre	26 551 170	85 976 300	19 850 000
Salg av varige driftsmidler	25 388 032	32 000 000	30 000 000
Salg av finansielle anleggsmidler	-	-	-
Utdeling fra selskaper	-	-	-
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	3 785 000	3 785 000	3 785 000
Bruk av lån	129 304 602	13 150 000	128 543 800
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>224 306 539</b>	<b>155 735 200</b>	<b>216 173 800</b>
Videreutlån	4 903 000	5 000 000	5 000 000
Bruk av lån til videreutlån	4 903 000	5 000 000	5 000 000
Avdrag på lån til videreutlån	9 086 231	5 742 600	5 742 600
Mottatte avdrag på videreutlån	8 605 019	5 742 600	5 742 600
<b>Netto utgifter videreutlån</b>	<b>-481 212</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
Overføring fra drift	23 306 000	25 742 000	69 500 000
<b>Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond</b>	<b>-197 326</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
<b>Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond</b>	<b>39 129 342</b>	<b>10 614 600</b>	<b>-22 550 000</b>
Dekning av tidligere års udekket	-	-	-
<b>Sum overføring fra drift og netto avsetninger</b>	<b>62 238 016</b>	<b>36 356 600</b>	<b>46 950 000</b>
<b>Fremført til inndekning i senere år (udekket beløp)</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

Oversikt over kva investeringar som er tatt inn i budsjettforslaget fins på side 25.



## Økonomisk oversikt drift etter § 5-6

	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Rammetilskudd	504 246 416	526 891 000	549 851 000
Innteks- og formuesskatt	474 997 652	482 380 000	503 920 000
Eiendomsskatt	-	-	-
Andre skatteinntekter	-	-	-
Andre overføringer og tilskudd fra staten	80 506 342	61 826 900	55 362 500
Overføringer og tilskudd fra andre	225 156 099	177 316 100	173 285 000
Brukerbetalinger	78 252 714	78 571 900	79 895 400
Salgs- og leieinntekter	109 527 732	114 901 400	123 245 000
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>1 472 686 955</b>	<b>1 441 887 300</b>	<b>1 485 558 900</b>
Lønnsutgifter	809 172 739	809 449 800	824 611 500
Sosiale utgifter	209 009 714	215 722 500	209 280 200
Kjøp av varer og tjenester	236 566 017	228 028 800	254 614 700
Overføringer og tilskudd til andre	98 892 110	108 582 000	113 269 700
Avskrivninger	79 064 921	82 371 700	90 299 500
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>1 432 705 501</b>	<b>1 444 154 800</b>	<b>1 492 075 600</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>39 981 454</b>	<b>-2 267 500</b>	<b>-6 516 700</b>
Renteinntekter	11 335 345	8 686 900	9 556 000
Utbytter	24 956 780	26 818 000	28 710 000
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	97 804	120 000	120 000
Renteutgifter	23 363 096	26 517 400	32 456 000
Avdrag på lån	68 613 703	72 670 000	74 261 000
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>-55 586 870</b>	<b>-63 562 500</b>	<b>-68 331 000</b>
Motpost avskrivninger	79 064 921	82 371 700	90 299 500
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>63 459 505</b>	<b>16 541 700</b>	<b>15 451 800</b>
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>			
Overføring til investering	-23 306 000	-25 742 000	-69 500 000
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	8 077 115	8 581 300	5 955 200
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-48 230 620	619 000	48 093 000
Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-
<b>Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>-63 459 505</b>	<b>-16 541 700</b>	<b>-15 451 800</b>
<b>Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

# Oppgave over kommunale garantiar

OVERSIKT OVER UTVIKLING I GARANTIANSVAR (justert i samsvar med vedtaket til kommunestyret)												
Person, firma, organisasjon Kommune-/fylkeskassa	Driftsgarantiansvar pr. utgangen av år				Lånegarantiansvar pr. utgangen av år							
	Rekn. 18	BUD. 19	BUD. 20	BUD. 21	BUD. 22	BUD. 23	Rekn. 18	BUD. 19	BUD. 20	BUD. 21	BUD. 22	BUD. 23
IVAR							208 270	208 270	208 270	208 270	208 270	208 270
Dalabekk borettslag							198	138	78	18	-	-
Hå Foreldrelagsbarnehage							3 257	3 039	2 821	2 603	2 385	2 167
Barnebygg AS							3 340	3 143	2 946	2 749	2 552	2 355
Jæren Friluftsråd							1 000	900	800	700	600	500
Nye Loen							9 589	9 110	8 631	8 152	7 673	7 194
Varhaug idrettslag,spillemid.							9 702	9 702	9 702	9 702	9 702	9 702
Varhaug idrettslag							10 724	10 188	9 652	9 116	8 580	8 044
Vigrestad IK							16 000	15 464	14 928	14 392	13 856	13 320
Hå kyrkjelege fellestråd							1 878	1 755	1 632	1 509	1 386	1 263
Ogna idrettshall	330	330	330	330	330	330						
Tryggheim barnehage	180	180	180	180	180	180						
Sum garantiansvar	510	510	510	510	510	510	263 958	261 709	259 460	257 211	255 004	252 815
OVERSIKT OVER TILSKOTT TIL/FRÅ (FYLKES)KOMMUNALE BEDRIFTER OG INTER(FYLKES)KOMMUNALE SAMMENSLEUTNINGER/SELSKAPER SOM FØRER EGET REGNSKAP												
(Fylkes)kommunal bedrift/ Inter(fylkes)kommunal sammenslutning/selskap	Tilskott fra kommunekassen						Tilskott til kommunekassen					
	Rekn. 18	BUD. 19	BUD. 20	BUD. 21	BUD. 22	BUD. 23	Rekn. 18	BUD. 19	BUD. 20	BUD. 21	BUD. 22	BUD. 23
Kontrollutvalgssekretariatet	213	220	238	238	238	238						
Kommunerevisjonen	721	1 020	1 020	1 020	1 020	1 020						
Interkomm. arkiv	481	513	571	571	571	571						
Næringsmiddelktr.	579	615	616	616	616	616						
Jæren friluftsråd	259	270	270	270	270	270						
Jærmuseet + tillegg fra	298	990	1 010	1 010	1 010	1 010						
Hå Bygdemuseum	755	865	895	895	895	895						
Rogaland fylkeskommune							-	-	0	-	-	-
Sum tilskott til/fra	3 306	4 493	4 620	4 620	4 620	4 620	-	-	-	-	-	-
Med Jæren Everk er det slike relasjoner:												
Refusjon lønnskjøring	9 172	9 232	5 232	5 232	5 232	5 232	20	20	20	20	20	20
Utgifter gatelys												



